



Årsmelding 2014

Kulturrådet



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway

thing There is a Season

# Innhold

## Kulturrådet 2014

|                      |    |
|----------------------|----|
| Året i tal           | 4  |
| Fylkesvis fordeling  | 8  |
| Direktøren har ordet | 11 |

## Norsk kulturfond

|                       |    |
|-----------------------|----|
| Året i tal            | 13 |
| Fylkesvis fordeling   | 15 |
| Rådsleiaren har ordet | 18 |
| Råd og fagutval       | 19 |
| Rådsmedlemmer         | 20 |
| Fagutval              | 22 |

## Fagområder

|                             |    |
|-----------------------------|----|
| Rom for kunst               | 24 |
| Barne- og ungdomskultur     | 28 |
| Kunstløftet                 | 30 |
| Andre formål                | 32 |
| Biletkunst og kunsthåndverk | 36 |
| Musikk                      | 40 |
| Scenekunst                  | 46 |
| Fri scenekunst              | 48 |
| Basisfinansieringa          | 49 |
| Litteratur                  | 52 |
| Produksjonsstøtte           | 52 |
| Innkjøpsordninga            | 54 |
| Periodiske publikasjonar    | 54 |
| Kulturvern                  | 58 |
| Forskning og utvikling      | 62 |

## Post 74

|            |    |
|------------|----|
| Året i tal | 65 |
|------------|----|

## Fond for lyd og bilete

|                        |    |
|------------------------|----|
| Året i tal             | 69 |
| Fylkesvis fordeling    | 72 |
| Styrelsiaren har ordet | 74 |
| Styret                 | 75 |
| Fagutval               | 76 |

## Statens kunstnarstipend

|                                |    |
|--------------------------------|----|
| Året i tal                     | 81 |
| Kvotefordelinga                | 82 |
| Stipendordninga                | 84 |
| Fylkesvis fordeling av stipend | 86 |
| Garrantinntektordninga         | 87 |
| Utvalsleiaren har ordet        | 88 |
| Utvalet                        | 89 |
| Stipendkomiteane               | 90 |

## Arkiv og museum

|                  |     |
|------------------|-----|
| Året i tal       | 97  |
| Museumsutvikling | 98  |
| Arkivutvikling   | 100 |

## Den kulturelle skulesekken

|            |     |
|------------|-----|
| Året i tal | 105 |
|------------|-----|

## Fagadministra- sjonen

|                                |     |
|--------------------------------|-----|
| Kulturrådets fagadministrasjon | 109 |
| Internasjonalt kultursamarbeid | 110 |
| Digital utvikling              | 114 |
| Mangfald og inkludering        | 116 |
| Kulturnæringar                 | 118 |
| Kommunikasjon                  | 120 |
| Æresprisen                     | 122 |
| Årskonferansen                 | 123 |
| Arrangement                    | 124 |
| Leiinga                        | 126 |
| Tilsette                       | 128 |
| Administrasjonsutgifter        | 130 |

Utgitt av Kulturrådet

Redaksjon: Siri C. Brockmeier, Unn Bjørge, Janne Stang Dahl, Mari Johansen, Einar Kristian Marsøe og Harald Skeie

Omslag: Utsnitt av To Everything  
There is a Season, Vanessa Baird, 2014.  
Biletet er montert i resepsjonen til Kulturrådet.  
© Vanessa Baird / BONO 2015  
Foto: © Trond A. Isaksen / KORO

ISBN 978-82-8105-107-2 (Papir)  
ISBN 978-82-8105-108-9 (Elektronisk)

Trykk: 07 Media

Kulturrådet  
Mølleparken 2  
Postboks 8052 Dep  
N-0031 Oslo  
Tlf: +47 21 04 58 00  
post@kulturradet.no  
www.kulturradet.no



# Kulturrådet 2014

Kulturrådet har som formål å stimulere det mangfaldige kunst- og kulturuttrykket i samtida, og bidra til at kunst og kultur blir skapt, bevart, dokumentert og gjort tilgjengeleg for flest mogleg.

## Kulturrådet

- gjev tilskot til kunst og kultur
- er ein pådrivar for nye kunst- og kulturprosjekt
- driv utviklingsarbeid
- er rådgjevar for staten i kulturspørsmål

Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilete og andre statlege støtteordningar på kulturfeltet og er den viktigaste finansieringskjelda for det frie kunstfeltet. I 2014 tok Kulturrådet imot totalt meir enn 20 000 søknader, inkludert innkjøpsordningane for litteratur.

I tillegg til dei oppgåvene som er direkte knytte til tilskotsordningane, har fagadministrasjonen ei sjølvstendig fagleg rolle. Denne er først og fremst knytt til utviklings- og forvaltningsoppgåver på arkiv- og museumsfeltet.

Fagadministrasjonen er rådgjevar for Kulturdepartementet i spørsmål som gjeld arkiv- og museumspolitikk generelt og det nasjonale museumsnettverket spesielt. I statsbudsjettet for 2015 vedtok Stortinget at utviklingsoppgåver knytte til arkiv skulle overførast til Riksarkivet.

Kulturrådet har også sekretariatsansvar for Den kulturelle skulesekken og er kontakt for EUs kulturprogram, og ansvarleg som programpartner for fleire land tilknytte EØS' kulturutvekslingsfond.

Kulturrådet skal stimulere til eit nyskapande og mangfaldig kunst- og kulturliv, vere ein synleg og open aktør i samfunnsdebatten og bidra til samhandling. I denne publikasjonen finn du ei oversikt over aktivitetane og fordelinga av midlar i 2014.

## TAL PÅ SØKNADER

**20 375\***

16 778 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**4 760**

4 951 i 2013

## TAL PÅ TILSETTE

**130**

126 i 2013


## TAL PÅ OPPNEMNDE MEDLEMMER I STYRE, RÅD OG UTVAL

**279**

265 i 2013

\* Årsaka til den store auken i talet på søknader i 2014 er nytt søknadssystem. No tel ein stipendsøknader der ein før talte stipendsøkjara.

# Avsetjingar



|                                  |                  |
|----------------------------------|------------------|
| ● Norsk kulturfond               | 577 230 000 kr   |
| ● Statens kunstnarstipend        | 269 485 000 kr   |
| ● Post 74                        | 227 616 000 kr   |
| ● Fond for lyd og bilete         | 34 128 100 kr    |
| ● Arkiv og museum                | 29 288 000 kr    |
| ● Kulturnæringar                 | 4 900 000 kr     |
| ● Norsk-islandsk kultursamarbeid | 1 498 000 kr     |
| ● Totalt                         | 1 142 647 100 kr |


## Nøkkeltal 2011–2014

|                    | 2014               | 2013        | 2012      | 2011      |
|--------------------|--------------------|-------------|-----------|-----------|
| Søknader totalt    | <b>20 375</b>      | 16 778      | 17 111    | 16 472    |
| Tildelinger totalt | <b>4 760</b>       | 4 951       | 4 922     | 3 852     |
| Kulturrådet totalt | <b>1,1 mrd. kr</b> | 1,1 mrd. kr | 1 mrd. kr | 1 mrd. kr |


### Fordelt på disse avsetjingane

|                         | 2014                  | 2013           | 2012         | 2011           |
|-------------------------|-----------------------|----------------|--------------|----------------|
| Norsk kulturfond        | <b>577,2 mill. kr</b> | 578 mill. kr   | 540 mill. kr | 512 mill. kr   |
| Post 74                 | <b>227,6 mill. kr</b> | 228,7 mill. kr | 219 mill. kr | 224,3 mill. kr |
| Museum og arkiv         | <b>29,3 mill. kr</b>  | 36 mill. kr    | 36 mill. kr  | 34,2 mill. kr  |
| Fond for lyd og bilete  | <b>34,1 mill. kr</b>  | 34,5 mill. kr  | 33 mill. kr  | 32,3 mill. kr  |
| Statens kunstnarstipend | <b>269,5 mill. kr</b> | 258 mill. kr   | 247 mill. kr | 239 mill. kr   |


## NORSK KULTURFOND




## STATENS KUNSTNARSTIPEND




## POST 74



## FOND FOR LYD OG BILETE




## UTVIKLINGSMIDLAR ARKIV OG MUSEUM



# Fylkesvis fordeling av midlar

- FOND FOR LYD OG BILETE (FLB)
- UTVIKINGSMIDLAR ARKIV OG MUSEUM (POST 77)
- STATENS KUNSTNARSTIPEND (SKS)
- NORSK KULTURFOND (FONDET)
- TAL PÅ SØKNADER
- TAL PÅ TILDELINGAR





KULTURRÅDET HAR MØTE 26. MARS 1965. Frå venstre kunstnar Håkon Stenstadvold, byråsjef Ingeborg Lyche, ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen og arkitekt Torbjørn Rodahl. Foto: Leif Høel, Dagbladet. Henta frå Digitalt museum.

## Direktøren har ordet

2014 var tenkt å vere eit konsolideringsår for Kulturrådet. Etter mange år med store endringar, samanslåing, ny organisasjon, nye lokale og nytt elektronisk søknadssystem skulle vi no inn i ein meir stabil periode. No skriv vi 2015 og ser at konsolideringsåret lar vente på seg. Og kanskje er det slik framtida kjem til å vere. Kunst- og kulturlivet er i endring, så som samfunnet rundt oss.

I desember 2013 sette Kulturdepartementet ned eit utval som fekk i oppdrag å gjennomgå Norsk kulturråd. Utvalet blei bede om å beskrive organisasjonen og oppgåvene til Kulturrådet, og leggje fram forslag om eventuelle endringar.

Rapporten blei presentert før sommaren 2014, og utvalet føreslo fleire endringar som kan utvikle Kulturrådet vidare i tida som kjem.

Nokre av dei føreslegne endringane kom på plass i statsbudsjettet og i tildelingsbrevet for 2015. Andre endringar kan framleis kome. Gjennomgangen bekreftar uansett eksistensen vår, som eit viktig instrument for å utvikle kunst og kultur, i ei tid der ytringsfridomen og ytringskulturen er sett på prøve.

2014 viste tydeleg at det er behov for eit kulturråd som bidrar til å verne om desse sentrale verdiane i eit demokrati. Kunst og kultur er grunnleggjande fundament i ei tid då eksistensielle verdiar er sette på spel. Derfor meiner vi at Kulturrådet si rolle er aktualisert og bekrefta ytterlegare i 2014.

2014 har også blitt prega av at vi har arbeidd med å etablere ein balanse og ein struktur som viser at vi både handterer tilskotsforvaltning og sentrale direktoratsoppgåver. Museumsutvikling og digitale utviklingsprosjekt har blitt ein stadig viktigare del av den samla oppgåveporteføljen til Kulturrådet. Vi ser at kunst, kultur, kulturarv og digital utvikling heng saman, og har bidratt til at Kulturrådet får ei større rolle med å setje desse viktige spørsmåla i ein samanheng og i ein breiare kontekst.

I 2015 fyller Kulturrådet 50 år. Vi ser fram til eit jubileumsår med nye refleksjonar og nytt engasjement om Kulturrådet si rolle.

Anne Aasheim  
Direktør

Gjennomgangen av Kulturrådet bekreftar vår eksistens som eit viktig instrument for å utvikle kunst og kultur, i ei tid der ytringsfridomen og ytringskulturen er sett på prøve.

Anne Aasheim  
direktør



Foto: Agnethe Brun





# NORSK KULTUR- FOND

Kulturfondet skal stimulere den frie delen av kunst- og kulturlivet og betre vilkåra for kunstnarisk produksjon og formidling. Kulturrådet ser det som ei prioritert oppgåve å stimulere både til debatt og til kunstnariske initiativ, og arbeider for å styrke det offentlege medvitet og kunnskapen om kunst og kulturvern.

Stortinget løyvde 577,2 millionar kroner til Kulturfondet i 2014. Det kom inn 7 380 søknader, i tillegg blei over 1 100 boktitlar melde på til innkjøpsordningane. I løpet av året blei elektronisk søknadsforvaltning innført for dei aller fleste av støtteordningane under Kulturfondet.

Mange søkjarar har teke godt imot det elektroniske søknadssystemet, mens nokre av søkjarane har synst det er vanskeleg. Kulturrådet arbeider kontinuerleg for å forbetre systema og gjere det enklast mogleg å søkje midlar.

Norsk kulturfond blir forvalta av eit råd som er oppnemnt av regjeringa, og som er sett saman av ti rådsmedlemmer. Rådet skal arbeide for å

- styrke kunst- og kulturuttrykket i samtida
- bevare, dokumentere og formidle kulturarv
- gjere kunst og kultur tilgjengeleg for flest mogleg

| Avsetjing                   | 2014                  | 2013                  |
|-----------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Allmenne kulturformål       | 60 744 000 kr         | 69 462 000 kr         |
| Biletkunst og kunsthandverk | 44 519 000 kr         | 33 852 000 kr         |
| Musikk                      | 177 397 000 kr        | 187 546 000 kr        |
| Scenekunst                  | 130 018 000 kr        | 112 593 000 kr        |
| Litteratur                  | 154 952 000 kr        | 164 316 000 kr        |
| Kulturvern                  | 9 600 000 kr          | 10 224 000 kr         |
| <b>Totalt</b>               | <b>577 230 000 kr</b> | <b>577 993 000 kr</b> |

#### AVSETJING

**577,2** mill. kr

578 mill. kr i 2013

#### SAMLA SØKNADSSUM

**1,6** mrd. kr

1,6 mrd. kr i 2013

#### TAL PÅ SØKNADER

**7 380\***

7 548 i 2013

#### TAL PÅ TILDELINGAR

**2 443\***

2 678 i 2013

#### TAL PÅ OPPNEMNDE MEDLEMMER I RÅD OG UTVAL

**136**

115 i 2013

\* ekskl. innkjøpsordninga for litteratur

HUNDRE HEMMELIGHETER. Framsyning av Cirka Teater som får fleirårig støtte frå Kulturfondet.  
Foto: Cirka Teater.


● 2014  
● 2013

| Område                                 | Avsetjing i kr            | Søknader      | Tildelingar   | Samla søknadssum i kr         |
|--|---------------------------|---------------|---------------|-------------------------------|
| Allmenne kulturformål                  | 69 758 000 (69 462 000)   |               |               |                               |
| Rom for kunst                          | 22 490 000 (19 590 000)   | 138 (101)     | 57 (34)       | 122 119 421 (73 271 000)      |
| Barne- og ungdoms-kultur               | 21 317 000 (16 945 000)   | 529 (512)     | 130 (140)     | 85 471 000 (94 393 398)       |
| Andre formål                           | 7 790 000 (7 380 000)     | 232 (93)      | 28 (134)      | 43 158 920 (24 017 000)       |
| Andre formål, overførte tiltak         | 6 662 000 (23 087 000)    |               |               |                               |
| Forskning og utvikling                 | 2 485 000 (2 460 000)     |               |               |                               |
| Biletkunst og kunsthand- verk          | 44 519 000 (33 852 000)   | 1 274 (1 266) | 330 (296)     | 195 103 309 (185 752 000)     |
| Musikk                                 | 177 397 000 (186 800 000) | 3 213 (3 763) | 1 140 (1 442) | 496 895 000 (601 492 285)     |
| Scenekunst                             | 130 019 000 (112 593 000) | 1 181 (1 084) | 342 (253)     | 533 607 317 (493 596 797)     |
| Litteratur                             | 154 952 000 (164 316 000) |               |               |                               |
| Litteratur ekskl. innkjøp              | 16 150 000 (18 700 000)   | 464 (355)     | 253 (287)     | 42 521 168 (34 686 735)       |
| Innkjøpsordningane*                    | 115 686 000 (121 000 000) | 1 160 (1 122) | 601 (621)     |                               |
| Tidsskrift og periodiske publikasjonar | 23 116 000 (24 616 000)   | 91 (89)       | 73 (75)       | 43 175 400 (47 608 085)       |
| Kulturvern                             | 9 600 000 (10 224 000)    | 258 (285)     | 90 (86)       | 52 973 000 (67 900 000)       |
| Sum inkl. innkjøpte bøker              | 577 230 000 (577 247 000) | 8 540 (8 670) | 3 044 (3 259) |                               |
| Sum ekskl. innkjøpte bøker             | 461 544 000 (456 247 000) | 7 380         | 2 443         | 1 615 024 535 (1 622 717 300) |

Kulturrådet fekk i 2014 fullmakt til å omdisponere mellom kapitla i Kulturfondet. Avsetjingane vil derfor vere noko endra samanlikna med tala frå 2013.  
\* Tal i kolonner for søknader og tildelingar gjeld påmeldingar og innkjøp for innkjøpsordningane per 15. april 2015.

## Utvikling av Kulturfondet 2004–2014


ekskl. innkjøpsordningane for litteratur



# Fylkesvis fordeling av midlar

● TAL PÅ SØKNADER  
● TAL PÅ TILDELINGAR

Fordelinga er ekskl. innkjøpsordninga for litteratur.





Søknadssum og tildelingssum fordelt på fylke 2014

| Fylke            | Søknadssum i kr | Tildelingssum i kr | Forhold i prosent |
|------------------|-----------------|--------------------|-------------------|
| Akershus         | 110 006 701     | 29 559 700         | 26,9              |
| Aust-Agder       | 12 005 091      | 3 110 000          | 25,9              |
| Buskerud         | 37 802 658      | 7 635 000          | 20,2              |
| Finnmark         | 41 138 234      | 14 287 940         | 34,7              |
| Hedmark          | 15 900 463      | 2 860 000          | 18,0              |
| Hordaland        | 184 176 614     | 51 542 000         | 28,0              |
| Møre og Romsdal  | 21 148 221      | 3 347 000          | 15,8              |
| Nordland         | 76 921 948      | 10 409 000         | 13,5              |
| Nord-Trøndelag   | 23 927 074      | 4 500 000          | 18,8              |
| Oppland          | 32 102 766      | 6 367 000          | 19,8              |
| Oslo             | 658 266 739     | 220 023 525        | 33,4              |
| Rogaland         | 55 132 547      | 14 360 500         | 26,0              |
| Sogn og Fjordane | 18 415 016      | 5 702 000          | 31,0              |
| Svalbard*        | 316 000         | 200 000            | 63,3              |
| Sør-Trøndelag    | 135 618 676     | 31 823 500         | 23,5              |
| Telemark         | 36 486 433      | 6 752 000          | 18,5              |
| Troms            | 49 396 483      | 12 164 400         | 24,6              |
| Vest-Agder       | 46 097 392      | 7 964 200          | 17,3              |
| Vestfold         | 55 718 573      | 3 654 000          | 6,6               |
| Østfold          | 45 310 243      | 5 769 000          | 12,7              |
| Utlandet*        | 11 786 949      | 3 228 000          | 27,4              |

Søknadssum og tildelingssum fordelt på fylke – gjennomsnitt 2010–2014

| Fylke            | Søknadssum i kr | Tildelingssum i kr | Forhold i prosent |
|------------------|-----------------|--------------------|-------------------|
| Akershus         | 96 124 555      | 18 524 707         | 19,3              |
| Aust-Agder       | 11 133 981      | 2 415 586          | 21,7              |
| Buskerud         | 32 391 913      | 7 298 216          | 22,5              |
| Finnmark         | 34 239 744      | 9 479 348          | 27,7              |
| Hedmark          | 15 717 364      | 2 208 800          | 14,1              |
| Hordaland        | 179 867 454     | 41 936 680         | 23,3              |
| Møre og Romsdal  | 16 447 086      | 2 625 800          | 16,0              |
| Nordland         | 66 179 418      | 15 931 043         | 24,1              |
| Nord-Trøndelag   | 16 059 351      | 3 472 825          | 21,6              |
| Oppland          | 27 570 411      | 5 448 034          | 19,8              |
| Oslo             | 706 638 147     | 182 842 905        | 25,9              |
| Rogaland         | 61 127 312      | 15 232 100         | 24,9              |
| Sogn og Fjordane | 14 313 627      | 3 413 000          | 23,8              |
| Svalbard *       | 316 000         | 200 000            | 63,3              |
| Sør-Trøndelag    | 100 696 663     | 21 729 938         | 21,6              |
| Telemark         | 32 780 276      | 6 108 863          | 18,6              |
| Troms            | 44 375 476      | 10 377 410         | 23,4              |
| Vest-Agder       | 29 551 343      | 5 771 660          | 19,5              |
| Vestfold         | 43 673 328      | 6 481 220          | 14,8              |
| Østfold          | 41 316 587      | 5 620 514          | 13,6              |
| Utlandet*        | 11 786 949      | 3 228 000          | 27,4              |

\* På grunn av innføring av nytt søknadssystem kjem no Svalbard og utlandet med som egne kategoriar under fylkesfordelinga.

Tal på søknader og tildelingar fordelt på fylke 2014

| Fylke            | Tal på søknader | Tal på tildelingar | Forhold i prosent |
|------------------|-----------------|--------------------|-------------------|
| Akershus         | 477             | 139                | 29,1              |
| Aust-Agder       | 76              | 20                 | 26,3              |
| Buskerud         | 190             | 57                 | 30,0              |
| Finnmark         | 120             | 45                 | 37,5              |
| Hedmark          | 119             | 32                 | 26,9              |
| Hordaland        | 819             | 263                | 32,1              |
| Møre og Romsdal  | 136             | 39                 | 28,7              |
| Nordland         | 233             | 77                 | 33,0              |
| Nord-Trøndelag   | 90              | 19                 | 21,1              |
| Oppland          | 144             | 44                 | 30,1              |
| Oslo             | 2 985           | 1 032              | 34,6              |
| Rogaland         | 234             | 71                 | 30,3              |
| Sogn og Fjordane | 122             | 42                 | 34,4              |
| Svalbard*        | 2               | 1                  | 50,0              |
| Sør-Trøndelag    | 440             | 158                | 35,9              |
| Telemark         | 224             | 62                 | 27,7              |
| Troms            | 271             | 82                 | 30,3              |
| Vest-Agder       | 146             | 39                 | 26,7              |
| Vestfold         | 146             | 39                 | 26,7              |
| Østfold          | 207             | 60                 | 29,0              |
| Utlandet*        | 102             | 30                 | 29,4              |

Tal på søknader og tildelingar fordelt på fylke – gjennomsnitt 2010–2014

| Fylke            | Tal på søknader | Tal på tildelingar | Forhold i prosent |
|------------------|-----------------|--------------------|-------------------|
| Akershus         | 447             | 131                | 29,3              |
| Aust-Agder       | 75              | 28                 | 37,3              |
| Buskerud         | 170             | 65                 | 38,2              |
| Finnmark         | 98              | 39                 | 39,8              |
| Hedmark          | 115             | 37                 | 32,2              |
| Hordaland        | 747             | 285                | 38,2              |
| Møre og Romsdal  | 109             | 34                 | 31,2              |
| Nordland         | 214             | 90                 | 36,0              |
| Nord-Trøndelag   | 105             | 25                 | 36,2              |
| Oppland          | 157             | 53                 | 33,8              |
| Oslo             | 2 949           | 1 119              | 37,9              |
| Rogaland         | 271             | 97                 | 35,8              |
| Sogn og Fjordane | 98              | 41                 | 41,8              |
| Svalbard*        | 0               | 1                  | 50,0              |
| Sør-Trøndelag    | 409             | 152                | 37,2              |
| Telemark         | 174             | 61                 | 35,1              |
| Troms            | 221             | 85                 | 38,5              |
| Vest-Agder       | 136             | 48                 | 35,3              |
| Vestfold         | 146             | 38                 | 26,0              |
| Østfold          | 171             | 49                 | 28,7              |
| Utlandet*        | 102             | 30                 | 29,4              |

## Rådsleiaren har ordet

Årsmeldinga frå Kulturrådet vitnar om stor aktivitet på alle kunstområde. I 2014 valde rådet å prioritere arrangør- og arena-utvikling på ulike kunstområde, mellom anna gjennom å etablere ei forsøksordning for gjesteopphaldsstøtte. Vi starta også eit omfattande arbeid for å gjennomgå alle litteraturordningane. Dette gjeld også innkjøp av e-bøker, ny fordelingsnøkkel for distribusjon av bøker til bibliotek, forenkla betalingsmodell, tydeleggjering av kvalitetskrav og avvikling av ankenemnder. Siktemålet er å revitalisere innkjøpsordningane og sikre ordningane som eit relevant og viktig litteraturpolitisk tiltak også i framtida.

I 2014 blei den samla verksemda til Kulturrådet gjennomgått. Fleire av forslaga i denne rapporten er identiske med forslag rådet sjølv har kome med. Ved inngangen til 2015 er mellom

anna poststrukturen endra, og vi har fått høve til å sjå dei ulike støtteordningane i ein større samanheng. Dette er avgjerande fordi Kulturrådet sitt arbeid inngår i eit større økosystem der kunstnarar, kulturaktørar, organisasjonar, forskingsmiljø, politikarar og offentleg forvaltning på statleg, regionalt og kommunalt nivå, sivilsamfunnet, utdanningssektoren, media og privat sektor er med på å påverke utviklinga.

I møte med andre synsvinklar og interesser skal Kulturrådet vere ein tydeleg talsmann for eit kunst- og kulturfagleg perspektiv. Åleine og i samspel med andre aktørar og nivå skal vi bidra til at kunst og kultur blir skapt, bevart, dokumentert og gjord tilgjengeleg for flest mogleg. Samtidig har rådet eit særleg ansvar for å stimulere mangfaldet av uttrykk i samtida.

Yngve Slettholm  
rådsleiar

**Kulturrådets arbeid inngår i eit større økosystem der kunstnarar, kulturaktørar, organisasjonar, forskingsmiljø, politikarar og offentleg forvaltning er med på å påverke utviklinga.**

Yngve Slettholm  
rådsleiar



Foto: Ilja Hendel

## Råd og fagutval



Frå venstre: Geir Haraldseth, Arnfinn Bjerkestrand, Iren Reppen, Marianne A. Olsen, Anne Oterholm, Yngve Slettholm (rådsleiar), Anne Marit Noraker, Arne Fagerholt og Soon-Mi Chung. Asta Busingye Lydersen var ikkje til stades då bilete blei teke.  
Foto: Ilja Hendel

Rådet blir oppnemnt av Kulturdepartementet for fire år om gongen og har ti medlemmer. Oppnemninga er rullerande, slik at halvparten av rådet blir oppnemnt annakvart år. Rådsmedlemmene er uavhengige og representerer ikkje organisasjonar eller institusjonar. Dei skal arbeide ut ifrå prinsippet om ei armlengds avstand både frå politiske styresmakter og ulike interesser. Tildelingane i Norsk kulturfond skal skje berre på grunnlag av kunst- og kulturfagleg kompetanse, uavhengig av politiske eller andre omsyn, men mangfald og geografisk spreing inngår i den totale vurderinga.

Under rådet er det 29 fagutval (3–6 medlemmer) med til saman 126 medlemmer. Alle er oppnemnde ut frå fagkompetanse. Samtidig skal samansetninga av utvala mellom anna ta omsyn til kjønnsmessig likevekt, geografisk spreing og ulike kunstsyn.

Søknadene blir handsama i ein totrinns prosess. Sakshandsamarane i Kulturrådet gjev i trinn ein ei fagleg tilråding til handsaminga i fagutvala. I trinn to vurderer fagutvalet kvar enkelt søknad og den samla søknadsmengda og vedtek avslag og løyvingar. Ved dissens, i større saker, i saker som blir handsama i fleire fagutval og i saker som har prinsipielle sider, lagar fagutvala ei tilråding for endeleg handsaming i rådet. Rådet handsamar saker av stor økonomisk eller prinsipiell verdi, og kan gjere endringar i utvala sine vedtak, men berre til fordel for søkjaren.

## Rådsmedlemmer 2014

**Yngve Slettholm** (f. 1955),  
*Rådsleiar*  
Slettholm er komponist og har sidan 2006 vore administrerande direktør i Kopinor. Han er busett i Oslo.

**Asta Busingye Lydersen** (f. 1970),  
*1. nestleiar*  
Lydersen har bakgrunn som skodespelar, songar og journalist. Ho er medlem av artistkollektivet Queendom. Ho er busett i Oslo.

**Arnfinn Bjerkestrand** (f. 1960),  
*2. nestleiar*  
Bjerkestrand er musikal. Han har vore forbundsleiar i Musikernes fellesorganisasjon og har verv i fleire utval og styre. Bjerkestrand er busett i Oslo.

**Soon-Mi Chung** (f. 1952)  
Chung er musikal og pedagog ved Barratt Due musikk institutt. Ho er busett i Oslo.

**Arne Fagerholt** (f. 1964)  
Fagerholt er utdanna ballettdansar og koreograf og er no tilsett som kulturleiar i Orkdal kommune. Han er busett i Orkdal.

**Geir Haraldseth** (f. 1977)  
Haraldseth er kurator og skribent. Han er leiar ved Rogaland Kunstsenter. Han er busett i Stavanger.

**Anne Marit Noraker** (f. 1971)  
Noraker er direktør. Ho har leia Valdresmusea sidan 2011. Ho er busett i Fagernes

**Marianne A. Olsen** (f. 1966)  
Olsen er historikar og har vore tilsett som konservator ved Perspektivet Museum i Tromsø sidan 1997. Olsen er busett i Tromsø.

**Anne Oterholm** (f. 1964)  
Oterholm er forfattar. For tida er ho leiar for Forfattarstudiet ved Universitetet i Tromsø. Ho er busett i Oslo.

**Iren Reppen** (f. 1965)  
Reppen er skodespelar ved Det Norske Teatret og kunstnarisk leiar for Peer Gynt AS på Vinstra. Reppen er busett i Oslo.

### VARAMEDLEMMER

**Svein Åge Birkeland** (f. 1960)  
Birkeland er leiar av BIT Teatergarasjen, dansebiennalen Oktoberdans og teaterbiennalen Meteor. Han er busett i Bergen.

**Kirsti Mathiesen Hjemdahl** (f. 1967)  
Hjemdahl er seniorforskar og forretningsutviklar ved Agderforskning. Ho er leiar for bransjerådet for kulturnæringane, som er oppnemnt av Kulturdepartementet. Ho bur i Kristiansand.

**Roy Høibo** (f. 1948)  
Høibo er magister i etnologi med støttefaga historie og norsk. Han er avtroppande direktør ved Ryfylkemuseet. Han er busett i Suldal kommune.

**Luba Kuzovnikova** (f. 1976)  
Kuzovnikova er kunstnarisk leiar i Pikene på broen og leiar av festivalen Barents Spektakel. Ho er busett i Kirkenes.

**Geir Harald Samuelsen** (f. 1969)  
Samuelsen er biletkunstnar og har delteke på kunstscenen som utstillar, skribent og lærar. Samuelsen er busett i Oslo.



LYSGRAFITTI. Marit Silsand fekk 60 000 kr i prosjektstøtte frå Kunstløftet.



## Fagutval

### ALLMENNE KULTURFORMÅL

#### Faglig utval for rom for kunst og andre formål

Marianne A. Olsen (leiar) (f. 1966) Troms  
Hilde Mehti (f. 1970) Finnmark  
Hallfrid Velure (f. 1971) Oppland  
Yngvar Julin (f. 1955), Oslo  
Omar Guiderk (f. 1973) Vestfold  
Henning H. Bergsvåg (f. 1974), Bergen

#### Forsknings- og utviklingsutvalget

Jorunn Veiteberg (leiar) (f. 1955) Hordaland og København  
Trine Bille (f. 1964), Danmark  
Knut Ove Eliassen. f. 1959, Sør-Trøndelag  
Jan Fredrik Hovden (f. 1969) Hordaland  
Brita Brenna (f. 1963) Oslo  
Svein Bjørkås (f. 1953) Akershus

#### Faglig utval for barne- og ungdomskultur

Asta Busingye Lydersen (leiar) (f. 1970), Oslo  
Jørgen Knudsen (f. 1961), Hordaland/Finnmark  
Hilde Hagerup (f. 1976), Akershus  
Boel Christensen-Scheel (f. 1978), Oslo  
Amund Sjølie Sveen (f. 1973), Oslo  
Lars Cuzner (f. 1974), Oslo

### VISUELL KUNST

#### Faglig utval for biletkunst og kunsthåndverk

Geir Harald Samuelsen (leiar) (f. 1969), Oslo  
Geir Haraldseth, rådsmedlem, (f. 1977) Rogaland  
Eva Rem Hansen (f. 1983), Sør-Trøndelag  
Morten Torgersrud (f. 1971) Finnmark/Stockholm  
Heidi Bjørgan (f. 1970), Hordaland  
Hanne Mugaas (f. 1980), Rogaland/  
New York

#### Underutvalg for kunst og ny teknologi

Hans Christian Gilje (leiar) (f. 1969), Oslo  
Hans Kristian Rustad (f. 1973), Hedmark.  
Vibeke Jensen (f. 1962), Trondheim/  
New York/Bergen  
Lasse Marhaug (f.1974) Oslo.  
Jørgen Knudsen (f. 1960) Bergen/  
Hammerfest

### MUSIKK

#### Musikkutvalg for arrangørstøtte

Arnfinn Bjerkestrand (leiar) (f. 1960) Oslo  
Kjersti Vikør (f.1978) Bergen/Tromsø  
Håvard Lund (f. 1970) Troms  
Therese Birkelund Ulvo, (f. 1982) Hedmark  
Sigbjørn Apeland (f. 1966), Hordaland  
Christina Hætta (f. 1983), Kautokeino/Oslo

#### Musikkutvalg for utøver- og produksjonsstøtte

Malika Makouf Rasmussen (leiar) (f. 1965), Paris  
Arnfinn Bjerkestrand (f. 1960), Oslo  
Bjørn Andor Drage (f. 1959), Nordland  
Ragnhild Furebotten (f. 1979), Finnmark  
Trude Storheim (f. 1972), Hordaland  
Jarle Savio (f. 1969), Oslo

#### Musikkutvalg for innspillings- og produksjonsstøtte

Soon Mi Chung (leiar) (f 1952) Oslo  
Martin Eia-Revheim (f.1973) Oslo  
Annbjørg Lien (f.1971), Vest-Agder  
Kåre Vestrheim (f. 1969) Oslo  
Andreas Risanger Meland (f. 1979) Rogaland  
Jon Øyvind Ness (f 1968) Oslo

### LITTERATUR

#### Faglig utval for litteratur

Anne Oterholm (leiar) (f. 1965), Oslo  
Marit Egaas (f. 1956), Rogaland  
Janneken Øverland (f. 1946), Oslo  
Geir Hjorthol (f. 1952), Møre og Romsdal  
Terje Thorsen (f. 1965), Oslo  
Eivor Vindenes (f. 1971), Oslo

#### Faglig utval for periodiske publikasjoner

Helge Rønning (leiar) (f. 1943), Oslo  
Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (f. 1975), Volda  
Eirik Vassenden (f. 1971), Bergen  
Kathrine Aspaas (f. 1967), Oslo  
Peter Normann Waage (f. 1953), Oslo

#### Vurderingsutval for teikneseriar

Eivor Vindenes (leiar) (f. 1971), Oslo  
Marius Renberg (f. 1965) Oslo  
Siri Odfjell Risdal (f. 1978) Rogaland

#### Vurderingsutvalet for biletbøker for barn og unge

Terje Thorsen (leiar) (f. 1965), Oslo.  
Lars Elling (f. 1966), Oslo  
Hanne Kiil (f. 1952), Oslo

#### Vurderingsutval for omsett litteratur

Ingvild Folkvord (f. 1965), Trondheim  
Steinar Lone (f. 1955), Fredrikstad  
Rannveig Kvanum (f. 1969), Asker  
Vara: Susanna Skurdal (f. 1957), Bærum

#### Vurderingsutval for ny norsk sakprosa for barn og unge

Tor Edvin Strøm (f. 1973), Oslo  
Vara: Hilde Hodnefjeld (f. 1966), Oslo  
Den norske Forleggerforening:  
Anne Stefi Teigland (f. 1962), Bergen  
Vara: Widar Aspeli (f. 1956), Hamar  
Nina Goga (f. 1969), Bergen  
Vara: Jon Severud (f. 1951), Bergen

#### Vurderingsutval for skjønnlitteratur for barn og unge

Tonje Helene Farset Eliassen (f. 1970), Narvik  
Torill Hofmo (f. 1944), Oslo  
Tor Fretheim, (f. 1946), Oslo  
Stig Elvis Furset (vara) (f. 1967), Drammen  
Linn T. Sunne (vara) (f. 1971), Dokka  
Andrine Pollen (vara) (f. 1968), Moss

#### Vurderingsutval for sakprosa

Marius Wulfsberg (f. 1966), Oslo  
Kjell Lars Berge (f. 1957), Oslo  
Sissel Merete Berge (f. 1959), Trondheim  
Ida Berntsen (f. 1974), Oslo  
Arnhild Skre (f. 1952), Ytre Enebakk  
Olav Hamran (vara) (f. 1966), Oslo  
Grethe Fatima Syed (vara) (f. 1968), Bergen

#### Vurderingsutval for dramatikk i bokform

IdaLou Larsen (f. 1935), Oslo  
Ulf Breistrand (f. 1950), Oslo  
Bjarne Markussen (f. 1965), Kristiansand  
Alf Kjetil Walgermo (*filmmanus*) (f. 1977), Oslo  
Ragnhild Lund (vara) (f. 1973), Nesoddtangen  
Amund Grimstad (vara) (f. 1952), Trondheim  
Unni Langås (vara) (f. 1957), Kristiansand

#### Vurderingsutval for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne, prosa

Thor Arne Sæterholen (f. 1968), Oslo  
Atle Næss (f. 1951), Ski  
Birgit Bjerck (f. 1947), Oslo  
Hans H. Skei (vara) (f. 1945), Oslo  
Elin Nesje Vestli (vara), Gamle Fredrikstad  
Kirsti Blom (vara) (f. 1953), Oslo

#### Vurderingsutval for norsk skjønnlitteratur for vaksne, lyrikk

Ole Karlsen (f. 1954), Løten  
Mariann Enge (f. 1971), Oslo  
Hanne Bramness (f. 1959), Sunde i Sunnhordaland  
Thorstein Norheim (vara) (f. 1970), Oslo  
Frode Helmich Pedersen (vara) (f. 1976), Bergen  
Øyvind Rimbereid (vara) (f. 1966), Stavanger

#### Ankenemda for dramatikk i bokform

Cecilia Ölveczy, Østerås  
Kristin E. Bjørn (f. 1965), Tromsø  
Ingvild Bræin (f. 1974), Bergen  
Dag Sødtholt (f. 1958), Oslo

#### Ankenemda for skjønnlitteratur for vaksne

Morten Harry Olsen (f. 1960), Oslo  
Arve Kleiva (f. 1960), Oslo  
Kari Bøge (f. 1950), Hyggen  
Kaja Schjerven Mollerin (f. 1980), Oslo  
Jørgen M. Sejersted (f. 1967), Bergen

#### Ankenemda for skjønnlitteratur for barn og unge

Turid Barth Pettersen (f. 1950), Oslo  
Vibeke Røgløer (f. 1972), Skotbu  
Bjørn Ivar Fyksen (f. 1978), Oslo  
Svein Slettan (f. 1962), Kristiansand  
Atle Hansen (f. 1954), Stord

### SCENEKUNST

#### Faglig utval for teater

Iren Reppen (leiar) (f. 1965), Oslo  
Silje Engeness (f. 1975), Sør-Trøndelag  
Thorbjørn Gabrielsen (f. 1959), Nordland  
Fredrik Hannestad (f. 1967) Oslo  
Torkil Sandsund (f. 1977), Sogn og Fjordane  
Hilde Andersen (f. 1951) Oslo

#### Faglig utval for dans

Arne Fagerholt (leiar) (f. 1964), Sør-Trøndelag  
Henriette Pedersen (f. 1972) Oslo  
Torunn Robstad (f. 1966) Akershus  
Lars Jacob Holm (f. 1969) Oslo

#### Faglig utval for scenekunst

Snelle Ingrid Hall (leiar) (f. 1969) Oslo  
Arne Fagerholt (f. 1964), Sør-Trøndelag  
Kristin E. Bjørn (f. 1965) Tromsø  
Harry Guttormsen (f. 1955) Østfold  
Zeze Kolstad (f. 1978) Oslo  
Per Platou (f. 1964) Oslo

### KULTURVERN

#### Faglig utval for kulturvern

Anne Marit Noraker (leiar) (f. 1971), Oppland  
Sigurd Sandmo (f. 1971), Hordaland  
Marit Hosar (f. 1953), Oppland  
Petter von Krogh (f. 1979), Buskerud  
Nefise Øzkal-Lorentzen (f. 1964), Akershus  
Anne Karen Hætta (f. 1984), Finnmark

## Rom for kunst

Den overordna målsetjinga for Kulturrådet innanfor avsetjinga til kulturbygg er å utvikle kunstens rolle og rom i offentlegheita. I 2014 har rådet sett det som ei prioritert oppgåve å imøtekomme behov for produksjons- og formidlingsarenaer for samtidskunsten, og det er gjeve tilskot til forprosjekt, bygg, etablering av nye arenaer, ombygging og oppgradering av eksisterande arenaer, og dessutan til fagleg utvikling av arenaer. I vurderingane av prosjekta har kunstnarisk og kulturfagleg innhald og kvalitet vore sterkt vektlagde. Andre viktige perspektiv er gjennomførings- evne, lokal/regional forankring og forankring i kunstmiljøa.

Ein stor del av søknadene til Rom for kunst er innanfor visuell kunst, der mange arenaer har etablert profesjonell kunstfagleg leiing og kuratorisk visingspraksis. Rom for kunst har støtta fleire av desse, mellom anna ved å gje toårig arenaviklingstilskot til Kristiansand Kunsthall og Rogaland kunstsenter i Stavanger, og ved å gje tilskot til oppgradering og ombygging av lokale hos Samisk senter for samtidskunst i Karasjok, Kunsthall Trondheim og Østfold kunstner-senter i Fredrikstad.

Innanfor scenekunstrområdet ser ein særleg behov for å sikre og utvikle attraktive prøvelokale og programmerande scenar for dans

og teater. I 2014 er det mellom anna gjeve støtte til investering i lydutstyr på Cornerteateret i Bergen, til oppgradering av lokale hos Det Andre Teatret i Oslo, til oppgradering av produksjons- og visingslokale for dans ved Studio Vulkan i Oslo, og til dansekompaniet FRIKARs utbygging av gamle Aurdal skole i Valdres som møtestad for nasjonal og internasjonal danse- og scenekunst og musikk.

På litteraturfeltet er arenaer for kunstformidling i utvikling, både i biblioteka og på arenaer som festivalar og litteraturhus. Kulturrådet har i 2014 mellom anna gjeve tilskot til oppgradering av lokale for formidling av profesjonell kunst hos Deichmann på Grünerløkka i Oslo og til oppgraderingar av lokala til House of Foundation i Moss.

I 2011 utlyste Rom for kunst saman med Kunstløftet ein Idékonkurranse våren 2011: Kunstarena for eit ungt publikum. Fem vinnarar blei kåra. Prosjektet «Ambassade for Kjørtanistan» var ein av desse, og i 2014 blei det løyvd ein million kroner frå Rom for kunst for å realisere prosjektet.

Les meir:

[www.kulturradet.no/rom-for-kunst](http://www.kulturradet.no/rom-for-kunst)

[www.kulturradet.no/tildelings-lister](http://www.kulturradet.no/tildelings-lister)

### Forsøksordning for gjesteopphaldsstøtte


Rådet vedtok i 2013 å setje av til saman kr 8 mill. i 2014-2015 frå avsetjingane til Rom for kunst og andre formål til å etablere ei forsøksordning for gjesteopphaldsstøtte. Det kom inn 32 søknader til første søknadsfrist 1. september 2014, og 8 arenaer innanfor ulike sjangrar blei tildelte støtte. Blant mottakarane er Det andre teatret i Oslo, som har fått tilskot til å invitere fire utøvarar frå Rapid Fire Theatre (Canada) til Oslo for å jobbe med stadspesifikt teater. Vidare har foreininga ArtiJuli på Senja motteke tilskot til gjesteopphald med fleire kunstnarar, både norske og internasjonale, som eit ledd i utvikling av kunstarenaen på Kråkeslottet på Senja. I vurderinga av søknadene er det lagt vekt på at gjesteopphald skal bidra til å styrke og utvikle innhald og kunstfagleg formidlingskompetanse ved arenaen, for eksempel gjennom kuratering, program og programsamarbeid, og/eller samarbeid med lokale kunstnarar eller aktørar. Det har også blitt lagt vekt på element som internasjonalt samarbeid og utveksling av kunstfagleg kompetanse i Noreg.

| Avsetjing     | 2014          | 2013          |
|---------------|---------------|---------------|
| Rom for kunst | 22 490 000 kr | 19 590 000 kr |

### Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År   | Søknadssum     | Avsetjing     | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|------|----------------|---------------|--|
| 2010 | 70 957 277 kr  | 18 185 000 kr | 25,6 %                                 |
| 2011 | 111 837 885 kr | 18 790 000 kr | 16,8 %                                 |
| 2012 | 75 512 388 kr  | 19 373 000 kr | 25,7 %                                 |
| 2013 | 73 271 000 kr  | 19 590 000 kr | 26,7 %                                 |
| 2014 | 122 119 421 kr | 22 490 000 kr | 18,4 %                                 |

### Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014



### AVSETJING

**22,5** mill. kr

19,6 mill. kr i 2013

### SAMLA SØKNADSSUM

**122** mill. kr

73 mill. kr i 2013

### TAL PÅ SØKNADER

**138**

101 i 2013

### TAL PÅ TILDELINGAR

**57**

34 i 2013

### TILDELINGAR



138 søknader  
57 tildelingar

### SØKNADSSUM



122,1 mill. kr i søknadssum  
22,5 mill. kr i avsetjing





01



02

01 KRISTIANSAND KUNSTHALL fekk 500 000 kroner til arenautvikling i 2014 og 500 000 kroner i 2015. Her frå ei utstilling med Marius Martinussen i 2013. Foto: Frå Marius Martinussen sin nettside.

02 STATEN KJARTANISTAN. Naustdal kommune har fått 1 million kroner i støtte for å bygge ein ambassade for staten Kjartanistan, i Kjartan Slettemarks ånd. Her frå utstillingsplassen — for bildyr, husdyr og menneskedyr. Illustrasjon: Bjørn-Arne Vollstad og Andreas Fadum Haugstad.



03



04

03 KRÅKESLOTTET PÅ SENJA. Tildelt støtte til gjesteopphald for kunstnarar. Pål Moddi Knutsen fekk 50 000 kr til turnévirksomhet og konsertproduksjon. Foto: Kråkeslottet Senja

04 LEVELD KUNSTNARTUN. Multifunksjonshuset Låven i Ål i Hallingdal/Buskerud fekk 70 000 kr. frå støtteordningen for rom for kunst. Foto: Leveld Kunstnartun.



# Barne- og ungdomskultur

Norsk kulturråds arbeid på barne- og ungdomskulturområdet bygger på ein visjon om at alle barn og unge i Noreg skal få oppleve nyskapande og engasjerande kunst og kultur av høg kvalitet. Erfaring viser at viss visjonen skal innfriast, må Kulturrådet vere aktivt når det gjeld å stimulere og ta initiativ til forsøks- og utviklingsprosjekt. Ein viktig del av Kulturrådet sitt arbeid på området barne- og ungdomskultur i 2014 har derfor vore å arbeide vidare med den fleirårige satsinga *Kunstløftet*, som starta opp i 2008.

Avsetjinga har sidan den gongen vorte delt opp i to støtteordningar, prosjektstøtte til barne- og ungdomskultur og Kunstløftet. Midlane skal gå til tiltak for barn og unge i alderen 0 til 25 år. I samsvar med strategiplanen for perioden 2011–2014 er det i handsaminga av søknader på begge støtteordningane blitt prioritert tiltak av høg kvalitet der profesjonelle kunstnarar er med, prosjekt som tek vare på barn og unge sine egne ytringar, leia av profesjonelle kunstnarar, og prosjekt som er med på å utvikle nye arenaer, møteplassar og formidlingsformer for barn

og unge. Det har også blitt gjeve prioritet til tiltak som bidrar til å fremje eit språkleg og kulturelt mangfald på området barne- og ungdomskultur, og tiltak som bidrar til at norsk språk blir stimulert og vidareutvikla gjennom engasjerande prosjekt.

Prosjektstøtteordninga for barne- og ungdomskultur handsamar søknader om støtte til formidlingstiltak, verkstadprosjekt og prosjekt der barn og unge er med som sentrale utøvarar.

Kulturrådet har i 2014 motteke til saman 529 søknader på området barne- og ungdomskultur. Ser ein på tala frå dei siste åra, blir det tydeleg at talet på søknader er jamt stigande. Sidan 2007 er talet meir enn fordobla. Auken kan i hovudsak forklarast med det aktive arbeidet knytt til *Kunstløftet*. Dette arbeidet gjev utslag i betre og fleire søknader til begge støtteordningane under avsetjinga.

Les meir:

[www.kulturradet.no/barn-og-unge](http://www.kulturradet.no/barn-og-unge)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

**21,3** mill. kr

16,9 mill. kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**85,4** mill. kr

94 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**529**

512 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**130**

140 i 2013


| Avsetjing               | 2014                   | 2013                 |
|-------------------------|------------------------|----------------------|
| Barne- og ungdomskultur | 13 317 000 kr          | 8 945 000 kr         |
| Kunstløftet             | 8 000 000 kr           | 8 000 000 kr         |
| <b>Totalt</b>           | <b>21 317 000 kr *</b> | <b>16 954 000 kr</b> |

\*Auken i avsetjinga kjem av at overførte tiltak er flytta mellom dei ulike fagområda. Sjå side 14.

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År          | Samla søknadssum  | Samla avsetjing   | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|-------------------|-------------------|--|
| 2010        | 76 734 424        | 15 780 000        | 20,6 %                                 |
| 2011        | 51 063 000        | 16 252 000        | 31,8 %                                 |
| 2012        | 76 591 289        | 16 756 000        | 21,9 %                                 |
| 2013        | 94 393 398        | 16 954 000        | 18 %                                   |
| <b>2014</b> | <b>85 471 000</b> | <b>21 317 000</b> | <b>24,9 %</b>                          |

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014




## TILDELINGAR



529 søknader  
130 tildelingar

## SØKNADSSUM



85,5 mill. kr i søknadssum  
13,3 mill. kr i avsetjing





01

## Barne- og ungdomskultur Kunstløftet

Kunstløftet vidareførte i 2014 sin visjon om å heve statusen og kvaliteten på kunst for barn og unge. Ei av dei største satsingane i 2014 var Ung respons, ei utlysning av midlar der barn og unge sjølv kunne søkje om støtte til dei prosjekta dei helst ville lage. Det kom inn 57 søknader, og 16 prosjekt fekk tilskot. Prosjekta som kom ut av Ung respons, var mellom anna fleire kortfilmar og teateroppsetjingar, ei barnebok, ei avis og skulpturar inspirerte av dataspelet Mindcraft.

Kunstløftet har også gjeve ut to temaaviser om barn og kunst med temaa *Lek og deltaking* og *Formidling*. Avisar har ein eigen redaksjon som består av Sara Hegna Hammer, Aksel Kielland, Kjetil Røed og Jørn Aagaard, der ei rekkje aktuelle skribentar blir inviterte til å skrive om det aktuelle temaet.

I 2014 blir det også gjeve ut ei eiga artikkelsamling kalla *Begreper om barn og kunst* som løfter fram nokre viktige omgrep i diskusjonen om kunst for barn og unge: publikum, deltaking, verksforståing, læring og arena. Artiklane er skrivne av Susanne Christensen, Gunnar Danbolt, Arild Danielsen, Per Gunnar Egg-Tverrbakk, Katrine Heggstad og Elin Høyland.

I tillegg til dei særskilde satsingane har Kunstløftet handsama prosjektsøknader i den regulære støtteordninga. Dei største tildelingane i 2014 gjekk til Ambassade for Kjartanistan i Naustdal kommune, fleire scenekunstoppsetjingar for barn og eit initiativ for å auke interessa for keramikkomnane som står rundt omkring på norske skular.

Les meir:

[www.kulturradet.no/kunstloftet](http://www.kulturradet.no/kunstloftet)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

### AVSETJING

**8 mill. kr**

8 mill. kr i 2013

### SAMLA SØKNADSSUM

**24,9 mill. kr**

35 mill. kr i 2013

### TAL PÅ SØKNADER

**126**

150 i 2013

### TAL PÅ TILDELINGAR

**38**

53 i 2013



06

- 01 SPKRBOX hiphopteater-festival 2015 i Trondheim og Oslo. Har fått prosjektstøtte frå Kunstløftet på 150 000 kr. Foto: SPKRBOX.
- 02 HOUSE OF FOUNDATION. Barnefestival i Moss blei støtta med 85 000 kr frå avsetjing for barne- og ungdomskultur. Foto: House of Foundation.
- 03 MUSIKALSK EVENTYRVERKSTAD FOR UNGE ASYLSØKJARAR. Musikk og ungdom i Oslo fekk 100 000 kr i prosjektstøtte frå avsetjinga for barne- og ungdomskultur. Foto: Musikk og Ungdom.
- 04 USIKT. Alva de Wangen fekk 20 000 kr i støtte frå Kunstløftets satsing Ung Respons til ein film om ting ei jente på ti er redd for.
- 05 Å VERE I VERDA. Bremanger Kulturlag fekk 70 000 kr i prosjektstøtte frå avsetjing for barne- og ungdomskultur. Foto: Bremanger Kulturlag.
- 06 LYSGRAFITTI Marit Silsand fekk 60 000 kr i prosjektstøtte frå Kunstløftet.



02



03



04



05



## Andre formål

Andre formål er Kulturrådet si avsetjing til tiltak og prosjekt som er av tverrfagleg karakter, eller som av andre grunnar fell utanfor dei etablerte kunstfelta/fagområda i Norsk kulturfond. Samtidig er avsetjinga Kulturrådet si finansieringskjelde til å setje i gang forsøksverksemd og ta initiativ på bakgrunn av særlege utfordringar, for eksempel gjennom spissa satsingar og forsøksordningar.

Søknadene som kjem inn, handlar i hovudsak om tverrfaglege prosjekt, festivalar og kulturarrangement, men kan også gjelde nye og uetablerte kunst- og kulturuttrykk, eller seminar, publikasjonar, utstillingar og dokumentarfilmar med eit klart kunst- eller kulturfagleg innhald.

Det er eit stort spenn i søknadene, og det har vore ein stor auke i talet på søknader til Andre formål i 2014. Ein relativt stor del av desse blir avvist administrativt, som regel fordi prosjektet det blir søkt støtte til, fell utanfor Norsk kulturfonds formål eller fordi prosjektet blir omfatta av andre ordningar i Kulturrådet. Av 232 søknader blei berre 148 søknader tekne med til handsaming i utval og råd i 2014. Dette er likevel ein stor auke samanlikna med 93 søknader i 2013 og 84 i 2012.

Avsetjinga for andre formål prioriterer spesielt tverrfaglege tiltak/prosjekt, med særleg vekt på kulturelt mangfald.

Av 28 løyvingar i 2014 gjekk 11 til prosjekt som bidrar til å fremje kulturelt og geografisk mangfald i kunst- og kulturlivet: Det blei gjeve tilskot til jødiske kulturfestivalar i Trondheim og Oslo, kvenske kulturdagar i Troms og Finnmark, og dei tverrfaglege festivalane *Afrikan History Week*, *Rumifestivalen* og *Bollywoodfestivalen* i Oslo.

Fleire av dei andre løyvingane har gått til prosjekt som vidareutviklar og utvidar ei kritisk offentlegheit omkring kunst og kultur. Norsk kritikarlag har fått midlar til å prøve ut ein nettbasert kritikkportal, det blei gjeve støtte til seminaret *Kulturrikets tilstand* i Oslo og til eit anna seminar om sabotasje som fenomen og som kunstnarisk praksis, i regi av House of Foundation i Moss.

Andre formål har også ein viktig funksjon når det gjeld å gjere det mogleg for rådet å følgje opp dei strategiske satsingsområda sine. I 2014 har rådet sjølv initiert og brukt midlar frå Andre formål til å delfinansiere etableringa av gjesteopphaldsordninga under Rom for kunst og *Periskop – plattform for kritikk av kunst for barn og unge*.

Les meir:

[www.kulturradet.no/stotteordninger/andre-formal](http://www.kulturradet.no/stotteordninger/andre-formal)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

### AVSETJING

**7,8 mill. kr**

7,4 mill. kr i 2013

### SAMLA SØKNADSSUM

**43,2 mill. kr**

24 mill. kr i 2013

### TAL PÅ SØKNADER

**232**

93 i 2013

### TAL PÅ TILDELINGAR

**28**

34 i 2013

| Avsetjing    | 2014         | 2013         |
|--------------|--------------|--------------|
| Andre formål | 7 790 000 kr | 7 380 000 kr |

### Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År          | Samla søknadssum     | Samla avsetjing       | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|----------------------|-----------------------|--|
| 2010        | 19 300 000 kr        | 6 974 000 kr          | 36,1 %                                 |
| 2011        | 15 600 000 kr        | 7 124 000 kr          | 45,7 %                                 |
| 2012        | 20 253 000 kr        | 7 344 000 kr          | 36,1 %                                 |
| 2013        | 24 017 000 kr        | 7 380 000 kr          | 30,7 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>43 158 920 kr</b> | <b>7 790 000 kr *</b> | <b>19,9 %</b>                          |


\* inkl. 930 000 kr til Æresprisen og 800 000 kr til Årskonferansen.

### TILDELINGAR




232 søknader  
28 tildelingar

### SØKNADSSUM



43,2 mill. kr i søknadssum  
7,8 mill. kr i avsetjing

### Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014







01



02


01 JØDISKE KULTURDAGER. Jødisk museum i Oslo fekk 20 000 kroner til Jødiske kulturdager med tittelen "Paragrafer og hønsesuppe".



03

02 SONIC GAME SPACE ved Lyd - galleriet i Bergen fekk 75 000 kroner i støtte. Prosjektet inneheld utstilling, work-shops, presentasjonar og performance med fellesnemnar tidleg spelkonsoll kunst.

03 OSLO BYRØKT er eit kunst- og kulturentreprenørskap som beskriv seg sjølv med orda: kulturkrig, miljøvern & urban matproduksjon. Dei fekk 7000 kroner i prosjektstøtte frå "Andre formål". Honningen er produsert på taket av Kunstnernes hus. Foto: Oslo Byrøkt.



04

04 PRØYSEN SAMLING. I høve Prøysen-året fekk Musikkforlaget 80 000 kroner i støtte for å gje ut eit praktverk i fire bind med Alf Prøysens viser og tekstar.

05 KULTURDUGNAD GAMVIK. Siste helg i juli møttest lokalbefolkning, kunstnarar og turistar til Gamvik kulturdugnad, som fekk 50 000 kroner i støtte i 2014. Her syng Mari Boine under arrangementet i 2013. Foto: Gamvik Kulturdugnad.



05

# Biletkunst og kunsthåndverk

Det blei i 2014 gjeve tilskot til program og prosjekt ved ei rekkje kunstnar drivne visingsstader for visuell kunst. Den treårige prøveordninga for kunstnarstyrte visingsstader blir vidareført i 2014, i påvente av ei evaluering. Entree i Bergen, Small Projects og Kurant i Tromsø og 1887 i Oslo fekk tilskot ut 2014. Det blei også gjeve løyvingar til Rake visningsrom og Babel i Trondheim, Nebbet visningsrom i Fredrikstad, Prosjektrom Normanns i Stavanger, VI, VII, Tidens Krav, Tenthaus, Melk, Noplace, One Night Only, LYNX, Kunstplass 5 og Diorama i Oslo, Blokk, TagTeam og Knipsu i Bergen, Elephant i Lillehammer og House of Foundation i Moss. Det er i tillegg gjeve fleirårige tilskot til vidareføring til Lydgalleriet og S12 i Bergen, i/o/lab i Stavanger, Atopia, Torpedo og 0047 i Oslo.

Utstillingssøknader frå enkeltkunstnarar utgjer ein stor del av prosjekta som tek imot tilskot frå avsetjinga. Det blei gjeve tilskot til 130 større og mindre utstillingar fordelt på mange ulike typar visingsstader over heile landet. Mellom anna blei det gjeve utstillingsstøtte til 72 kunstnarar i etableringsfasen.

Kunsthendlingane er viktige formidlingsarenaer på det visuelle kunstområdet, og er med på å synleggjere samtidskunsten i det offentlege rommet, nasjonalt, regionalt og lokalt. I 2014 blei det gjeve tilskot til 12 kunsthendlingar, biennalar og landsdelsutstillingar i Bergen, Stavanger, Oslo, Tromsø, Vestregionen og Trondheim.

Det blei også i 2014 gjeve programmeringsstøtte til fleire kunstforeiningar og kunsthallar: Kunsthall Trondheim, Kunsthall Grenland, Kunsthall Oslo, Kristiansand kunsthall, Oslo kunstforeining, Hydrogenfabrikken kunsthall i Fredrikstad, Spriten kunsthall i Skien og Trafo kunsthall i Asker.

Samla blei det gjeve tilskot til 44 publikasjonar som inkluderer faglitteratur, artists' books, fotobøker, utstillingskatalogar og tidsskrift. Utviklinga dei siste åra vitnar om styrkt kvalitet og auka produksjon, mellom anna av fotobøker. Fleire kunstnarar og skribentar gjev ut publikasjonar på utlandske forlag. Bøkene er med på å styrke kritisk refleksjon, formidling og dialog omkring den visuelle kunsten sin plass i samfunnet.

Frå avsetjinga utstyrsstøtte til fellesverkstader blei det gjeve tilskot til sju verksemder, mellom anna Trykkeriet senter for grafikk i Bergen. Det blei også gjeve støtte til vidare etablering av Fellesverkstedet i Oslo, eit viktig initiativ med nasjonalt nedslagsfelt.

Støtteordninga for kunst og ny teknologi har som formål å styrke kunstproduksjon basert på nye medium og ny teknologi. Ordninga er tverrkunstnarisk og gjeld biletkunst, musikk, litteratur og scenekunst. I 2014 blei det handsama 112 søknader. 2 680 000 kroner blei løyvde til 35 prosjekt.

Les meir:

[www.kulturradet.no/visuell-kunst](http://www.kulturradet.no/visuell-kunst)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

AVSETJING  
**44,5 mill. kr**

33,9 mill. kr i 2013

SAMLA SØKNADSSUM  
**195 mill. kr**

185,8 mill. kr i 2013

TAL PÅ SØKNADER  
**1 274**

1 266 i 2013

TAL PÅ TILDELINGAR  
**330**

296 i 2013

| Avsetjing  | 2014                 | 2013                 |
|--|----------------------|----------------------|
| Ymse tiltak                                      | 28 599 000 kr        | 26 680 000 kr        |
| Kunst og ny teknologi                            | 2 680 000 kr         | 2 680 000 kr         |
| Utstyrsstøtte felles verkstader                  | 1 000 000 kr         | 1 340 000 kr         |
| Utstillingsstøtte – kunstnarar i etableringsfase | 1 800 000 kr         | 1 502 000 kr         |
| Kunsthendlingar                                  | 2 000 000 kr         | 1 650 000 kr         |
| Overførte tiltak                                 | 8 440 000 kr         |                      |
| <b>Totalt</b>                                    | <b>44 519 000 kr</b> | <b>33 852 000 kr</b> |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År          | Samla søknadssum      | Samla avsetjing      | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|-----------------------|----------------------|--|
| 2010        | 179 369 962 kr        | 24 579 000 kr        | 13,7 %                                 |
| 2011        | 163 536 673 kr        | 28 341 000 kr        | 17,3 %                                 |
| 2012        | 185 465 956 kr        | 29 220 000 kr        | 15,8 %                                 |
| 2013        | 185 752 000 kr        | 33 852 000 kr        | 18,2 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>195 103 309 kr</b> | <b>44 519 000 kr</b> | <b>22,8 %</b>                          |

## TILDELINGAR




1 274 søknadar  
330 tildelingar

## SØKNADSSUM



195,1 mill. kr i søknadssum  
44,5 mill. kr i avsetjing

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014







01



04



02

01 SALT. Eit initiativ for kunst og arkitektur i Arktis. Filminstallasjonen The Light That I Feel av Yang Fudong har motteke 600 000 kr i prosjektstøtte frå visuell kunst. Foto: Gunnar Holmstad.

02 1814 REVISITED – THE PAST IS STILL PRESENT. Detalj frå installasjonen Misjonen av Frithjof Hoel og Rustan Andersson, vist i Mago A, ein av tre visingsstader til mønstringa 1814 Revisited – The Past is Still Present. Frithjof Hoel, Misjonen, 2014 © Frithjof Hoel / BONO 2015.

03 1814 REVISITED – THE PAST IS STILL PRESENT. Kunstnar Juan Andres Milanec Benito, Analyzing Sanity or The extraction of the Stone of Madness. Installasjonen var ein del av mønstringa 1814 Revisited – The Past is Still Present, vist i Akershus Kunstsenter.

04 NEW YORK ART BOOK FAIR 2014. Jessica Williams og vener fekk 25 000 kr i utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen. Foto: Randi Groov

05 TELLUS TELL US. Elise Storsveen og Jon Gundersen fekk 60 000 kr til kunstbok frå avsetjinga for kunstfaglege publikasjonar. Elise Storsveen og Jon Gundersen, Tellus tell us © Elise Storsveen og Jon Gundersen / BONO 2015.


06 AN UNNATURAL HISTORY OF PLANTS. Benjamin Alexander Huseby fekk 40 000 kr til kunstbok frå avsetjinga til kunstfaglege publikasjonar og 30 000 kr i prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilete.



03



05



06

# Musikk

På musikkscenen i Noreg har det blitt utvikla eit stort mangfald av musikkuttrykk på høgt nivå i ulike sjangrar. Breidda i musikkproduksjon og auken i tilskotsmidlar gjennom fleire år har gjeve nye moglegheiter til å skape, produsere, distribuere og formidle musikk. Kulturrådet har i 2014 auka midlane i tilskotsordningane for arrangørar, ensemble og publiseringstøtte.

Formidlingsarenaene for musikk er stadig meir varierte, og det er aukande interesse for kor viktig det er med arrangørane si programmering og med nye formidlingsformer. Tilskotsordningane både for arrangørar og festivalar er med på å skape arenaer der musikken møter publikum og dei har høg prioritet innanfor musikkavsetjinga. Det har blitt gjeve tilskot til arenaer med kompetanse til å utvikle gode arenaer for musikk i alle sjangrar over heile landet.

Tilskotsordninga for ensemblestøtte og tilskotsordninga for musikarar skal bidra til eit kunstnarisk og sjangermessig mangfald og gode kunstnariske produksjons- og rammevilkår for profesjonelle musikarar. Ordningane bidrar til eit stort omfang av konsertproduksjon og turnear i Noreg og utlandet. På musikarordninga prioriterer ein konsertaktivitet i Noreg, spesielt på mindre stader.

Publiseringstøtta for musikkinnspelinger har som formål å auke kjennskapen til og formidlinga av musikk frå Noreg, og skal bidra til å oppretthalde ein brei produksjon av kvalitetsutgjevingar. Støtteordningane til publisering og innspeling av fonogram bidrar til at ny musikkproduksjon blir utgjeven og at både ny og eldre musikk og utøvartradisjonar blir dokumenterte. Publiseringstøtta har no eksistert i tre år etter omlegginga frå den tidlegare innkjøpsordninga for fonogram. Kulturrådet vil derfor ta initiativ til ein gjennomgang eller evaluering av ordninga og verknaden ho har hatt på musikkfeltet.

Kulturrådet har på oppdrag frå Kulturdepartementet gjeve innspel til vidare strategi for utvikling av korfeltet i Noreg. Kulturrådet anbefalte her at innsatsen framleis bør rettast mot å gje auka moglegheit til profesjonell produksjon og utvikling for eksisterande kor eller nye koretableringar. På oppdrag frå Kulturdepartementet har Kulturrådet også gjeve innspel til evalueringane av knutepunktfestivalar. Det blei gjeve innspel på følgjande festivalar i 2014: Melafestivalen, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Notodden Bluesfestival, Norsk Countrytreff, Riddu Riddu Festivála og Øyafestivalen.

Les meir:

[www.kulturradet.no/musikk](http://www.kulturradet.no/musikk)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

**177,4 mill. kr**

187,5 mill. kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**496,9 mill. kr**

601 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**3 213**

3 763 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**1 140**


1 442 i 2013

| Avsetjing                                | 2014                  | 2013                  |
|--|-----------------------|-----------------------|
| Tilskotsordning for musikkfestivalar     | 45 000 000 kr         | 45 340 000 kr         |
| Publiseringstønad for musikkinnspelinger | 22 100 000 kr         | 22 100 000 kr         |
| Tilskotsordning for musikkensemble       | 28 793 000 kr         | 40 284 000 kr         |
| Tilskotsordning for kyrkjemusikk         | 8 020 000 kr          | 6 970 000 kr          |
| Tilskotsordning for arrangørar           | 28 000 000 kr         | 26 700 000 kr         |
| Tilskotsordning for musikarar            | 16 300 000 kr         | 15 670 000 kr         |
| Andre formål musikk                      | 29 124 000 kr         | 28 732 000 kr         |
| Likestillingsprosjekt musikk             |                       | 1 000 000 kr          |
| Tilskotsordning semi-profesjonelle kor   |                       | 750 000 kr            |
| <b>Totalt</b>                            | <b>177 397 000 kr</b> | <b>187 546 000 kr</b> |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År          | Samla søknadssum      | Samla avsetjing       | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|-----------------------|-----------------------|--|
| 2010        | 461 602 506 kr        | 126 277 000 kr        | 27,4 %                                 |
| 2011        | 502 339 594 kr        | 152 844 000 kr        | 30,4 %                                 |
| 2012        | 643 814 585 kr        | 164 751 000 kr        | 25,6 %                                 |
| 2013        | 601 492 285 kr        | 186 796 000 kr        | 31,1 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>496 895 000 kr</b> | <b>177 397 000 kr</b> | <b>35,7 %</b>                          |

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014



## TILDELINGAR



3 213 søknader

1 140 tildelingar

## SØKNADSSUM



498,9 mill. kr i søknadssum

177,4 mill. kr i avsetjing





01



02




03



04



06



08



05



07



09

01 BYGDALARM. Festivalen Bygdalarm i Øystese har fått 200 000 kroner i festivalstøtte i 2014.

02 INTERSTATIC har fått 15 000 kroner til nordlandsturné frå musikarordninga. Foto: InterStatic.

03 ICE MUSIC FESTIVAL på Geilo har fått 50 000 kroner i støtte frå festivalordninga. Foto: Emile Holba.

04 BLY DE BLYANT har fått 90 000 kroner i publiseringstøtte for albumet Hindsight Bias.

05 CLAUDIA SCOTT fekk 90 000 kroner i publiseringstøtte til albumet Follow the lines, som resulterte i Spellemanspris for beste countryalbum.

06 BENDIK BRÆNNE har fått støtte frå musikkpubliseringordninga til å gje ut albumet Do you know who I think I am.

07 IGOR OG ASLAK har fått 90 000 kroner i publiseringstøtte til albumet På feil side av låven.

08 TELEMAR KAMMERORKESTER har fått 90 000 kroner i publiseringstøtte til cd med bestillingsverk av A. Bibalo og O.A. Thommessen fremført av Telemark Kammerorkester med solister.

09 MAAR har fått 90 000 kroner i innspelingstøtte til albumet Vrangsveld.





01



02



03



04

01 LAUNDERETTES har fått 79 000 kroner i turnéstøtte. Foto: Pressefoto.

02 DAMANA var eit av ensembla som spelte under MaiJazz i Stavanger. Festivalen fekk ein million kroner i 2014. Foto: Aleksandra Dudek.

03 SIRI NILSEN har fått 90 000 kroner i publiseringsstøtte til albumet Skyggebokser.

04 UNGDOMMENS BAROKKORKESTER. Stiftelsen Senter for tidligmusikk har fått 120 000 kroner i støtte til Ungdommens barokkorkester, der nordisk ungdom spelar saman under Trondheim Barokkfest.



# Scenekunst

Innføring av nye støtteordningar og oppfølging av prioriterte område har prega arbeidet med scenekunst i Kulturfondet i 2014. Kulturrådet arbeider jamleg med å møte behova til eit scenekunsthelt i utvikling.

I 2014 blei det etablert to nye støtteordningar på scenekunstheltet i Kulturfondet. Forprosjektordningane erstatta dei tidlegare ordningane Scenetekstutvikling og Koreografiutvikling. Ordningane har som formål å stimulere til utvikling og utforsking av nye metodar, konsept og idear som kan føre til nye scenekunstprosjekt. Målsetjingane med ei breiare orientert ordning er å spisse satsingane på utforskande arbeid uavhengig av kunstproduksjon og femne forprosjekt som tidlegare fell utanfor ordningane.

Arrangørstøtteordningane for dans blei utvida til å gjelde for alle sjangrar innanfor scenekunst. Ordningane har som formål å gje programmeringsmidlar til arrangørar som presenterer profesjonelle scenekunstproduksjonar av høg kunstnarisk kvalitet. Saman med formidlingsordningane er den nye ordningane for arrangørstøtte eit viktig veremiddel i arbeidet med å styrke formidlingane av scenekunsten i samtida.

I 2014 lanserte Kulturrådet ei evaluering av Pilotprosjekt for utvikling av profesjonelle danse miljø som blei starta opp i 2010. På grunnlag av evalueringsrapporten og på tilsråding frå Fagleg utval for dans vedtok rådet å vidareføre ordningane med namnet Regionale kompetansesenter for dans.

Rekrutteringane av aktørar med samansette kulturelle bakgrunnar er ein uttalt del av det strategiske arbeidet til Kulturrådet. Dei faglege utvala på scenekunstheltet tok initiativ til seminaret *Hands up. Be counted* i samarbeid med Nordic Black Theatre, Norsk skuespillersenter og Norsk skuespillerforbund. Seminaret krinsa rundt spørsmålet «Mangfaldet i kulturlandskapet finst, men er ikkje synleg nok på scenane. Kva kan vi gjere med det?», og vende seg til utøvande kunstnarar og kulturinstitusjonar

Les meir:

[www.kulturradet.no/scenekunst](http://www.kulturradet.no/scenekunst)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

**130** mill. kr

112,6 mill. kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**533,6** mill. kr

494 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**1 181**

1 084 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**342**


284 i 2013

| Avsetjing   | 2014                  | 2013                  |
|---|-----------------------|-----------------------|
| Tilskotsordning koreografi - forprosjekt                |                       | 1 700 000 kr          |
| Tilskotsordning scenetekst - forprosjekt                |                       | 1 700 000 kr          |
| Forprosjekt scenekunst                                  | 5 000 000 kr          |                       |
| Tilskotsordning for fri scenekunst – dans               | 23 500 000 kr         | 21 917 000 kr         |
| Tilskotsordning for fri scenekunst – teater             | 29 000 000 kr         | 25 163 000 kr         |
| Basisfinansiering av frie scenekunst-grupper            | 37 500 000 kr         | 28 000 000 kr         |
| Tilskotsordning for formidling av scenekunst/gjestespel | 7 487 000 kr          | 7 100 000 kr          |
| Regionale kompetansesenter for dans                     | 4 100 000 kr          | 4 100 000 kr          |
| Arrangørstøtte dans/scenekunst                          | 7 000 000 kr          | 3 000 000 kr          |
| Andre scenekunsttiltak                                  | 3 800 000 kr          | 3 900 000 kr          |
| Overførte tiltak post 56                                | 12 632 000 kr         | 16 013 000 kr         |
| <b>Totalt</b>   | <b>130 019 000 kr</b> | <b>112 593 000 kr</b> |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum

| År          | Samla søknadssum      | Samla avsetjing       | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|-----------------------|-----------------------|--|
| 2010        | 440 665 369 kr        | 77 419 000 kr         | 17,6 %                                 |
| 2011        | 437 455 391 kr        | 99 351 000 kr         | 22,7 %                                 |
| 2012        | 476 130 448 kr        | 106 430 000 kr        | 22,4 %                                 |
| 2013        | 493 596 797 kr        | 112 593 000 kr        | 22,8 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>533 607 317 kr</b> | <b>128 960 000 kr</b> | <b>24,2%</b>                           |

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014



## TILDELINGAR



1 181 søknader  
342 tildelingar

## SØKNADSSUM



533,6 mill. kr i søknadssum  
130 mill. kr i avsetjing

## Scenekunst

# Fri scenekunst – dans og teater

Ordningane for fri scenekunst er sentrale for å sikre nyskapande kunstnarisk produksjon utanfor scenekunst-institusjonane. Avsetjingane for desse ordningane blei styrkte med friske midlar i 2014. Det blei gjeve støtte til 52 teaterprosjekt og 48 danseprosjekt, ein auke frå 2013.

I oktober 2014 blei det fastsett ei ny forskrift for Norsk kulturfond. Det innebar at forskrifta om støtteordningane for fri scenekunst av 12.10.1998

blei oppheva. For å sikre innretninga til ordningane og for å kunne oppretthalde samspelet mellom støtteordningane for fri scenekunst og basisfinansieringa av frie scenekunstgrupper blei retningslinjene justerte. Ein viktig del av justeringa var ei tydeleggjering av dei kunstnariske kvalitetskriteria som blir lagde til grunn for søknadsvurderinga.

Les meir:

[www.kulturradet.no/scenekunst](http://www.kulturradet.no/scenekunst)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

**52,5** mill. kr

47 mill. kr i 2013

## SAMLTA SØKNADSSUM

**185** mill. kr

239,8 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**386**

424 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**100**

64 i 2013

## Fri scenekunst – dans

## AVSETJING

**23 500 000** kr

21 917 000 kr i 2013

## SAMLTA SØKNADSSUM

**77 548 562** kr

96 439 030 kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**141**

155 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**48**

33 i 2013

## Fri scenekunst – teater

## AVSETJING

**29 000 000** kr

25 163 000 kr i 2013

## SAMLTA SØKNADSSUM

**107 578 337** kr

143 402 929 kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**245**

269 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**43**

31 i 2013

## Scenekunst

# Basisfinansiering av frie scenekunstgrupper

## AVSETJING

**37,5** mill. kr

28 mill. kr i 2013

## SAMLTA SØKNADSSUM

**203** mill. kr

173 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**17**

15 i 2013

## TAL PÅ TILSKOTS-MOTTAKARAR

**11**

9 i 2013

9,5 millionar kroner i friske midlar blei lagde til avsetjinga til ordningane for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper. Det er ei vesentleg styrking samanlikna med føregåande år. Fleirårig støtte som ikkje er bunden til konkrete produksjonar, gjev kunstnarane fridom og føreseielegheit til å vidareutvikle og planleggje heilskapen i det kunstnariske arbeidet.

Ved å styrke avsetjinga fekk fagutval og råd eit større økonomisk handlingsrom enn i tidlegare år. Det resulterte i at to nye scenekunstgrupper, De Utvalgte og Goksøy & Martens, blei tekne inn i ordningane. Winter Guests, Verk Produksjoner, Ingun Bjørnsgaard Prosjekt og Jo Strømgren

Kompani blei tildelte nye tilskotsperiodar.

Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre årleg prisregulering av tildelt støtte sidan ordningane blei oppretta i 2007, og over tid merkar tilskotsmottakarane konsekvensane av dette på økonomien. Fagutval og råd valde derfor å nytte avsetjingane i 2014 til å styrke tilskotsnivået til fleire scenekunstgrupper som allereie tek imot støtte, for å kompensere for manglande årleg regulering.

Les meir:

[www.kulturradet.no/scenekunst](http://www.kulturradet.no/scenekunst)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

| Tilskotsmottakar   | 2013      | 2014      | 2015      | 2016      | 2017      | 2018      | 2019      |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Jo Strømgren Kompani                                       | 3 093 000 | 3 179 604 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 |
| Verdensteatret   | 3 093 000 | 4 000 000 | 4 000 000 | 4 000 000 | 4 000 000 | 4 000 000 |           |
| Impure Company   | 3 093 000 | 3 093 000 | 3 093 000 |           |           |           |           |
| Zero Visibility Corp.                                      | 3 335 000 | 3 428 380 | 3 428 380 | 3 428 380 | 3 550 000 | 3 550 000 |           |
| Ingunn Bjørnsgaard Prosjekt                                | 3 093 000 | 3 179 604 | 3 179 604 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 |
| Vinge/Müller   | 3 093 000 | 3 093 000 | 3 179 604 | 3 179 604 | 3 179 604 | 3 179 604 |           |
| Winter Guests  | 3 200 000 | 3 289 600 | 3 289 600 | 3 800 000 | 3 800 000 | 3 800 000 | 3 800 000 |
| Verk Produksjoner  | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 200 000 | 3 200 000 | 3 200 000 | 3 200 000 |
| Heine Røsdal Avdal / Avdals produksjoner                   | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | 3 800 000 | 3 800 000 | 3 800 000 |
| De Utvalgte  |           | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 |           |           |
| Goksøy & Martens   |           | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 |           |           |
| Ingri Midgard Fiksdal (NY)                                 |           |           | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 |           |
| Morten Traavik / Arts Interventions Development (AID) (NY) |           |           |           | 3 500 000 | 3 500 000 | 3 500 000 |           |





01



02

01 DE UTVALGTE. Kompaniet De Utvalgte fekk frå 2014 basisfinansiering av Kulturrådet i fire år framover. Foto: Boya Bøckman.

02 OMSORG av Goksøy & Martens som kom inn på basisfinansieringsordninga i 2014. Foto: Nationalteatret.



03



04



05



06

03 JORDJENTA. Kristin Ryg Helgebostad fekk 160 000 kr i formidlings- og gjestespelstøtte.

04 BLACK WARRIOR. Lisa Östberg og Kim Hiorthøy fekk 200 000 i støtte frå Fri scenekunst - dans til framsyninga Black warrior.

05 HUMORFEST I BERGEN fekk 70 000 i støtte til fagseminar frå ordninga for Andre scenekunstiltak.

06 BAND av og med Ingri Fiksdal m.fl. Fiksdal er tildelt støtte fra Kulturfondets støtteordning for fri scenekunst - dans. Foto: Anders Lindén.



# Litteratur

Målet med Kulturrådet sine støtteordninger til litteratur er å sikre nyskaping, breidde og spreiding av norsk sakprosa og skjønnlitteratur. I tillegg er støtteordningar til periodiske publikasjonar, som tidsskrift og vekeaviser, plasserte under litteraturkapittelet.

Innkjøpsordningane for litteratur utgjør rundt 70–75 % av den samla avsetjinga på litteraturområdet. Under dei selektive innkjøpsordningane bestemmer avsetjingane under kvar enkelt ordning kor mange titlar som kan kjøpast inn. På grunn av lågare avsetjingar i 2014 har fleire av desse ordningane færre innkjøp i 2014 samanlikna med 2013. Dette gjeld spesielt innkjøpsordninga for omsett litteratur og innkjøpsordninga for sakprosa for vaksne.

I dei automatiske innkjøpsordningane for skjønnlitteratur for vaksne og skjønnlitteratur for barn og unge skal alle bøker som blir rekna som gode nok, kjøpast inn. Talet på innkjøpte bøker kan derfor variere frå år til år, men innkjøpstalet er rimeleg stabilt med rundt 230 vaksnebøker og 130 barne- og ungdomsbøker kjøpte inn dei siste åra. Dette vitnar om ei stor breidde og høg kvalitet på ny norsk skjønnlitteratur.

I tillegg til innkjøpsordningane gjev Kulturrådet støtte til produksjon og formidling på litteraturfeltet. Produksjonsstøtteordningane er meinte å dekkje sjangrar som av

ulike grunnar treng særleg støtte, eller som ikkje høyrer naturleg heime under innkjøpsordningane. Formidlingsstøtte sikrar at kvalitetslitteratur på norsk blir løfta inn i offentlegheita på ulike måtar.

2014 var det siste året for prøveprosjektet med parallelt innkjøp av papir- og e-bøker til norske folkebibliotek under innkjøpsordninga for skjønnlitteratur. I prøveprosjektet har Kulturrådet inngått avtalar med ni delprosjekt. Delprosjekta omfattar i alt rundt 130 bibliotek/filialar i vel 60 kommunar. I løpet av heile prøveperioden 2012–2014 har innkjøpsordninga gjort rundt 500 titlar tilgjengelege som e-bøker for norske lesarar gjennom folkebiblioteka.

I 2014 blei det også vedteke å gå gjennom alle litteraturstøtteordningane. Dette vil bety at fleire av ordningane vil bli noko endra. Endringane vil mellom anna medføre innføring av e-bøker, ny fordelingsnøkkel for distribusjon av bøker til biblioteka, forenkling av betalingsmodellen, tydeleggjering av kvalitetskrav og avvikling av ankenemnder. Kulturrådet meiner desse endringane vil sikre at innkjøpsordningane framleis kan vere relevante og viktige litteraturpolitiske tiltak i åra framover.

Les meir:

[www.kulturradet.no/litteratur](http://www.kulturradet.no/litteratur)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING LITTERATUR SAMLA

**155 mill. kr**

164 300 000 kr i 2013

## AVSETJING PRODUKSJONSSTØTTE

**16,2 mill. kr**

18,7 mill. kr i 2013

## SØKNADSSUM PRODUKSJONSSTØTTE

**42,5 mill. kr**

34,7 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER PRODUKSJONSSTØTTE

**464**

355 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR PRODUKSJONSSTØTTE

**253**


287 i 2013

| Avsetjing   | 2014                  | 2013                  |
|---|-----------------------|-----------------------|
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, vaksne            | 44 928 000 kr         | 46 800 000 kr         |
| Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, barn og unge      | 28 800 000 kr         | 30 000 000 kr         |
| Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur, inkl. omsetjarbonus | 13 200 000 kr         | 13 200 000 kr         |
| Innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur, barn og unge         | 6 118 000 kr          | 7 500 000 kr          |
| Innkjøpsordning nye norske teikneseriar                           | 2 000 000 kr          | 2 000 000 kr          |
| Innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa                            | 20 640 000 kr         | 21 500 000 kr         |
| Produksjonsstøtte til biletbøker for barn                         | 1 500 000 kr          | 1 500 000 kr          |
| Produksjonsstøtte til klassikarar                                 | 470 000 kr            | 1 000 000 kr          |
| Produksjonsstøtte til nynorsk litteratur                          | 2 000 000 kr          | 3 100 000 kr          |
| Produksjonsstøtte til teikneseriar                                | 2 400 000 kr          | 2 400 000 kr          |
| Støtte til litteraturfestivalar                                   | 4 280 000 kr          | 4 100 000 kr          |
| Andre formål litteratur (bl.a. for barn)                          | 5 500 000 kr          | 6 600 000 kr          |
| Støtte til periodiske publikasjonar                               | 23 106 000 kr         | 24 616 000 kr         |
| <b>Sum avsetjing</b>  | <b>154 952 000 kr</b> | <b>164 316 000 kr</b> |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum produksjonsstøtte

| År          | Samla søknadssum     | Samla avsetjing      | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|----------------------|----------------------|--|
| 2010        | 45 495 389 kr        | 14 248 000 kr        | 31,3 %                                 |
| 2011        | 57 416 362 kr        | 15 771 000 kr        | 27,5 %                                 |
| 2012        | 32 113 100 kr        | 17 072 000 kr        | 53,2 %                                 |
| 2013        | 34 686 735 kr        | 18 700 000 kr        | 53,9 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>42 521 168 kr</b> | <b>16 150 000 kr</b> | <b>38 %</b>                            |

## Utvikling av atsetjinga for litteratur ekskl. innkjøpsordningane søknadssum og avsetjing 2010–2014



## TILDELINGAR



464 søknader produksjonsstøtte  
253 tildelingar produksjonsstøtte

## SØKNADSSUM



42,5 mill. kr i søknadssum produksjonsstøtte  
16,2 mill. kr i avsetjing produksjonsstøtte



## Litteratur

## Innkjøpsordningane

| Avsetjing                     | 2014            |                 | 2013            |                 |
|-------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
|                               | Tal på søknader | Tal på innkjøpt | Tal på søknader | Tal på innkjøpt |
| Skjønnlitteratur vaksne       | 299             | 227             | 302             | 250             |
| Skjønnlitteratur barn og unge | 169             | 131             | 194             | 128             |
| Omsett skjønnlitteratur       | 257             | 120             | 253             | 126             |
| Sakprosa barn og unge         | 34              | 20              | 49              | 24              |
| Sakprosa                      | 338             | 75              | 310             | 82              |
| Prøveordning omsett sakprosa  | 41              | 10              |                 |                 |
| Teikneseriar                  | 22              | 18              | 14              | 11              |
| <b>Totalt</b>                 | <b>1 160</b>    | <b>601</b>      | <b>1 122</b>    | <b>621</b>      |

## AVSETJING

**115,7** mill. kr

121 mill. kr i 2013

## TAL PÅ PÅMELDE TITLAR

**1 160**

1 122 i 2013

## TAL PÅ INNKJØPTE BØKER

**601** (per 15.4)

621 i 2013

## Periodiske publikasjonar

## Vekeaviser

## AVSETJING

**14 566 000** kr

16 066 000 kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**31 000 000** kr

37 159 385 kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**6**

8 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**5**

6 i 2013

## Kulturtidsskrift

## AVSETJING

**8 550 000** kr

8 550 000 kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**12 175 400** kr

10 448 700 kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER


**73**

81 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**58**

69 i 2013

Lene Ask, *Kjære Rikard* (2014).  
Forside.





01



02

01 NORSK LITTERATURFESTIVAL. Sigrid Undset-dagene, Lillehammer. Pub til pub med Busemannen med Knut Nærum, her på Mikrobryggeriet. 24. mai 2014. Foto Caroline Strømhylden.

02 LESELYSTFESTIVALEN i Buskerud fekk 60 000 kr frå støtteordninga for litteraturfestivalar.

03 JOSIMAR. Tidsskriftet om fotball fekk 220 000 kr fra innkjøpsordninga for kultur-tidsskrift.

04 OSLO INTERNASJONALE POESIFESTIVAL fekk 200 000 kr frå støtteordninga for litteraturfestivalar.




03




04



05



06



07



08

05 VESTLANDSHAGEN, utgitt av Skald AS i Sogn og Fjordane, fekk støtte frå støtteordninga for nynorsk litteratur.

06 TILOVERSMARI av Nina Nordal Rønne, utgitt på Magikon forlag, fekk støtte frå ordninga for biletbøker for barn og unge.

07 ALLE HAR EN BAKSIDE AV ANNE FISKE, Cappelen Damm, blei kjøpt inn på innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa for barn og unge.

08 SPRÅKMAGI av Helene Uri, utgitt på Kagge forlag, blei kjøpt inn på innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa for barn og unge.

09 ÜBERSCI-FI. Utgjeve av Überpress. Teikneserien er støtta av ordninga for nye norske teikneseriar.

10 KJÆRE av Linnéa Myhre blei kjøpt inn på innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, vaksne.


11 SVØM MED DEM SOM DRUKNER av Lars Mytting blei kjøpt inn på innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, vaksne.



09



10



11



# Kulturvern

Hovudfunksjonen med Kulturrådet sitt kulturvernarbeid er å dokumentere og formidle endringsprosessar, og at kulturarvinstitusjonar og andre aktørar skal ivareta den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga fram til i dag. Aktuelle målgrupper er kommunar, fylkeskommunar, museum, arkiv, bibliotek, lag og organisasjonar, dokumentarfilmmiljø og forlag som arbeider med kulturhistorie og kulturvern.

Kulturrådet har også i 2014 lagt særleg vekt på å støtte dokumentasjon og formidling knytt til emne som framstår som forsømde. Av slike kan nemnast kultur og levesett langs kysten, vekselspillet mellom menneske og natur, og handlingsboren kunnskap – den immaterielle kulturarven.

I fireårsperioden 2010–2013 auka søknadstalet på kulturvern frå 203 til 285, med ein total søknadssum for 2013 på ca. kr 68 mill. Søknadstalet i 2014 var 258, og total søknadssum ca. kr 53 mill. Desse tala illustrerer det ekstraordinært store presset på ei relativt avgrensa avsetjing til kulturvern, som i 2014 var på kr 9,6 mill. Tendensen dei siste fem åra har vore at stadig fleire kulturvernsprosjekt over heile landet får avslag på bakgrunn av stramme budsjetttrammer.

Kulturrådet har gjennom ei årrekke lagt vekt på å stimulere prosjektbasert arbeid med dokumentasjon og formidling av kulturelt mangfald i Noreg, mellom anna både samisk historie og kultur, nasjonale minoritetar og nyare innvandring. Å styrke det fleirkulturelle innslaget i kulturvernet gjer feltet meir relevant i samtida, og vil venteleg skape større respekt og toleranse i det kulturelle mangfaldet som kjenne-teiknar Noreg i dag.

Forutan støtta som er gjeven til enkeltaktørar etter søknad, blei kulturvernmidlane i 2014 også nytta i to større eigeninitierte prosjekt: Det treårige pilotprosjektet Arkiv og kompetansesenter/-nettverk for videokunst er eit konkret tiltak som styrker arbeidet med dokumentasjon og bevaring av videokunst. Det er eit stort behov for auka medvit om og konkrete tiltak for å bevare slike kunstuttrykk. Det er løyvd kr 3 mill. frå avsetjinga til kulturvern til prosjektet, som blir avslutta i 2015.

Forsøksprosjektet Hva er det med arkiv? er inspirert av det tidlegare prosjektet Museale forstyrrelser. Prosjektet har som mål å skape sju kunstprosjekt der arkiv som fenomen og arkivinstitusjonars verksemd og samfunnsrolle er tema. Prosjektet blir avslutta med ein publikasjon våren 2015.

Les meir:

[www.kulturradet.no/kulturvern](http://www.kulturradet.no/kulturvern)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

**9,6 mill. kr**

10,2 mill. kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**53 mill. kr**

67,9 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**258**

285 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**90**

86 i 2013

| Avsetjing  | 2014         | 2013          |
|------------|--------------|---------------|
| Kulturvern | 9 600 000 kr | 10 224 000 kr |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum


| År          | Samla søknadssum     | Samla avsetjing     | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|-------------|----------------------|---------------------|--|
| 2010        | 54 800 000 kr        | 9 522 000 kr        | 17,4 %                                 |
| 2011        | 52 053 770 kr        | 9 817 000 kr        | 18,9 %                                 |
| 2012        | 57 700 000 kr        | 10 997 000 kr       | 19,1 %                                 |
| 2013        | 67 900 000 kr        | 10 224 000 kr       | 15,1 %                                 |
| <b>2014</b> | <b>52 973 000 kr</b> | <b>9 600 000 kr</b> | <b>18,1 %</b>                          |

## TILDELINGAR



258 søknader  
90 tildelingar

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014



## SØKNADSSUM



53 mill. kr i søknadssum  
9,6 mill. kr i avsetjing





01



02

01 VILDE OG GALE NORDMÆND. Alert Film har fått kr 200 000 frå avsetjinga til kulturvern til produksjon av ein dokumentarfilm om Odin teatret. Foto: Stillebilete frå dokumentarfilm.

02 KVINNER I KRIG. Karivold film AS har fått 100 000 kr til å lage dokumentarfilm frå avsetjinga til kulturvern.



03



04

03 KLASSEKAMPENS FOTOARKIV. Kulturrådet har over avsetjinga til kulturvernstilltak løyvd kr 400 000 til sikring, konservering og registrering av Klassekampen sitt fotoarkiv frå perioden 1970–1990. Biletet er frå det første pornobålet på Olav Ryes plass i Oslo 27. august 1977. Foto: Klassekampen

04 Mannen som stoppa hurtigruta. Danseframvisning av Simone Grøtte i samarbeid med Hålogaland Teater. Prosjektet fekk 60 000 kr i støtte til bevaring og formidling av historisk materiale frå Finnmark fra kulturverntiltak.



# Forskning og utvikling

Hovudmålet for FoU-verksemnda til Kulturrådet er å produsere og formidle forskingsbasert kunnskap med relevans for kulturrådssystemet og for kultursektoren elles. Forskinga som blir sett i gang, skal undersøkje tendensar og fenomen i kunst- og kulturlivet, vere av høg fagleg kvalitet og byggje på allmennvitenskaplege normer.

## FORSKINGSPROSJEKT I 2014 Kunst, kultur og kvalitet

Kulturrådet har teke initiativ til eit program som skal bidra til å styrke omgrepsdanning og refleksjon omkring kvalitetsvurderingar i kunst- og kulturlivet. Programmet skal kaste lys over mangfaldet av kvalitetsforståingar i samtida, og har som mål å identifisere og diskutere perspektiv, omgrep og teoriar om forholdet mellom kunst, kultur og kvalitet. Det blei arrangert innspelsseminar til programmet i 2014, og tolv forskarar er inviterte til å bidra med artiklar til ein publikasjon i 2015.

## Bransjestatistikk for musikk og litteratur

Kulturrådet fekk i 2012 i oppdrag av Kulturdepartementet å utarbeide ein modell for å talfeste omsetninga av norsk musikk. Målet var å utvikle ein metodikk for å beskrive den innanlandske omsetninga og eksporttala for musikkbransjen. Ein rapport med tal for 2012 blei ferdigstilt i slutten av mars 2014. Satsinga på bransjestatistikk blei i 2014 utvida til å omfatte tal for musikkbransjen i 2013 og 2014 og utvikling av tilsvarande modell for litteraturområdet. [www.kulturradet.no/fou/musikkbransjen-i-tall](http://www.kulturradet.no/fou/musikkbransjen-i-tall)

## Litteratur i digitale omgjevnader

Digitaliseringa av kulturlivet har sett sitt preg på det skjønnerlitterære feltet. Dette kan på lengre sikt føre til store endringar i korleis litteratur blir produsert, distribuert, formidla og lesen. Prosjektet skal undersøkje korleis digitaliseringa pregar det litterære uttrykket, korleis dei kunstnariske produksjonsvilkåra blir endra, korleis erfaringane til lesaren endrar seg, og kva konsekvensar dette kan få for det litterære systemet generelt. Resultata frå prosjektet vil bli publiserte i 2015.

[www.kulturradet.no/fou/litteratur-i-digitale-omgivelser](http://www.kulturradet.no/fou/litteratur-i-digitale-omgivelser)

## Historia om Kulturrådet

I 2015 er det 50 år sidan Norsk kulturråd blei etablert. Hausten 2013 blei ein forfattar engasjert for å skrive historia om Kulturrådet. Boka vil bli utgjeven i løpet av 2015.

[www.kulturradet.no/fou/norsk-kulturrads-historie](http://www.kulturradet.no/fou/norsk-kulturrads-historie)

## Kyrkjemusikken i Noreg på 2000-talet

Kulturrådet har støtta kyrkjemusikk i mange år. Det er likevel ikkje nok kunnskap om kyrkjemusikken si utvikling, korkje med tanke på endringsprosessane som har ført fram til dagens forhold, eller kva som vil styre utviklinga framover. I lys av desse utfordringane er det sett i gang eit forskingsprosjekt som skal beskrive og analysere utviklinga i kyrkjemusikkområdet på 2000-talet.

## Rom for og innramming av kunst – kunstens transformativ kraft

Det har over fleire tiår blitt satsa stort på å byggje nye kunst- og kulturarenaer i Noreg. Store statlege, fylkeskommunale og kommunale ressursar er førte inn i arbeidet med å utvikle ny infrastruktur for kunst og kultur. Parallelt har det skjedd store endringar i måten kunst blir produsert og formidla på. I forskingsprosjektet blir nokre av desse utfordringane tekne opp.

[www.kulturradet.no/fou/rom-for-og-innramming-av-kunst](http://www.kulturradet.no/fou/rom-for-og-innramming-av-kunst)

## Kunst og makt

Kulturrådet har i samarbeid med Noregs forskingsråd og Fritt Ord teke initiativ til ei tverrfagleg forskingsatsing om maktproblematikk i norsk kunst i dag. Prosjektet skal spesielt studere kulturpolitiske og økonomiske vilkår for kunst- og kulturproduksjon.

[www.kulturradet.no/fou/kunst-og-makt](http://www.kulturradet.no/fou/kunst-og-makt).

## Fri scenekunst i praksis

Kulturrådet har initiert eit prosjekt om kva tendensar og problemstillingar som gjer seg gjeldande i det frie scenekunstheltet på 2000-talet. Bok vil bli utgjeven våren 2015.

## Preliminary Evidence of Spillover Effects in Europe

Kulturrådet er partner i eit større forskingssamarbeid som skal undersøkje eksempel og metodar for å måle effektar og samfunnsmessige verknader av tilskot til kunst og kultur. Prosjektet blir leia av Arts Council England, Arts Council Ireland, Creative England og ECCE (European centre for creative economy).

## Evalueringar

Kulturrådet gjennomfører evalueringar av større utviklings- og forsøksprosjekt som varer eitt år eller meir. I hovudsak blir evalueringane gjennomførte av eksterne forskingsmiljø. Følgjande evalueringar blei sette i gang i 2014

- Aktivitetsmidlar for kor
- Digital infrastruktur for museum
- Kunstløftet 2012–2015
- Sceneweb og Danseinformasjonens historieprosjekt

## Kunnskapsformidling og rådgjeving


FoU-verksemnda i Kulturrådet skal sikre kunnskap, rådgjeving og refleksjon om aktuelle kulturpolitiske problemstillingar. Skriftseriane blir utgjevne i samarbeid med Fagbokforlaget og er tilgjengelege på heimesidene til Kulturrådet. Utgjevingane er etterspurde av forskarar og andre aktørar på kulturfeltet, og er pensumlitteratur ved ulike lærestader.

Viktige arenaer for kunnskapsformidlinga er seminar og konferansar og deltaking i ulike eksterne styre og utval.

Les meir:

[www.kulturradet.no/forskning](http://www.kulturradet.no/forskning)

## KULTURRÅDETS SKRIFTSERIE 2014




**Musikk i tall 2012**  
Karsten W. Meyhoff, Christin W. Krohn og Jon Martin Sjøvold



**Begreper om barn og kunst**  
Ida Habbestad, Anette T. Pettersen og Sigrid Røyseng (red)



**Syng ut!**  
*Evaluering av Korforbundets støtteordning Aktivitetsmidler for kor*  
Stine Meltevik og Marthe Rosenvinge Ervik



**Koreokrati**  
Ole Marius Hylland og Sigrid Røyseng



UNGE KUNSTNERES SAMFUND (UKS). Foto: UKS

# UKS POST 74

## Driftsstøtte til kulturverksemder

Over kapittel 320 post 74 i statsbudsjettet har Kulturrådet gjeve årlege tilskot til drift av ei rekkje enkelttiltak og verksemder innanfor heile kunst- og kulturfeltet i Noreg. Mottakarane har vore verksemder innanfor produksjon og formidling av kunst, bransjeorienterte institusjonar og regionale strukturar, og dessutan har det vore tilskotsordningar som blir vidarefordelte av landsomfattande organisasjonar. Tilskota over post 74 har ikkje vore tidsavgrensa, og har hatt ein viss beløpssmessig stabilitet frå år til år.

Avsetjinga i 2014 var på 226 116 000 kroner, ein reduksjon på 2,6 millionar kroner frå nivået i 2013. Prioriteringsarbeidet i rådet var krevjande, innebar reelle kutt for ein del tiltak, og ein kunne i liten grad gje auke eller innlemme nye tiltak på posten.

Søknadene blei behandla i relevante fagutval, som leverte ei fagleg innstilling til rådet. Prioriteringar blei gjorde ut frå vurdering av kunst- og kulturfagleg kvalitet, profesjonalitet

og aktivitetsnivå, samanheng med og relevans for dei andre ansvarsområda til Kulturrådet, og rolla tiltaka hadde for kunst- og kulturfeltet som heilskap. Vidare blei det teke omsyn til geografisk spreing og mangfald.

Post 74 har i fleire år vore i endring, og i denne prosessen har det vore viktig å ha ein god dialog med søkjarar og tilskotsmottakarar. I mars 2014 blei det arrangert eit større dialogmøte for alle aktørane som får støtte over ordninga, og andre interesserte.

I budsjettvedtaket til Stortinget for 2015 blei det vedteke at tilskot til tiltak som fekk tilskot under post 74 i 2014, og som eignar seg for kunst- og kulturfagleg vurdering, skal leggjast til post 55 Norsk kulturfond i 2015. Post 74 er derfor avvikla frå og med 2015.

Les meir:

[www.fond-og-avsetninger/post-74](http://www.fond-og-avsetninger/post-74)  
[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

TAL PÅ SØKNADER

**119**

TAL PÅ TILDELINGAR

**93**

| Avsetjing                    | 2014                  | 2013                  |
|------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Allmenne kulturformål        | 22 062 000 kr         | 21 386 000 kr         |
| Visuell kunst                | 45 290 000 kr         | 43 432 000 kr         |
| Musikkformål                 | 110 721 000 kr        | 112 427 000 kr        |
| Scenekunstformål             | 9 518 000 kr          | 14 880 000 kr         |
| Litteratur og språk          | 18 166 000 kr         | 13 583 000 kr         |
| Museums- og kulturvernformål | 21 400 000 kr         | 21 502 000 kr         |
| Arkivformål                  | 519 000 kr            | 506 000 kr            |
| <b>Totalt</b>                | <b>227 616 000 kr</b> | <b>228 716 000 kr</b> |



| Allmenne kulturformål  | Tilskot 2014 | Tilskot 2013 |
|--|--------------|--------------|
| Center for Afrikansk Kulturformidling (CAK)                            | 2 500        | 2 379        |
| Folkeakademiens Landsforbund   | 7 811        | 7 811        |
| The Thor Heyerdahl Institute   | 1 086        | 1 234        |
| Kulturtiltak på Svalbard (Longyearbyen lokalstyre)                     | 151          | 172          |
| Nordland Akademi for Kunst og Kultur                                   | 1 308        | 1 308        |
| Norges Døveforbund, kulturarbeid                                       | 778          | 884          |
| Norsk kulturforum (NOKU)   | 789          | 897          |
| Norske Festivaler BA   | 580          | 566          |
| Norske Kirkeakademiets Fellesråd                                       | 1 917        | 1 917        |
| Seanse – senter for kunstproduksjon                                    | 700          | 533          |
| Stiftelsen Arkivet   | 1 173        | 1 333        |
| Voksenåsen - kulturvirksomhet  | 702          | 798          |
| Aspirantordningen  | 2 000        | 2 000        |
| Stiftelsen Fargespill*   | 513          | 500          |
| Strunkeveko**  | 54           | 54           |
| <b>Visuell kunst</b>   |              |              |
| Barnas Historie, Kunst og Kultur – Det internasjonale barnekunstmuseet | 4 019        | 3 921        |
| Birka  | 1 690        | 1 921        |
| Fotogalleriet  | 1 875        | 1 829        |
| Kunst på Arbeidsplassen  | 887          | 865          |
| Landsforeningen Norske Malere  | 1 677        | 1 636        |
| Nordic Light - International Festival of Photography                   | 469          | 533          |
| Norsk Billedhoggerforenings Skulpturkontor                             | 1 650        | 1 610        |
| Stiftelsen kunstkritikk.no   | 1 909        | 1 862        |
| Norske Grafikere   | 1 808        | 1 764        |
| Norske Kunstforeninger   | 5 287        | 5 287        |
| Norske Kunsthåndverkere  | 10 103       | 9 857        |
| Norske Tekstilkunstnere  | 1 387        | 1 353        |
| Se kunst i Nord-Norge - SKINN  | 2 177        | 2 065        |
| Tegnerforbundet  | 2 292        | 2 236        |
| Unge Kunstneres Samfund (UKS)  | 3 785        | 3 693        |
| Bergen Assembly  | 3 075        | 3 000        |
| Kunstnerforbundet (ny)   | 400          |              |
| Tromsø kunstforening (ny)  | 400          |              |
| Oslo kunstforening (ny)  | 400          |              |
| <b>Musikkformål</b>  |              |              |
| Aktivitetsmidler til kor   | 4 234        | 2 234        |
| Bok- og blueshus, Notodden   | 1 586        | 1 586        |
| Brak - Bergen Rock Aktører   | 1 161        | 1 133        |
| Cosmopolite Scene  | 2 185        | 2 132        |
| Dokkhuset Scene  | 847          | 826          |
| Kirkemusikksenter Nord   | 333          | 325          |
| Kompetansenettverk for musikk  | 5 490        | 5 490        |
| Midtnorsk Jazzsenter   | 2 077        | 2 077        |
| Musikk og ungdom   | 727          | 709          |
| Musikkutstyrsordningen   | 32 251       | 32 941       |
| Norsk Jazzarkiv ***  | 0            | 1 285        |
| Norsk Komponistforening - tilskudd trykking av noter                   | 453          | 453          |
| Norsk visearkiv ***  | 0            | 1 834        |
| NOTAM - norsk senter for teknologi i musikk og kunst                   | 4 710        | 4 595        |
| Ny Musikk  | 3 485        | 3 400        |
| Samspill - International Music Network                                 | 1 047        | 1 021        |

|   |                |                |
|---|----------------|----------------|
| Sørnorsk Jazzsenter   | 1 851          | 1 806          |
| Tilskudd til kjøp av musikkinstrumenter for skolekorps          | 11 417         | 11 417         |
| Tilskudd til landsomfattende musikkorganisasjoner               | 27 956         | 29 429         |
| Trondheim Jazzorkester  | 2 076          | 2 025          |
| Vestnorsk Jazzsenter  | 3 119          | 3 043          |
| Østnorsk Jazzsenter   | 2 716          | 2 666          |
| Folkemusikk Nord (ny)   | 500            |                |
| Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans (ny)              | 500            |                |
| <b>Scenekunstformål</b>   |                |                |
| ASSITEJ Norge   | 471            | 471            |
| Buskerud Teater   | 790            | 898            |
| Dansearena Nord   | 530            | 517            |
| Døvetolking av teaterforestillinger                             | 513            | 513            |
| Grenland Friteater/Porsgrunn Internasjonale Teaterfestival **** | 0              | 5 099          |
| Landsforbundet Teatrets Venner                                  | 326            | 371            |
| Markedet for Scenekunst, Sandefjord                             | 191            | 217            |
| Rom for Dans  | 2 000          | 1 699          |
| Studium Actoris   | 1 018          | 993            |
| Tilskuddsordningen for historiske spill/friluftspill            | 3 188          | 3 623          |
| Unima Norge   | 491            | 479            |
| <b>Litteratur og språk</b>                                      |                |                |
| Agenda X Skriveverksted   | 1 393          | 1 359          |
| Bjørnsonakademiet   | 386            | 439            |
| Bjørnsonfestivalen  | 1 681          | 1 910          |
| Bokbyen i Fjærland  | 363            | 354            |
| Bokbyen ved Skagerak  | 363            | 354            |
| Foreningen lLes   | 3 200          | 3 047          |
| Leser søker bok, Foreningen                                     | 6 200          | 6 040          |
| Norsk Barnebokforum (IBBY Norge)                                | 80             | 80             |
| Litteraturhuset i Oslo (ny)                                     | 3 000          |                |
| Litteraturhuset i Bergen (ny)                                   | 1 000          |                |
| Litteraturhuset i Fredrikstad (ny)                              | 500            |                |
| <b>Museums- og kulturvernformål</b>                             |                |                |
| ViVite - Bergen Vitensenter - skolesekkmidler                   | 934            | 1 061          |
| Emanuel Vigelands Museum  | 205            | 205            |
| Falstadsenteret   | 469            | 533            |
| Landslaget for lokalhistorie                                    | 474            | 462            |
| Midtnorsk Vitensenter - skolesekkmidler                         | 1 399          | 1 590          |
| Nordnorsk Vitensenter - skolesekkmidler                         | 934            | 1 061          |
| Norges Husflidslag  | 13 528         | 13 198         |
| Norges kulturvernforbund inkl. den norske kulturminnedagen      | 803            | 783            |
| Norges museumsforbund, inkl. Museum of the Year Award           | 1 484          | 1 448          |
| Norsk Folkeminnelag   | 87             | 85             |
| Norsk ICOM  | 298            | 291            |
| Tidsskriftet Museumsnytt  | 785            | 785            |
| <b>Arkivformål:</b>   |                |                |
| Landslaget for lokal- og privatarkiv                            | 519            | 506            |
| <b>Totalt</b>   | <b>227 616</b> | <b>228 716</b> |

\* Tilskot til Stiftelsen Fargespill ble for 2014 flytta frå fagområde scenekunst til allmenne kulturformål

\*\* Tilskot til Strunkeveko blei for 2014 flytta frå fagområde musikk til allmenne kulturformål

\*\*\* Tilskot til Norsk Jazzarkiv og Norsk visearkiv blei for 2014 flytta til Nasjonalbiblioteket

\*\*\*\* Tilskot til Grenland Friteater/Porsgrunn Internasjonale Teaterfestival blei for 2014 flytta til post 78

Tilskot oppgjevne i 1000 kr

# FOND FOR LYD OG BILETE



HIGHASAKITE fekk 108 000 kr i prosjektstøtte frå Fond for lyd og bilete. Foto: [www.highasakite.no](http://www.highasakite.no)

Fond for lyd og bilete har som kulturpolitisk formål å fremje produksjon og formidling av innspelningar av lyd- og filmopptak. Tilskota blir fordelte til beste for rettshavarar innanfor musikk, scene, film og visuell kunst. Samtidig er fondet ei kollektiv kompensasjonsordning til rettshavarar for den lovlege kopieringa av verka deira til privat bruk.

Opphavsmenn, utøvande kunstnarar og produsentar som bur og hovudsakleg har arbeidet sitt i Noreg, kan søkje om tilskot frå Fond for lyd og bilete. I 2014 fekk fondet 2837 søknader, og det blei fordelt i overkant av 34 millionar kroner frå fondet til i alt 469 prosjekt. Tilskot blei gjevne til prosjekt innanfor produksjon og formidling av lydopptak, konsertverksemd, komponering, produksjon og formidling av scenekunstframsyningar, manusutarbeiding og andre former for tekstproduksjon, produksjon og formidling av kortfilm og dokumentarfilm, produksjon og formidling av visuell kunst og samansette prosjekt som fell innanfor kategoriane over.

Hovuddelen av fondet er sett av til prosjektstøtte innanfor formålet til fondet. I tillegg er det egne ordningar for tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og gjenopptaking av sceneframsyningar.

Prøveordninga for norsk musikk i audiovisuelle produksjonar blei vidareført i 2014 med 600 000 kroner. Tildelingane frå fondet byggjer på ei heilskapleg vurdering av dei innkomne søknadene. Kvalitetsmessige kriterium skal leggjast til grunn for vedtaket. Det skal mellom anna leggjast vekt på følgjande moment:

- Vurderingane skal vere baserte på kunstnarisk skjønn
- Midlane skal særleg kome dei gruppene som er utsette for privatkopiering, til gode
- Støtta skal vere prosjektorientert
- Støtta skal fremje ny norsk produksjon og framføring
- Ein skal freiste å oppnå ei geografisk og sjangermessig spreing av støtta

Eit tilskot frå Fond for lyd og bilete er ofte avgjerande for om eit prosjekt blir gjennomført eller ikkje, og eit tilskot frå fondet kan i tillegg bidra til at det blir utløyst midlar frå andre finansieringskjelder. Gjennomføringa av eit prosjekt er ikkje berre viktig for den enkelte tilskotsmottakaren og for det kunstnariske resultatet som publikum nyt godt av, det har også økonomiske ringverknader for alle som er involverte i prosessen. Slik sett er fondet viktig for svært mange kunstnarar og andre rettshavarar.

## AVSETJING

**34,1** mill. kr

34,5 mill. kr i 2013

## SAMLA SØKNADSSUM

**263,7** mill. kr

274,7 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKNADER

**2 837**

3 159 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

**469**

555 i 2013

## TAL PÅ OPPNEMNDE MEDLEMMER I STYRET OG UTVAL

**27**

28 i 2013




| Avsetjing           | 2013                 | 2014                 |
|---------------------|----------------------|----------------------|
| Fonogramproduksjon  | 8 463 500 kr         | 8 924 500 kr         |
| Musikk              | 5 189 000 kr         | 4 885 000 kr         |
| Scene               | 3 910 000 kr         | 3 718 000 kr         |
| Tekst               | 2 316 750 kr         | 2 191 000 kr         |
| Film/video          | 9 252 650 kr         | 9 132 400 kr         |
| Biletkunst          | 955 350 kr           | 890 200 kr           |
| Styret si avsetjing | 4 437 719 kr         | 4 387 000 kr         |
| <b>Totalt</b>       | <b>34 524 969 kr</b> | <b>34 128 100 kr</b> |

## TILDELINGAR



138 søknader  
57 tildelingar

## Utvikling søknadssum og avsetjing 2010–2014



## SØKNADSSUM




122,1 mill. kr i søknadssum  
22,5 mill. kr i avsetjing

| Område              | Avsetjing            | Tal på søknader | Tal på tildelingar | Samla søknadssum      |
|---------------------|----------------------|-----------------|--------------------|-----------------------|
| Fonogramproduksjon  | 8 924 500 kr         | 888             | 113                | 68 782 952 kr         |
| Musikk              | 4 885 000 kr         | 573             | 96                 | 37 558 318 kr         |
| Scene               | 3 718 000 kr         | 259             | 45                 | 30 377 052 kr         |
| Tekst               | 2 191 000 kr         | 233             | 61                 | 14 438 645 kr         |
| Film/video          | 9 132 400 kr         | 460             | 55                 | 78 725 628 kr         |
| Biletkunst          | 890 200 kr           | 128             | 15                 | 11 105 136 kr         |
| Styret si avsetjing | 4 387 000 kr         | 296             | 84                 | 22 741 490 kr         |
| <b>Totalt</b>       | <b>34 128 100 kr</b> | <b>2 837</b>    | <b>469</b>         | <b>263 729 211 kr</b> |

## Forhold mellom søknadssum og tildelt sum


| År   | Samla søknadssum | Samla avsetjing | Forhold mellom tildeling og søknadssum |
|------|------------------|-----------------|--|
| 2014 | 263 729 221 kr   | 34 128 100 kr   | 12,9 %                                 |
| 2013 | 274 661 930 kr   | 34 524 969 kr   | 12,6 %                                 |
| 2012 | 274 181 176 kr   | 32 980 690 kr   | 12 %                                   |
| 2011 | 287 000 118 kr   | 32 265 050 kr   | 11 %                                   |
| 2010 | 280 436 902 kr   | 30 521 550 kr   | 11 %                                   |

## Tal på søknader og tildelingar fordelte på område



# Fylkesvis fordeling av midlar

● TAL PÅ SØKNADER  
● TAL PÅ TILDELINGAR



01



02

01 DRONE: Flimmer Film A/S fekk 70 000 i marknadsføringsstøtte til tv-produksjonen Drone.

02 STYGGEN PÅ RYGGEN: Knirkefritt Management & Produksjon fekk 80 000 i støtte til albuminnspeling med Jaa9 & OnkIP, og noregsturné-støtte i 2014. Foto: Promo.



## Leiaren har ordet

Styret i Fond for lyd og bilete har i 2014 fordelt til saman 469 tilskot til beste for rettshavarar innanfor musikk, scene, film, tekst og visuell kunst, i samsvar med formålet til fondet.

Norske rettshavarar har også i 2014 vore i ein situasjon prega av auka konkurranse og fallande inntekter. Strøyming av musikk og film stig raskare enn forventningane, men samtidig går norsk-andelen ned meir enn frykta. Produksjonane treng derfor auka finansiering for å sikre høg kvalitet, lengre levetid og tilstrekkeleg inntening. Dei same mekanismene ser vi også innanfor dei andre sektorane i Fond for lyd og bilete gjev støtte til. Norsk film- og tv-bransje gjennomgår radikale endringar i finansiering og distribusjon. Norske musikk, komponistar, tekstforfattarar og andre opphavsmenn, utøvarar og produsentar blir alle påverka av digitaliseringa innanfor film og musikk. Dei siste åra har vi sett at utanlandsbaserte strøymetenester for film og tv-seriar har ein marginal norskdel. For

mange rettshavarar vil støtte frå Fond for lyd og bilete vere heilt avgjerande for at dei skal kunne gjennomføre prosjekt, sidan ein i langt mindre grad enn tidlegare kan føresetje at salet kjem til å dekkje inn produksjonskostnadene.

Styret i Fond for lyd og bilete har derfor prioritert, så langt det har vore mogleg og rett, å gje tilnærma omsøkt beløp til færre prosjekt framfor å gje mindre beløp til fleire. Kvalitet har vore retningsgjevande også i 2014 for prosjekt som får tilskot, fordi dette samtidig er nøkkelen til å lykkast i ein digitalisert marknad.

Styret peikar på kva fondet har å seie som finansieringskjelde for dei gruppene fondet rettar seg mot. Som det kjem fram i denne årsmeldinga, kjem det særleg til uttrykk gjennom den store søknadsmengda, der avgrensa midlar medfører at mange støtteverdige prosjekt får avslag.

Torbjørn Urfjell,  
*avtroppende styreleiar*

**Norske musikk, komponistar, tekstforfattarar og andre opphavsmenn, utøvarar og produsentar blir alle påverka av digitaliseringa innanfor film og musikk.**

Torbjørn Urfjell  
*styreleiar*



## Styret 2012–2014



Frå venstre: Leif Holst Jensen, Ragnar Bjerkeim, Torbjørn Urfjell (styreleiar), Anders Hovind, Marte Thorsby, Hilde Wahl og Lene Therese Teigen. Foto: Kulturrådet

Styret oppnemnd 10.01.2012 har følgjande samansetjing:

### LEIAR

Torbjørn Urfjell, Gjerstad, kommunikasjonssjef  
Varamedlem: Mari Fjærtøft Trondsen, Asker, direktør

### REPRESENTANTAR FOR PRODUSENTORGANISASJONANE

Medlem: Marte Thorsby, Oslo, direktør IFPI  
Varamedlem: Larry Bringsjord, Drammen, direktør FONO  
Medlem: Leif Holst Jensen, Oslo, generalsekretær Norske Film & TV-produsenters Forening  
Varamedlem: Asle Vatn, Oslo, produsent Friland AS

### REPRESENTANTAR FOR OPPHAVSRETTSORGANISASJONAR

Medlem: Ragnar Bjerkeim, Oslo, NOPA  
Varamedlem: Bjørn Bolstad Skjelbred, Oslo, Norsk komponistforening

Medlem: Lene Therese Teigen, Oslo, Norske Dramatikeres Forbund  
Varamedlem: Tone Myskja, Fall, Norske Billedkunstnere

### REPRESENTANTAR FOR UTØVARORGANISASJONAR

Medlem: Anders Hovind, Oslo, Musikernes fellesorganisasjon  
Varamedlem: Grete Valstad, Oslo, forbundssekretær Norske dansekunstnere  
Medlem: Hilde Wahl, Lørenskog, GramArt  
Varamedlem: Toni Usman, Oslo, Norsk skuespillerforbund

## Fagutval vår

### FONOGRAMPRODUKSJON

Aggie Peterson, Tromsø (GramArt)  
Håkon Iversen, Nesodden (NOPA)  
Trude Løken, Hakadal (IFPI Norge)  
Rune Danielsen, Oslo (FONO)

### Varamedlemar

Camilla Maria Myrås, Stavanger (Musikernes Fellesorganisasjon)  
Synne Skouen, Eiksmarka (Norsk komponistforening)  
Stein Groven, Oslo (IFPI Norge)  
Karen Thommesen, Oslo (FONO)

### MUSIKK

Simen Iversen Vangen, Kabelvåg (Musikernes Fellesorganisasjon)  
Anniken Paulsen, Fredrikstad (NOPA)  
David Bratlie, Oslo (Norsk komponistforening)  
Anette Engkvist, Oslo (GramArt)

### Varamedlemar

Knut Starheim, Bergen (Musikernes Fellesorganisasjon)  
Petter Wettre, Oslo (NOPA)  
Natasha Barrett, Oslo (Norsk komponistforening)  
Marius Øvrebø-Engemoen, Vollen (GramArt)

### SCENE

Kristian Alm, Oslo (Norske Dansekunstnere)  
Loan Ha, Oslo (Norske Dansekunstnere)  
Anne E. Kokkinn, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)  
Einar Bjørge, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)

### Varamedlemmer

Ingunn Rimestad, Oslo (Norske Dansekunstnere)

Per Emil Grimstad, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)

### TEKST

Ellisiv Lindkvist, Oslo (Skriventorganisasjonenes samarbeidsutvalg)  
Dagfinn Nordbø, Oslo (NOPA)  
Marit Corneil, Trondheim (Filmforbundet)

### Varamedlemar

Finn Iunker, Oslo (Skriventorg. samarbeidsutvalg)  
Heidi Køhn, Oslo (NOPA)  
Hisham Zaman, Oslo (Filmforbundet)

### FILM / VIDEO

Terez Hollo-Klausen, Stavanger (Produsentforeningen)  
Espen Thorstenson, Fredrikstad (Norske filmregissører)  
Jan Trygve Røynealand, Oslo (Dramatikerforbundet)

### Varamedlemar

Mona Steffensen, Tromsø (Produsentforeningen)  
Ilze Burkovska Jacobsen, Tønsberg (Norske filmregissører)  
Bård Grape, Skibotn (Filmforbundet)

## Fagutval haust

### FONOGRAMPRODUKSJON

Kyrre Fritzner, Kråkerøy (Nopa)  
Kjell Samkopf, Søndre Land (Musikernes Fellesorganisasjon)  
Marte Heggelund, Oslo (Artistforbundet)  
Trude Løken, Lier (IFPI)

### Varamedlemar

Anneli Drecker, Tromsø (Nopa)  
Camilla Maria Myrås, Stavanger (Musikernes Fellesorganisasjon)  
Ole Jørgen Olsen, Oslo (GramArt)  
Stian Tangerud, Oslo (Fono)

### MUSIKK

Karoline Krüger, Bergen (Nopa)  
David Bratlie, Oslo (Norsk komponistforening)  
Anette Engkvist, Oslo (GramArt)  
Simen Iversen Vangen, Svolvær (Musikernes Fellesorganisasjon)

### Varamedlemar

Bjørn Ole Rasch, Kristiansand (Nopa)  
Natasha Barrett, Oslo (Norsk komponistforening)  
Jan Terje Sager, Oslo (Artistforbundet)  
Cathrine Nyheim, Oslo (Musikernes Fellesorganisasjon)

### SCENE

Einar Bjørge, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)  
Maria Halseth (Norsk Skuespillerforbund)  
Kristian Alm, Oslo (Norske Dansekunstnere)  
Loan Ha, Oslo (Norske Dansekunstnere)

### Varamedlemmer

Markus Tønseth, Hakadal (Norsk Skuespillerforbund)  
Ingunn Rimestad, Oslo (Norske Dansekunstnere)

### TEKST

Ellisiv Lindkvist, Oslo (Skriventorganisasjonenes samarbeidsutvalg)  
Dagfinn Nordbø, Oslo (NOPA)  
Pål Øie, Bergen (Filmforbundet)

### Varamedlemar

Helga Gunerius Eriksen, Bergen (Skriventorganisasjonenes samarbeidsutvalg)  
Lise Knudsen, Kongsberg (NOPA)  
Torfinn Iversen, Tromsø (Filmforbundet)

### FILM / VIDEO

Jan Trygve Røynealand, Oslo (Dramatikerforbundet)  
Ilze Burkovska Jacobsen, Tønsberg (Norske filmregissører)  
Terez Hollo-Klausen, Stavanger (Produsentforeningen)

### Varamedlemar

Jo Eldøen, Oslo (Filmforbundet)  
Karen Winther, Oslo (Norske filmregissører)  
Mona Steffensen, Tromsø (Produsentforeningen)

### BILETKUNST

Sveinn Fannar Jóhannsson, Oslo (Forbundet Frie Fotografer)  
Siri Austeen, Oslo (Norske Billedkunstnere)  
Tora Dalseng, Oslo (Unge Kunstneres Samfund og Norske Billedkunstnere)

### Varamedlemar

Ingrid Eggen, Oslo (Forbundet Frie Fotografer)  
Bjørn Erik Haugen, Oslo (Norske Billedkunstnere)  
Sandra Mujinga, Oslo (Unge Kunstneres Samfund)





01



02

01 JENNY HVAL fekk 100 000 kr i fonogramproduksjon, 50 000 kr til turné i USA og Storbritannia og 45 000 kr i komposisjonsstøtte til nytt album frå Fond for lyd og bilete.

02 WHEN I GO OUT, I BLEED MAGIC. Ingrid Torvund mottok i 2014 prosjektstøtte til kunstfilmen «When I Go Out, I Bleed Magic».



03



04

03 MARION RAVN fekk 130 000 kr i prosjektstøtte. Foto: Isabel Watson/Blackbird Music

04 FORBRYTELSE & STRAFF. Hildur Kristinsdóttir er blitt tildelt støtte for musikkteaterprosjektet «Klassikere for Kids 3: Forbrytelse & Straff». Illustrasjon henta frå nettside.



# STATENS KUNSTNAR- STIPEND

PAPER DRAWINGS av Marit Roland på Østlandsutstillinga 2014, Buskerud Kunstsenter. Roland fekk toårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar i 2014. Foto: Marit Roland

Stipend- og garantiinntektsordninga skal leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Ved tildeling skal det berre leggjast vekt på kunstnarisk kvalitet og aktivitet.

I alt 24 ulike stipendkomitear innstiller til statens kunstnarstipend. Utvalet tildeler etter stipendkomiteane si innstilling. I 2014 tildelte utvalet 886 stipend etter søknad.

Forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar, fastsett av Kulturdepartementet i 1998, er regelverket som ligg til grunn for stipendkomiteane sine innstillingar og tildelingane frå utvalet i 2014. Stipend baserte på gjennomført kunstutdanning blir tildelte etter forskrift om stipend basert på gjennomført kunstutdanning.

#### AVSETJING

**269,5** mill kr

258 mill. kr i 2013

#### TAL PÅ SØKJARAR

**4 284**

4 126 i 2013

#### TAL PÅ SØKNADER

**8 205**

7 686 i 2013

#### TAL PÅ TILDELINGAR

**886**

749 i 2013

#### TAL PÅ OPPNEMNDE MEDLEMMER I UTVALET OG KOMITEANE

**116**

104 i 2013

| Stipend   | 2014                  | 2013                  |
|---|-----------------------|-----------------------|
| Arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyutdanna kunstnarar | 115 626 000 kr        | 109 984 000 kr        |
| Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar            | 13 816 000 kr         |                       |
| Diversestipend  | 14 620 000 kr         | 14 620 000 kr         |
| Diversestipend for nyutdanna kunstnarar                         | 12 000 000 kr         | 4 500 000 kr          |
| Stipend for eldre fortente kunstnarar                           | 5 160 000 kr          | 5 540 000 kr          |
| <b>Kunstnarstipend totalt</b>                                   | <b>161 222 000 kr</b> | <b>134 644 000 kr</b> |
| Stipend basert på gjennomført kunstutdanning                    | 1 000 000 kr          | 13 374 000 kr         |
| Garantiinntekt  | 107 263 000 kr        | 109 946 000 kr        |
| <b>Stipend og garantiinntekt totalt</b>                         | <b>269 485 000 kr</b> | <b>257 964 000 kr</b> |



## Kvotefordelinga 2014

|  | Arbeidsstipend         |                     |                               |                            |                            | Arbeidsstipend for yngre/<br>nyetablerte kunstnarar |                          |                            |
|--|------------------------|---------------------|-------------------------------|----------------------------|----------------------------|---|--------------------------|----------------------------|
|  | Frigjorde stipend 2014 | 18 nye stipend 2014 | 23 nye eittårige stipend 2014 | Vidareførte stipend i 2014 | Totalt tal på stipend 2014 | Frigjorde stipend 2014                              | Videreførte stipend 2014 | Totalt tal på stipend 2014 |
| Biletkunstnarar                        | 23                     | 6                   | 9                             | 40                         | 78                         | 28  | 26                       | 54                         |
| Kunsthåndverkarar                      | 12                     | 1                   | 2                             | 21                         | 36                         | 13  | 13                       | 26                         |
| Skjønnlitterære forfattarar            | 16                     | 1                   |                               | 26                         | 43                         | 9   | 6                        | 15                         |
| Barne- og ungdomslitterære forfattarar | 4                      | 2                   |                               | 3                          | 9                          | 2   | 1                        | 3                          |
| Dramatikarar                           | 7                      |                     |                               | 1                          | 8                          | 2   | 1                        | 3                          |
| Skjønnlitterære omsetjarar             | 1                      |                     |                               | 3                          | 4                          | 2   |                          | 2                          |
| Faglitterære forfattarar og omsetjarar | 2                      |                     |                               | 1                          | 3                          |   |                          |                            |
| Musikarar, songarar og dirigentar      | 8                      | 2                   | 2                             | 15                         | 27                         | 9   | 3                        | 12                         |
| Komponistar                            | 5                      |                     | 1                             | 6                          | 12                         | 3   | 1                        | 4                          |
| Skodespelarar og dokkespelarar         | 7                      |                     | 2                             | 10                         | 19                         | 5   | 3                        | 8                          |
| Sceneinstruktørar                      | 3                      |                     | 1                             | 1                          | 5                          | 2   |                          | 2                          |
| Scenografar og kostymedesignarar       | 1                      |                     | 1                             | 2                          | 4                          | 1   | 1                        | 2                          |
| Teatermedarbeidarar                    | -                      |                     |                               |                            |                            |   |                          |                            |
| Dansekunstnarar                        | 6                      | 1                   | 2                             | 9                          | 18                         | 6   | 10                       | 16                         |
| Kritikarar                             | 3                      | 2                   |                               |                            | 5                          |   |                          |                            |
| Journalistar                           |                        |                     |                               |                            |                            |   |                          |                            |
| Fotografar                             | 7                      | 1                   | 1                             | 7                          | 16                         | 4   |                          | 4                          |
| Filmkunstnarar                         | 5                      |                     | 1                             | 7                          | 13                         | 3   | 2                        | 5                          |
| Arkitektar*                            |                        |                     |                               |                            |                            |   |                          |                            |
| Interiørarkitektar*                    |                        |                     |                               |                            |                            |   |                          |                            |
| Andre kunstnargrupper*                 | 7                      | 1                   | 1                             | 1                          | 10                         | 3   | 1                        | 4                          |
| Folkekunstnarar                        | 3                      |                     |                               | 1                          | 4                          | 1   | 1                        | 2                          |
| Populærkomponistar                     | 12                     | 1                   |                               |                            | 13                         | 5   |                          | 5                          |
| <b>Totalt</b>                          | <b>132</b>             | <b>18</b>           | <b>23</b>                     | <b>154</b>                 | <b>327</b>                 | <b>98</b>   | <b>69</b>                | <b>167</b>                 |

\* Arkitektar og interiørarkitektar har ikkje eigen kvote for arbeidsstipend og arbeidsstipend yngre. Frigjorde stipend går tilbake til kvoten til andre kunstnargrupper.

| Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar | Diversestipend for nyutdanna kunstnarar     |                |                   | Diversestipend    | Garantiinntekt** |                                |
|--|---|----------------|-------------------|-------------------|------------------|--------------------------------|
|  | Erstattar frigjorde GI-heimlar 2013 og 2014 | Løyving 2014   | Overført frå 2013 | Sum kvote 2014    | Beløp 2014       | Frigjorde heimlar 2013 og 2014 |
| 22   | 6 003 000                                   |                | 6 003 000         | 3 517 000         | 26               | 238                            |
| 11   | 957 000                                     | 13 000         | 970 000           | 1 620 000         | 12               | 82                             |
| 6  |   |                |                   | 1 451 000         | 7                | 29                             |
| 3  |   |                |                   | 528 000           | 4                | 6                              |
|  |   |                |                   | 425 000           |                  | 2                              |
|  |   |                |                   | 381 000           |                  | 2                              |
| 1  |   |                |                   | 178 000           | 1                | 1                              |
| 5  | 875 000                                     |                | 875 000***        | 1 529 000         | 6                | 12                             |
|  | 637 000                                     |                | 637 000           | 383 000           |                  | 12                             |
| 1  | 557 000                                     |                | 557 000           | 968 000           | 1                | 6                              |
|  | 159 000                                     |                | 159 000           | 235 000           |                  | 2                              |
|  | 239 000                                     |                | 239 000           | 166 000           |                  | 2                              |
|  |   |                |                   | 51 000            |                  |                                |
| 1  | 1 479 000                                   |                | 1 479 000         | 731 400           | 1                | 19                             |
|  |   |                |                   | 97 000            |                  |                                |
|  |   |                |                   | 58 000            |                  |                                |
| 1  | 696 000                                     | 42 000         | 738 000           | 517 600           | 1                | 8                              |
| 1  | 398 000                                     | 89 000         | 487 000           | 527 000           | 1                | 1                              |
|  |   |                |                   | 65 000            |                  |                                |
|  |   |                |                   | 90 000****        |                  |                                |
| 1  |   |                |                   | 317 000           | 1                | 6                              |
|  |   |                |                   | 204 000           |                  |                                |
|  |   |                |                   | 611 000           |                  | 1                              |
| <b>53</b>  | <b>12 000 000</b>                           | <b>144 000</b> | <b>12 144 000</b> | <b>14 650 000</b> | <b>61</b>        | <b>429</b>                     |

\*\* Garantiinntekt blir fasa ut. Frigjorde garantiinntekter blir ikkje tildelte på nytt.

\*\*\* Musikarar er ikkje omfatta av ordninga.

\*\*\*\* Inkluderer kr 30 000 i ubrukte midler overført frå 2013.

# Stipendordningane

Arbeidsstipendet skal gje kunstnarar høve til å arbeide med prosjekt eller fordjupingsoppgåver for å vidareutvikle kunsten sin. Stipenda blir gjevne for ein periode frå eitt til fem år. I 2014 var talet på arbeidsstipend 327. Dette inkluderer 23 eittårige arbeidsstipend som gjaldt berre for 2014.

Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar skal gje yngre kunstnarar i etableringsfasen høve til å utvikle seg kunstnarisk og betre moglegheita til å leve som kunstnar. Stipenda blir gjevne for ein periode frå eitt til tre år. I 2014 var talet på stipend 167.

Årsbeløpet for arbeidsstipend og arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar i 2014 var 205 000 kroner.

Stipend for etablerte kunstnarar og stipend for seniorkunstnarar var nytt i 2014. Stipenda blei oppretta for å erstatte Garantiinntekta, som er under utfasing.

Stipend for etablerte kunstnarar skal gje kunstnarar høve til å utvikle det kunstnariske virket sitt over ein lengre periode og til å kunne ha kunstnarisk aktivitet som sitt hovudarbeid. Det blir tildelt for ti år og fell bort dersom mottakaren fyller 67 år i løpet av stipendperioden.

Stipend for seniorkunstnarar skal sikre mottakarane økonomisk tryggleik, slik at dei kan ha kunstnarisk aktivitet som sitt hovudarbeid. Det blir tildelt yrkesaktive kunstnarar som er 56 år eller eldre, for perioden fram til mottakaren fyller 67 år.

Det blei tildelt 33 stipend for etablerte kunstnarar og 20 stipend for seniorkunstnarar i 2014. Årsbeløpet var i 2014 kr 233 385.

Diversestipendet skal vere eit bidrag til den enkelte søkjaren si kunstnariske verksemd. Det kan mellom anna gjevast støtte til etablering, kurs, fordjuping, reiser og materiale. Maksimumsbeløpet i 2014 var 60 000 kroner.

Diversestipend for nyutdanna kunstnarar skal bidra til å lette overgangen til yrkeslivet for kunstnarar som har gjennomført kunstutdanning på bachelor- eller masternivå. Kunstnarar med høgste grad innanfor sitt fagområde skal prioriterast. Det kan gjevast støtte til ulike formål, jf. ordinært diversestipend.

I 2014 blei det tildelt 88 stipend; maksimumsbeløpet var 90 000 kroner.

Stipend basert på gjennomført kunstutdanning er eit rettsbasert stipend som blir gjeve til kunstnarar som har fullført høgare kunstfagleg utdanning ved høgskolar som inngår i ordningane etter forskrift. Stipendet fasast ut og erstattast med diversestipend for nyutdanna kunstnarar. I 2014 utgjorde stipendbeløpet for fullført bachelor 75 330 kroner, og for fullført master 50 220 kroner. På grunn av utfasing var det få som hadde rett til stipendet i 2014. Det blei tildelt 11 stipend.

Stipend for eldre fortente kunstnarar blir gjeve til eldre kunstnarar som ei påskjønning for mangeårig og verdifull kunstnarisk innsats. Stipendet varer livet ut viss det ikkje blir sagt opp av stipendiaten. Stipendbeløpet i 2014 var 20 000 kroner per år. Ordninga er under utfasing, og det blir derfor ikkje tildelt nye stipend.

Les meir:

[www.kulturradet.no/statens-kunstnerstipend](http://www.kulturradet.no/statens-kunstnerstipend)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)

## AVSETJING

# 162,2 mill kr

148 mill. kr i 2013

## TAL PÅ SØKJARAR

# 4 284

4 126 i 2013

## TAL PÅ TILDELINGAR

# 886

749 i 2013

| Stipend  | Kvinner    | Menn       | Totalt     |
|--|------------|------------|------------|
| Arbeidsstipend                                       | 87         | 86         | 173        |
| Arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar      | 64         | 34         | 98         |
| Diversestipend                                       | 266        | 208        | 474        |
| Diversestipend for nyutdanna kunstnarar              | 61         | 27         | 88         |
| Stipend for etablerte kunstnarar og seniorkunstnarar | 30         | 23         | 53         |
| <b>Kunstnarstipend totalt</b>                        | <b>508</b> | <b>378</b> | <b>886</b> |

## TAL PÅ STIPEND



4 284 søkjarar  
886 tildelingar


## Nytildelte stipend fordelt på kunstområde

| Kunstområde   | Søkjarar     | Tildelingar | Forhold mellom søkjar og tildelingar |
|---------------|--------------|-------------|--------------------------------------|
| Bilete        | 1 990        | 336         | 16,9 %                               |
| Tekst         | 660          | 154         | 23,3 %                               |
| Scene         | 532          | 146         | 27,4 %                               |
| Musikk        | 709          | 175         | 24,7 %                               |
| Film          | 147          | 35          | 23,8 %                               |
| Andre         | 246          | 40          | 16,3 %                               |
| <b>Totalt</b> | <b>4 284</b> | <b>886</b>  | <b>20,7 %</b>                        |



# Fylkesvis fordeling av stipend

● TAL PÅ SØKNADER  
● TAL PÅ TILDELINGAR



# Garantiinntektsordninga

Garantiinntekta skal gje kunstnarar økonomisk tryggleik og gjerer det mogleg å kunne ha kunstnarisk aktivitet som sitt hovudyrke.

### Forskrifter

Forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1998-09-16-936>

Ordninga blir fasa ut og blei erstatta av to nye stipendordningar frå og med 2014: stipend for etablerte kunstnarar og stipend for senior-kunstnarar.

Forskrift om stipend basert på gjennomført kunstutdanning:  
<http://www.lovdata.no/for/sf/ku/xu-20021011-1148.html>

På grunn av utfasinga blei det ikkje tildelt nye garantiinntekter i 2014. Kunstnarar som allereie er i ordninga, beheld garantiinntekta. Talet på kunstnarar i ordninga pr. 1.1.2014 var 450.

### Les meir

[www.kulturradet.no/statens-kunstnerstipend](http://www.kulturradet.no/statens-kunstnerstipend)

### AVSETJING

**107,3** mill kr

110 mill. kr i 2013

### TAL PÅ GARANTIINTEKTER

**450\***

488 i 2013

\* per januar 2014

| Kunstmråde    | Garantiinntekter | Prosent      |
|---------------|------------------|--------------|
| Bilete        | 341              | 75,8 %       |
| Tekst         | 43               | 9,5 %        |
| Scene         | 30               | 6,7 %        |
| Musikk        | 27               | 6 %          |
| Film          | 2                | 0,4 %        |
| Andre         | 7                | 1,6 %        |
| <b>Totalt</b> | <b>450</b>       | <b>100 %</b> |

Leiaren har ordet

## Den viktige kunstnarøkonomien

Det har kome fleire utgreingar den siste tida som vedkjem kunstnarstipenda. I Kulturutredningen 2014 peikar ein på at levkåra til kunstnarane, trass i Kulturløftet I og II, ikkje har oppnådd same vekst som kulturlivet elles. Det blir vist til at kunstnarføremål er det området på det statlege kulturbudsjettet som har svakast vekst i perioden. Det var derfor knytt stor spenning til regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2015, ikkje minst på bakgrunn av forslag til kutt i kunstnarstipenda som regjeringa hadde innstilt til året før, men som heldigvis ikkje fekk fleirtal. Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar er glad for å konstatere at regjeringa har vore lydhøyr og teke signala frå den norske kunstnarstanden. Både opprettinga av fleire stipend på statsbudsjettet for 2015 og igangsetjinga av ei eiga utgreiing om kunstnarøkonomien viser at det er forståing for at stipenda er viktige og for behovet for auka kunnskap om levkåra til kunstnarane.

Utvalet har i 2014 engasjert seg i så vel utgreiinga om Kulturrådet, som blei lagd fram våren 2014, som i utgreiinga om kunstnarøkonomien, som Vigdis Moe Skarstein fekk i oppgåve å leie. Utvalet gav ei lengre utsegn til gjennomgangen av Norsk kulturråd for den delen av utgreiinga som berørte utvalet, kunstnarstipenda og forvaltninga av ordninga. I utgreiinga om kunstnarøkonomi blei utvalet invitert til å kome med innspel i prosessen.

Utvalet er oppteke av at kunstnarstipenda ikkje blir vurderte isolert som verkemiddel, men sett på som ein essensiell del av ein heilskapleg strategi for å betre levkåra til kunstnarane. Vidare meiner utvalet at forvaltninga av stipenda skal gje rom for hensiktsmessige tilpassingar slik at stipendmidlane treffer best mogleg.

I dei skriftlege innspela sine har utvalet derfor mellom anna poengtert behovet for betre kunnskapsgrunnlag om levkåra til kunstnarane og for at det blir henta inn kunnskap meir jamleg. Utvalet har også understreka kor viktige kunstnarstipenda er for utviklinga av kunstnarskapar, og for å gje føreseielege forhold for kvar enkelt kunstnar. Moglegheit for fordjuping er nødvendig for å sikre både høg kvalitet og eit breitt kunstnarisk mangfald.

Som leiar av utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar håpar eg det beste i dei to utgreiingane blir lagt til grunn for statens vidare arbeid med å løfte og styrke kunst- og kunstnarpolitikken. Det er mogleg å gjere mindre forenklingar og justeringar i forvaltninga av kunstnarstipenda, slik utvalet også har teke til orde for ved fleire høve tidlegare. Desse justeringane må likevel aldri gå ut over omfanget og det stipenda er meinte å vere, nemleg bidrag til utviklinga av heile kunstnarskapar. Utvalet vil også framover bidra aktivt i arbeidet med å vidareutvikle forvaltninga av stipendordningane.

Alfhild Skaardal  
*utvalsleiar*

Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar er glad for å konstatere at regjeringa har vore lydhøyr og teke signala frå den norske kunstnarstanden.

Alfhild Skaardal  
*utvalsleiar*



## Utvalet 2014–2017



Frå venstre: Kjell Samkopf (vara), Ann Kavli, Finn Arnesen, Alfhild Skaardal og Nina Badendyck. Ikkje til stede: Ulla Marie Broch. Foto: Kulturrådet

Utvalet tildeler stipend etter innstilling frå stipendkomiteane. I tillegg gjev utvalet råd til Kulturdepartementet om fordelinga av heimlar og midlar mellom kunstnargruppene. Utvalet vurderer også om innehavarar av garantiinntekt er yrkesaktive som kunstnarar, og gjer vedtak om garantiinntekta framleis skal oppretthaldast, eller om ho skal falle bort.

### OPPNEMNING

Kulturdepartementet oppnemner fem medlemmer, mellom desse leiar og nestleiar. To av medlemmene med vara blir oppnemnde etter felles innstilling frå meir enn halvparten av dei kunstnarorganisasjonane som overfor utvalet innstiller til stipend. Alle medlemmene har personlege varamedlemmer. Oppnemninga gjeld for fire år.

OPPNEMNDE AV KULTURDEPARTEMENTET  
Museumsdirektør Alfhild Skaardal, leiar, Kongsberg  
Vara: Advokat Ida Gjessing, Oslo

Professor dr. juris Finn Arnesen, nestleiar, Åsgårdstrand  
Vara: Jurist Stine Baumann, Høvik

Fylkeskultursjef Nina Badendyck, Bodø  
Vara: Advokat Helene Braanen, Hosle

OPPNEMNDE AV KUNSTNAR-ORGANISASJONANE  
Skodespelar Ulla Marie Broch, Oslo  
Vara: Musikar og komponist Kjell Samkopf, Fall  
Vara: Koreograf Karen Foss, Tjøme

Forfattar og biletkunstnar Ann Kavli, Trondheim  
Vara: Filmskapar Erin Gjorv, Nesoddtangen  
Vara: Filmkomponist Bent Åserud, Oslo



# Utvalets sakkunnige komitear 2014

Stipendkomiteane er faglege sakkunnige organ for utvalet. Stipendkomiteane innstiller til utvalet om tildeling av stipend og om garantiinntekta skal oppretthaldast eller bortfalle. Innstillingane blir gjevne skriftleg med ei kortfatta grunngjeving.

Statens kunstnarstipend blir tildelt av utvalet etter innstilling frå stipendkomitear. Det er til saman 24 stipendkomitear, som består av mellom tre og

ti medlemmer. 23 av komiteane blir oppnemnde av kunstnarorganisasjonane, mens stipendkomiteen for andre kunstnargrupper blir oppnemnd av utvalet. Denne komiteen handsamar tverrfaglege søknader og søknader som ikkje høyrer heime i nokon av dei andre kunstnargruppene. Sjå Forskrift om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere, punkt 8.2.1

[lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1998-09-16-936](http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1998-09-16-936)

## SAMANSETJING AV STIPENDKOMITEANE:\*

### BILETKUNSTNARAR

Jannik Abel (leiar)  
Runa Carlsen  
Grethe Britt Fredriksen  
Halvard Haugerud  
Gunnild Moe(vara)  
Mattias Härenstam  
Kurt Johannessen  
Aslaug Juliussen  
Thorbjørn Sørensen  
Maia Urstad

### KUNSTHANDVERKARAR

Elisabeth Engen (leiar)  
Svein Ove Kirkhorn  
Tovelise Røkke-Olsen  
Britt Hennie Halvorsen  
Siri Haaskjold  
Christian Sunde

### SKJØNNLITTERÆRE FORFATTARAR

Markus Mindré (leiar)  
Marita Fossum  
Tormod Haugland  
Eirik Ingebrigtsen  
Mirijam Kristensen  
Aasne Linnestå  
Morten Wintervold

### BARNE- OG UNGDOMS-LITTERÆRE FORFATTARAR

Ingelin Røssland (leiar)  
Karin Kinge Lindboe  
Synne Sun Løes  
Erna Osland  
Tor Arve Røssland  
Bjørn Fredrik Rørvik

### DRAMATIKARAR

Karianne Lund (leiar)  
Harald Rosenløy Eeg  
Arne Lygre  
Andreas Markussen  
Liv Heløe

### SKJØNNLITTERÆRE OMSETJARAR

Tommy Watz (leiar)  
Agnete Øye  
Bodil Engen  
Inger Gjelsvik  
Jørn Roeim

### FAGLITTERÆRE FORFATTARAR OG OMSETJARAR

Sindre Hovdenakk (leiar)  
Gro Stangeland  
Jon Rognlien

### MUSIKARAR, SONGARAR OG DIRIGENTAR

Kari Rolland (leiar)  
Trond Dahlen  
Anders Eriksson  
Svenn Erik Kristoffersen  
Roy Henning Snyen  
Cathrine Nyheim  
Terje Wiedswang  
Ingrid Vetlesen  
Camilla Maria Myrås  
Helge Kanck  
Kaja Aadne  
Helge Norbakken  
Ingrid Uddu  
Trude Eick

### KOMPONISTAR

Glenn Erik Haugland (leiar)  
Ewa Jacobsson (vara)  
Klaus Sandvik  
Therese Birkelund Ulvo (vara)

### SKODESPELARAR OG DOKKESPELARAR

Jaap den Hertog (leiar)  
Marius Lien (vara)  
Nina Woxholt  
Jorunn Lullau (vara)

### SCENEINSTRUKTØRAR

Bjørn Sæter (leiar)  
Audny Chris Halsen  
Nora Evensen

### SCENOGRAFAR OG KOSTYMEDESIGNARAR

Gunhild Mathea Olaussen (leiar)  
Signe Becker  
Dagny Drage Kleiva

### TEATERMEDARBEIDARAR

Bjarne Stensrud (leiar)  
Iselin Ivarson  
Kristin Skiftun

### DANSEKUNSTNARAR

Karl-Erik Nedregaard (leiar)  
Mattias Ekholm  
Hilde Rustad  
Masja Abrahamsen  
Marianne Kjærund

### KRITIKARAR

Thoralf Berg (leiar)  
Harald Flor  
Cathrine Krøger  
Borghild Maaland

### FILMKRITIKARAR

Borghild Maaland (leiar)  
Terje Eidsvåg  
Birgitte Bratseth (vara)

### JOURNALISTAR

Kenneth Andresen (leiar)  
Line Schestrøen  
Une Bratberg  
Hege Lamark  
Arild Berg Karlsen  
Gunnar Kagge

### FOTOGRAFAR

Christine Hansen (leiar)  
Signe Marie Andersen  
Farhad Kalantary

### FILMKUNSTNARAR

Sophie Hesselberg (leiar)  
Marie Anisdahl  
Bård Grape  
Irmelin Wister  
Unni Straume

### ARKITEKTAR

Espen Handegård (leiar)  
Anette Dietrichson Bruun  
Torkel Njå  
Bente Rødahl  
Tone Broch-Moe

### INTERIØRARKITEKTAR

Linge Grindheim (leiar)  
Anne Berentsen  
Espen Andersen

### ANDRE KUNSTNERGRUPPER

Maya Økland (leiar)  
Malmfrid Hovsveen Hallum  
Fredrik Hannestad  
Per Roar Thorsnes  
Ewa Jacobsson (vara)  
Eirik Fauske (vara)

### FOLKEKUNSTNARAR

Mats Johansson (leiar)  
Hanne Yrdestad Aadland  
Solveig Torgersen Grinder (vara)  
Ola Stave (vara)

### POPULÆRKOMPONISTAR

Julian Berntzen (leiar)  
Aslak Hartberg (vara)  
Kate Havnevik  
Ola Bremnes  
Beate Slettevold Lech

\* Berre medlemmer og eventuelle varamedlemmer som deltok i innstilling til stipend, er nemnde.



01



02

01 JOACHIM TRIER blei tildelt eittårig arbeidsstipend i 2014. Foto: Motlys/Norsk film distribusjon.

02 Muskar og komponist PAOLO VINACCIA fekk seniorstipend i 2014. Foto: Arild Andersen



03 CHARLTON HESTON PÅ DÆLI!, KANON #5. Lars Fiske blei tildelt eittårig arbeidsstipend i 2014.





01

01 NOT RED BUT GREEN. Biletkunstnar Per Kristian Nygård fekk eittårig arbeidsstipend i 2014. Her frå installasjonen Not Red But Green, NoPlace Oslo i 2014.

02 ABSENCE OF CLARITY. Førestilling av Terje Tjøme Mossige og Øyvind Jørgensen. Dansar og koreograf Terje Tjøme Mossige fekk stipend for etablerte kunstnarar i 2014. Foto: Stein Jarle Nilsen

03 PAPER DRAWINGS av Marit Roland på Østlandsutstillinga 2014 ved Buskerud Kunstsenter i Drammen. Roland fekk toårig arbeidsstipend for yngre/nyetablerte kunstnarar i 2014.



02



03



# MUSEUM OG ARKIV



NORVEGISKA ROMÁ - NORSKE SIGØYNERE, ETT FOLK – MANGE STEMME, utstilling på Interkulturelt Museum ved Oslo Museum. Utstillinga har fått støtte frå støtteordninga prosjektmidlar museum med fire millionar kroner. Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek.

Kulturrådet sine oppgåver på arkiv- og museumsfeltet omfattar både utvikling, forvaltning og rådgjeving. Kulturrådet skal initiere og gje tilskot til eit breitt spekter av samarbeids- og prosjekttiltak på museums- og arkivfeltet. Både større samarbeidsprosjekt med aktørar i sektorane og tilskot til eksterne prosjekt er viktige verkemiddel for Kulturrådet si rolle som strategisk utviklingsaktør. Når det gjeld eksterne prosjektmidlar, er ein

viktig føresetnad for tildeling at midlane blir brukte til prosjekt som er nyskapande og har overføringsverdi til større grupper av institusjonar. Digital tilgang til samlingane er eit viktig satsingsområde for Kulturrådet.

Les meir:

[www.kulturradet.no/museum-arkiv-og-kulturvern](http://www.kulturradet.no/museum-arkiv-og-kulturvern)

AVSETJING

**29,3** mill. kr

36 mill. kr i 2013

SAMLA SØKNADSSUM

**105,5** mill kr

101 397 229 kr i 2013

TAL PÅ SØKNADER

**257**

264 i 2013

TAL PÅ TILDELINGAR

**86**

113 i 2013

| Avsetjing                            | 2014                 | 2013                 |
|--------------------------------------|----------------------|----------------------|
| Prosjekt- og utviklingsmidlar        | 8 070 000 kr         | 11 979 000 kr        |
| Privatarkiv                          | 2 000 000 kr         | 3 000 000 kr         |
| Sikringsmidlar                       | 9 873 000 kr         | 9 873 000 kr         |
| Div. utviklings- og samarbeidstiltak | 9 345 000 kr         | 11 148 000 kr        |
| <b>Totalt</b>                        | <b>29 288 000 kr</b> | <b>36 000 000 kr</b> |

| Avsetjing                            | Søknadssum            | Tildelt              | Søknader   | Tildelingar |
|--------------------------------------|-----------------------|----------------------|------------|-------------|
| Prosjekt- og utviklingsmidlar        | 71 958 486 kr         | 8 070 000 kr         | 160        | 33          |
| Privatarkiv                          | 12 671 895 kr         | 2 000 000 kr         | 52         | 16          |
| Sikringsmidlar                       | 20 836 752 kr         | 9 873 000 kr         | 45         | 37          |
| Div. utviklings- og samarbeidstiltak |                       | 9 345 000 kr         |            |             |
| <b>Totalt</b>                        | <b>105 467 133 kr</b> | <b>29 288 000 kr</b> | <b>257</b> | <b>86</b>   |



# Museumsutvikling

Kulturrådet har i 2014 vidareført arbeidet med å styrke museumssektoren. Rolla som koordinator og pådrivar for prosjekt har stått sentralt. Det same har samordning av fellestiltak som siktar på å løfte sektorens grunnleggjande kvalitet gjort.

I 2014 blei det samla inn statistikk for 2013 frå 129 museum. Kulturrådet stod for utforming av spørjeskjema, innhenting av data, kontroll av materialet og utgjeving av publikasjonen *Statistikk for museum 2013*. Kulturrådet arbeidde med å vidareutvikle museumsstatistikken i 2014

## Det nasjonale museumsnettverket

Det nasjonale museumsnettverket med driftstilskot frå Kulturdepartementet består av cirka 80 museum. Kulturrådet koordinerer budsjettsøknader, rapportering og statistikkopplysningar for desse og gjekk i 2014 grundig gjennom rapporteringa og budsjettsøknadene frå musea. Kulturrådet leverer ein samla rapport til Kulturdepartementet med vurderingar av museumsfeltet og enkeltmuseum, til bruk i samband med budsjettproposisjonen for 2015. Rapportane frå musea er òg grunnlaget for Kulturrådet sitt forslag til rapport i budsjettproposisjonen.

I 2014 var det aktivitet i alle dei 24 faglege museumsnettverka. Åtte av nettverka søkte om og fekk tildelt til saman 920 000 kroner i prosjektmidlar i 2014.

## Samlingsforvaltning

Kulturrådet sørgjer for nødvendige standardar, retningslinjer og IKT-verktøy for samlingsforvaltninga til musea. Kulturrådet har prioritert støtte til prosjekt som styrker medvitet om prioritering og avhending.

Kulturrådet hadde i 2012–2014 ei toårig satsing på bygningsvern. Prosjektet blei avslutta i 2014 og resulterte mellom anna i publikasjonen «Prioritering i bygningsamlingar».

## Formidling

I «Nye brudd» har seks museum vidareført arbeidet med kritisk formidling og synleggjering av marginaliserte historier. I 2014 laga dei seks musea, med økonomisk støtte frå Kulturrådet, ei

felles utstilling «Brudd 2014 – et bidrag til grunnlovsjubileet», som blei vist på fleire arenaer og på nett.

## Vurderingar av søknader til nasjonale kulturbygg

Kulturrådet utarbeidde ei museumsfagleg vurdering til Kulturdepartementet av 25 investerings-søknader på kap. 320 post 73 Nasjonale kulturbygg. Vurderingane gjaldt museumsbygg, og blei laga på bakgrunn av innsende søknader, synfaringar, rapportering og budsjettsøknader frå dei aktuelle musea.

## Kompetanseheving

Seminar *Det relevante museum* i Trondheim i oktober samla 82 deltakarar frå om lag 40 museum. Seminarprogrammet bestod av innlegg som understreka samanhengen mellom dei ulike kjerneområda i museumsarbeidet. I tillegg var det parallelle sesjonar for fordjuping i formidling, bevaring, forskning og dokumentasjon.

## Prosjekt- og utviklingstiltak

Utviklingsmidlane på kap. 320 post 77 blir gjevne dels som tilskot til eksterne prosjekt, der prosjekt med overføringsverdi skal bidra til å gje heile sektoren retning og løft i kvalitet. I tillegg utviklar Kulturrådet samarbeidsprosjekt med musea på viktige utviklingsområde.

Post 77 omfattar også den statlege tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Over ordninga blir det gjeve tilskot til tiltak for å forebygge øydeleggingar ved brann, tjuveri, ran, hærverk, naturskade og eventuell annan skade. Det kom inn 45 søknader frå 32 ulike museum med ein samla søknadssum på 20,84 mill. kroner i 2014. Det blei gjeve tilskot til 37 tiltak fordelte på 29 museum. Kulturrådet og sikringsutvalet starta i 2014 opp arbeidet med å utvikle ein rettleiar for risiko- og sårbarheitsanalyser i norske museum

## Sektorsamarbeid om kystkultur

Kulturrådet vidareførte sektorsamarbeidet om kystkultur med Riksantikvaren, Kystverket og Fiskeridirektoratet. Samarbeidet har vore nedfelt i ein felles handlingsplan. Det er eit nært samarbeid mellom dei fire etatane og

museumsnettverka for fiskeri- og kystkultur, sjøfart og Kystverkmusea. Hovudsatsinga i 2014 var slutføringa av ein serie med 14 hefte med forskjellige tema under ein felles tittel «Fortellinger om Kyst-Norge». Samarbeidet skal vidareførast, med ein ny handlingsplan for 2015–2020.

## Sikringstiltak

Kulturrådet forvaltar den statlege tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Det blei gjeve tilskot på 9,9 millionar kroner til 37 tiltak fordelte på 29 museum.

Kulturrådet administrerer den statlege forsikringa av gjenstandar som blir lånte frå utlandet til utstillingar i Noreg. Kulturrådet behandla fem søknader om statleg forsikring i 2014.

## Arbeid med immateriell kulturarv

Kulturrådet har ei aktiv rolle i arbeidet med å implementere UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. I 2014 er det drive utstrekkt informasjons- og bevisstgjeringarbeid, m.a. gjennom foredrag, utvikling av nettsider, konferanse, kurs og seminar.

I tråd med signala i St.meld. nr. 73 har det blitt arbeid vidare med den immaterielle kulturarven til nasjonale minoritetar. Det har blitt arrangert tre workshops med jødiske, skogfinske og kvenske miljø i løpet av året. I tillegg har medarbeidarar frå Kulturrådet delteke på kurs og seminar med instruktørar frå UNESCO.

Les meir:

[www.kulturradet.no/museum](http://www.kulturradet.no/museum)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)



BRUDD 2014 ved Lille Lungegårdsvann i Bergen. BRUDD er ei satsing som har stimulert musea til å dokumentere og formidle dei ubehagelige, marginale historiene som musea tradisjonelt ikkje fortel. Utstillinga har fått støtte frå støtteordninga prosjektmidlar museum. Foto: Bymuseet i Bergen.

BYGNINGSFORVALTNING I MUSEER. Metode for prioritering i bygningsamlinger. Forfattar Siv Leden/Kulturrådet.

# Arkivutvikling

Viktige satsingsområde for arkivsektoren i 2014 har vore utvikling av privatarkivområdet, utvikling av felles, digital infrastruktur og formidlings tiltak som gjer arkiv meir kjende og tilgjengelege for nye brukarar.

Kulturrådet sine utviklingsoppgåver for arkiv er i 2014 følgde opp gjennom tilskot til utviklings tiltak over post 77 og rådgjeving. Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2015 at Kulturrådet sine utviklingsoppgåver for arkiv skulle overførast til Riksarkivaren.

## Støtteordninga for privatarkiv

Utlysinga for støtte til privatarkiv for 2014 retta seg berre mot arkiv i museum, i tråd med signal frå departementet. Det kom inn 53 søknader med ein samla søknadssum på 12,7 millionar kroner. Av desse fekk 16 støtte på til saman 2 millionar kroner. Tildelingane fordelte seg geografisk frå Ryfylkemuseet i sør til Varanger Samiske Museum i nord.

## Memory of the World

Memory of the World vart oppretta i 1992 og er eitt av fleire UNESCO-program som har til formål å synleggjere og redde kulturarven. «Noregs dokumentarv» er den norske delen av UNESCOs Memory of the World-register. Norsk kulturråd er sekretariat for dette arbeidet og for den norske komiteen for dokumentarven i verda. I 2014 har komiteen gjennomført det andre opptaket med innførsler i det norske registeret. 47 søknader kom inn, og 29 dokument og arkiv vart tekne opp i registeret.

## Arkivstatistikk

I stortingsmelding nr. 7 (2012–2013) *Arkiv* foreslo Kulturdepartementet at ansvaret for statistikk frå arkivinstitusjonane skulle overførast til Riksarkivaren, mens Kulturrådet framleis skulle arbeide med statistikk for arkiv i musea. Statistikk for arkiv utanfor arkivsektoren for 2014 omfatta 154 institusjonar. Av desse er 63 folkebibliotek, 14 fagbibliotek og 77 museum. Statistikken blei publisert på nettsida til Kulturrådet og inngjekk i SSBs kulturstatistikk. I 2014 har Norsk kulturråd i tillegg delteke i arbeidet med å starte opp ein internasjonal arkivstatistikk.

## Fotobevaring

Kulturrådet har arrangert ein nordisk Landskonferanse for fotobevaring med ca. 150 deltakarar, halde tre kurs om juridiske problemstillingar omkring formidling av fotografi (samarbeid med BONO), og publisert rettleiingsheftet «Skadet fotografisk materiale – veiledning i håndtering av skadet fotografisk materiale» i samarbeid med Preus museum. Fotobevaringstiltaka rettar seg mot aktørar i heile kulturarvssfeltet.

## Samarbeid

Kulturrådet samarbeidde med Riksarkivet og Landslaget for lokal- og privatarkiv om fleire arrangement i løpet av året, mellom anna Arkivdagen, SAMDOK-konferansen og Privatarkivkonferansen.

Les meir:


[www.kulturradet.no/arkiv](http://www.kulturradet.no/arkiv)

[www.kulturradet.no/tildelingslister](http://www.kulturradet.no/tildelingslister)



MINNEMATERIALET ETTER 22. JULI er teke opp i registeret over Noregs dokumentarv. Foto: Riksarkivet.





01



02

- 01 ARKIVET ETTER ARENDALS TURN - FORENING 1857-2011. Arkivet blei teke opp i registeret over Noregs dokumentarv i 2014. Foto: Aust-Agder kulturhistoriske senter.
- 02 ARKIVET ETTER SLEKTEN AALL PÅ ULEFOS HOVEDGAARD CA. 1660-1900. Arkivet blei teke opp i registeret over Noregs dokumentarv i 2014. Foto: Telemark museum
- 03 DIGITALT MUSEUM. SAS sin booking-sentral 1973. Biletet er teke av Atelier Rude. Foto: Digitalt museum / Oslo Museum.
- 04 DEMOKRATISENTER FOR UNGE. Eidsvoll 1814 / Norsk Folkemuseum fekk 300 000 kr i utviklingsmidlar for museum til demokratilæring for barn og unge.
- 05 NORSK UTVALG FOR BETONG I SJØVANN 1962-2001. Arkivet er ei eineståande kjelde for å studere tidleg norsk offshore- og betongindustri, og med det starten på det norske olje-eventyret. Materialet blei teke opp i registeret over Noregs dokumentarv i 2014.



03



04



05





# DEN KULTURELLE SKULE- SEKKEN

DEN STYGGE ANDUNGEN. Dansekompaniset dybwikdansen turnerte i Rogaland hausten 2014 med Den kulturelle skulesekken. Framsyninga blei støtta av Kulturrådet i 2008, og har sidan blitt framført over 700 gonger over heile landet. Foto: Morten Berentsen.

Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken er plassert i Kulturrådet og består av to medarbeidarar. Primæroppgåva til sekretariatet er å vere eit bindeledd mellom fylkesnivået og departementa (KUD og KD) og å bidra til å utvikle ordninga.

Sekretariatet tek imot rapportar frå fylkeskommunane, som skildrar korleis ordninga blir forvalta og spelemidlane brukte. Rapportane blir samanfatta og presenterte for styringsgruppa til DKS. I 2014 har det ikkje vore nokon møte i styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

DKS-sekretariatet har i 2014 vore på besøk i heile landet og møtt alle nivå i ordninga, frå elevar og lærarar til skuleeigarar, kunstnarar og institusjonar, og dei forskjellige administrative nivåa. Det har blitt arrangert to nettverksmøte for DKS-nettverket, i Kirkenes og på Gardermoen. I april ferdigstilte CCE (Creativity, Culture and Education) rapporten «Elevmedvirkning i Den kulturelle skulesekken» på bestilling frå DKS-sekretariatet.

Som ein del av samarbeidsavtalen mellom Ungdommens kulturmenstring (UKM), Den kulturelle skulesekken KS, og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa (KKS) og Norsk kulturskuleråd var DKS-sekretariatet med på å arrangere ungdomskulturfestivalen UNG 2014 i juni i Trondheim. UNG 2014 er ei

massemønstring for ungdom, med kjerneverdiane ungdom, kultur, fellesskap og medverknad. UNG 2014 var ungdomskulturens feiring av 200-årsjubileet for Grunnlova.

Inkluderingsprosjektet INK2013 blei avslutta i desember 2014. Prosjektet føregjekk i samarbeid med Seanse senter for kunstproduksjon i Volda. Prosjektet utvikla DKS-produksjonar retta mot elevar med spesielle behov. Ein forskar følgde prosjektet. Forskringsrapporten kjem i mars 2015.

## Nasjonal aktør for kulturarv i Den kulturelle skulesekken

Kulturrådet har rolla som nasjonal aktør på kulturarvsområdet i nettverket for DKS. Hovudsatsinga er «Flatbrød og Sirkus», eit årleg inspirasjonsseminar for alle som arbeider med kulturarvsfeltet innanfor DKS. Tema i 2014 var menneskerettar og demokrati, og korleis ein formidlar slike tema til barn og unge, med særskild vekt på Grunnlovsjubileet. Seminaret tek sikte på å bidra til langsiktig og konstruktiv nettverksjobbing mellom ulike kulturarvsaktørar innanfor DKS. I 2014 vart seminaret arrangert for sjetten år på rad, med over 90 deltakarar frå museums- og arkivsektoren, kulturarvsprodusentar, kunstnarar, kommunar og fylkeskommunar.

Les meir:

[www.kulturradet.no/den-kulturelle-skulesekken](http://www.kulturradet.no/den-kulturelle-skulesekken)

## AVSETJING

**197,9** mill kr

200 mill. kr i 2013

## GRUNNSKULE

TAL PÅ ARRANGEMENT

**52 082**

55 806 i 2013

TAL PÅ DELTAKARAR

**2 870 451**

2 763 555 i 2013

TAL PÅ ARRANGEMENT I  
SNITT PER ELEV

**4,6**

4,5 i 2013

## VIDAREGÅANDE SKULE

TAL PÅ ARRANGEMENT

**3 719**

3 697 i 2013

TAL PÅ DELTAKARAR

**275 196**

312 413 i 2013

TAL PÅ ARRANGEMENT I  
SNITT PER ELEV

**1,4**

1,7 i 2013





01



02

- 01 SØTARKITEKTUR.DKS-produksjon på Blakstadskole i Askeri 2014. Elevene bygger konstruksjonar med vingummi, i regi av ARKKI, ein finsk arkitektskule for unge.
- 02 KNITTING PEACE. Scenekunstproduksjonen har turnert i fleire norske fylke med Den kulturelle skulesekken. I 2014 var dei i Østfold. Foto: Mats Bäcker.
- 03 LUFT OG KJÆRLIGHET. I mai 2014 fekk elevene på Greverud skole besøk av tubaist Lars Andreas Haug gjennom Den kulturelle skulesekken. Framsyninga "Luft og kjærlighet" er spela over 1000 gonger over heile Noreg sidan 2005. Foto: Marianne Kjær.
- 04 JENNY RYDHAUGEN. Elevar frå 5. klasse på besøk i fotokunstnar Jenny Rydhagens atelier i Nesoddparken. Kunstnarmøtet er i regi av Den kulturelle skulesekken Akershus. Jenny Rydhaugen, bilete frå atelier, 2014 © Jenny Rydhaugen / Bono 2015. Foto: © DKS Akershus.



03



04





# FAG- ADMINISTRASJONEN

Kulturrådet har i dag ein fagadministrasjon på 130 tilsette og har som verdiar å stimulere til eit nyskapande og mangfaldig kunst- og kulturliv, vere ein synleg og open aktør i samfunnsdebatten og bidra til samhandling.

Fagadministrasjonen har fleire ulike forvaltningsoppgåver:

Å vere sekretariat for tre styrande organ: det kollegiale organet Norsk kulturråd (rådet), som forvaltar Norsk kulturfond og post 74, utvalet for Statens kunstnarstipend (SKS) og styret for Fond for lyd og bilete (FLB), og dessutan for sekretariat for Den kulturelle skulesekken.

Å arbeide med ei rekkje utviklings- og forvaltningsoppgåver for museums- og arkivsektoren, immateriell kulturarv, inkludering og mangfald.

Å sikre forskning, utgreiing og evaluering på kunst- og kulturfeltet.

Å ha ansvar for internasjonale oppgåver knytte til EUs kulturprogram og kulturutvekslingsprogramma innanfor EØS-finansieringsordningane.

Fagadministrasjonen i Kulturrådet har tre roller:

Forvalte tilskotsordningar til det frie profesjonelle kunst- og kulturlivet gjennom Norsk kulturfond, SKS og FLB, forvalte tilskot til prosjekt og utviklingstiltak på museums- og arkivfeltet, og dessutan andre tiltak og ordningar som fell inn under virkeområdet til Kulturrådet.

Vere ein pådrivar for utvikling av kunst- og kulturfeltet ved å initiere og støtte utvikling og nyskaping gjennom prosjekt, forsøksordningar, forskning, kunnskapsproduksjon og kunnskapsdeling.

Vere rådgjevar i kunst- og kulturspørsmål for statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, og for aktørar i kunst- og kulturfeltet.

Fagadministrasjonen i Kulturrådet er lokalisert i Mølleparken i Oslo og er organisert i fire avdelingar. Bildet *To Everything There is a Season* av Vanessa Baird blei montert i resepsjonsområdet hausten 2014. Verket er eit utsmykkingsoppdrag for KORO.

TILSETTE

**130**

128 i 2013

TAL PÅ KULTURRÅDS-  
ARRANGEMENT

**48**

52 i 2013

DRIFT, PROSJEKT OG  
UTVIKLINGSTILTAK

**150,9** mill. kr

172,9 mill. kr i 2013

FØLGJARAR PÅ TWITTER

**15 000**

11 000 i 2013

VANESSA BAIRD. Utsnitt av *To Everything There is a Season*, Vanessa Baird. 2014. Biletet er montert i resepsjonen til Kulturrådet. © Vanessa Baird / BONO 2015.  
Foto: © Trond A. Isaksen / KORO



# Internasjonalt kultursamarbeid

I 2014 vedtok Kulturrådet for første gong ein internasjonal strategi som gjeld for heile administrasjonen. I dei siste åra har det skjedd ei betydeleg utvikling innanfor internasjonalt arbeid i Kulturrådet. Frå å vere ein aktør som bidrar med informasjon om ulike internasjonale initiativ og søknadshjelp til norske kulturaktørar, har Kulturrådet i dag styrkt rolla si i utviklinga av internasjonale samarbeidsrelasjonar på program- og prosjektnivå. Kulturrådet arbeider med fleire internasjonale ordningar, blant anna EUs kulturprogram Kreativt Europa, EØS-kulturutvekslingsprogram og Norsk-islandsk kultursamarbeid, i tillegg til jamleg arbeid med internasjonale initiativ, nettverk og samarbeid. Det er generelt ein aukande tendens til internasjonalt samarbeid blant aktørane i kunst- og kulturfeltet.

Internasjonalisering og globalisering er ein del av arbeidskvardagen til kunst- og kulturaktørar i heile landet. Utveksling av kunnskap, kompetanse og formidling på tvers av grenser gjer ikkje berre norsk og internasjonal kunst meir synleg og tilgjengeleg, men skaper også verdifulle møteplassar for fagfelt over heile verda.

## Kulturrådets internasjonale strategi

Kulturrådet ferdigstilte i 2014 ein strategi for det internasjonale arbeidet. Arbeidet med strategien byggjer vidare på bakgrunnsmateriale som er utarbeidd i samband med Stortingsmelding nr. 19 (2012–2013) og gjennomgang i tilknytning til omorganisering av verksemda våren 2013. Strategien gjeld for perioden 2014–2018.

Hovudmåla i strategien er auka samhandling nasjonalt og internasjonalt, kunnskaps- og kompetansebygging og kommunikasjon. Kulturrådet har i 2014 arbeidd med å styrke og vidareutvikle faste oppgåver med internasjonal karakter. Kulturrådet deltok i 2014 blant anna på det årlege møtet i Utanriksdepartementet for alle medarbeidarane med ansvar for kultur på utanriksstasjonane. Kulturrådet har også styrkt samhandlinga med kulturforvaltningar i andre land gjennom å delta aktivt i blant anna IFACCAs (International Federation of Arts Councils and Culture Agencies) globale og regionale nettverk. I tillegg har Kulturrådet inngått eit forskingssamarbeid med Arts Council England, Ecce (European Centre for Creative Economy, Dortmund), Creative England og Arts Council Ireland for å kartleggje og identifisere verknadene av offentlege tilskot.

## EØS-midlane

Ein stor del av det internasjonale arbeidet til Kulturrådet er knytt til EØS-midlane. Desse midlane er Noregs, Islands og Liechtensteins bidrag til å redusere sosial og økonomisk ulikskap i Europa og styrke bilaterale relasjonar mellom landa. Kulturutveksling er eit av fokusområda. Det er sett av midlar til kulturutvekslingsprogram i ti land, og dei fleste prosjekta blir gjennomførte i samarbeid med norske kulturaktørar. Alle dei nye kulturutvekslingsprogramma skal bidra til å fremje kulturell dialog og europeisk identitet gjennom å styrke forståinga av kulturelt mangfald. Alle prosjekta skal vere ferdigstilte innan april 2016.

Kulturrådet er norsk kontaktpunkt og programpartner med Latvia, Litauen, Tsjekia, Polen, Romania og Portugal. Dette medfører at Kulturrådet bidrar i utforming av programma, formidlar informasjon om EØS-midlane til norsk kultursektor og følgjer opp norske partnerar i prosjekta. I 2014 var programma i alle dei seks landa godt i gang, og det blei utlyst midlar i fem av landa. Kulturrådet har ei rolle i tildelingsprosessane i alle land, og i programmet med Litauen oppnemnde Kulturrådet ekspertar som tok del i søknadshandsaminga. Ved utgangen av 2014 er det tildelt midlar til prosjekt i fem av dei seks programma, og rundt 130 norske partnerar er involverte i prosjekt. Les meir: [www.kulturradet.no/eos-midlene](http://www.kulturradet.no/eos-midlene)

## EUs kulturprogram

Norsk kulturråd har, i samarbeid med Norsk film-institutt, ansvar for å følgje opp norsk deltaking i EUs nye kulturprogram Kreativt Europa 2014–2020. Programmet har ei økonomisk ramme på 1,46 milliardar euro over sju år og er ei vidareføring av Kulturprogrammet 2007–2013, MEDIA 2007 og MEDIA Mundus. Frå og med 2014 er Kulturrådet nasjonal koordinator, og har på vegner av Kulturrådet og Norsk Filminstitutt inngått ein avtale med Education, Audovisual and Culture Executive Agency om informasjons- og rettleiingsarbeid i Noreg i 2014.

Kulturrådet har i løpet av året informert og rettleia norske kunst- og kulturaktørar om delprogrammet for kultur. Arbeidet har føregått ved individuell rettleiing, informasjonsmøte, e-post, web og sosiale medium. Ni informasjonsmøte med påfølgjande rettleiing blei haldne utanfor Oslo. Kreativt Europa-desken deltok på arrangement i blant anna Trondheim, Namsos, Bergen, Vadsø, Kirkenes, Svolve, Fredrikstad og Madrid. Sju informasjonsmøte blei haldne i Oslo. Kulturrådet og Filminstituttet inviterte alle fylkeskultursjefane i Noreg, dei regionale filmsentera, Europa-kontora til dei norske regionane, Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet til eit felles møte der moglegheitene og utfordringane i EUs kulturprogram blei diskuterte.

Kulturrådet deltok i løpet av 2014 aktivt i samarbeidet mellom dei europeiske Kreativt Europa-deskane. Særleg har Kulturrådet vore pådrivar for nordisk-baltisk samarbeid mellom deskane, og var blant anna vertskap for eit felles nordisk-baltisk

desk møte i Oslo. Kulturrådet og Norsk filminstitutt utvikla i 2014 både ei eiga Kreativt Europa-nettside og ei eiga Facebook-side. I løpet av 2014 blei det produsert ein felles brosjyre som viser resultat frå førre programperiode (2007–2013) og moglegheitene i det nye programmet.

Les meir: [www.kulturradet.no/eus-kulturprogram](http://www.kulturradet.no/eus-kulturprogram)

## Norsk-islandsk kultursamarbeid

Hensikta med avsetjinga er å bidra til eit mangfaldig kultursamarbeid mellom Noreg og Island. Tiltak som får støtte, skal ha relevans for begge land og helst gje avkastning i form av varige kontaktar mellom kunstnarar, kulturarbeidarar eller forskarar etter at det konkrete prosjektet er gjennomført. Til saman skal prosjekta representere eit mangfald av kunstnariske uttrykk og kulturfaglege disiplinar, og både historiske og samtidsretta tiltak skal takast vare på.

33 kunst- og kulturprosjekt blei tildelte midlar gjennom støtteordninga i 2014. Eit vidt spekter av prosjekt fekk tilskot for til saman nesten 1,5 millionar kroner. Tildelingane blei vedtekne i møte mellom Kulturrådet og Det islandske ministeriet for utdanning, forskning og kultur våren 2014. Totalt kom det inn 87 søknader.

I 2014 har Kulturrådet arbeidd med å forenkle ordninga. Kriteria for ordninga er spissa ein del, og det blir mellom anna lagt større vekt på eit reelt samarbeid mellom norske og islandske aktørar. Det har også blitt laga eit elektronisk søknadsskjema for ordninga. Midlane for 2015 blei lyste ut i 2014 med søknadsfrist 15. desember.

Les meir: [www.kulturradet.no/stotteordninger/norsk-islandsk-kultursamarbeid](http://www.kulturradet.no/stotteordninger/norsk-islandsk-kultursamarbeid)

## Kultursamarbeid under Austersjøområdet

Kulturrådet har vidareført deltaking i styringsgruppa for kulturarvssamarbeid i Austersjøområdet, Monitoring Group for Cultural Heritage in the Baltic Sea States. I 2014 blei det halde to møte der vidare strategi og planlegging av neste kulturarvforum i 2016 blei diskutert. Det har tidlegare blitt halde fem slike forum innanfor dette samarbeidet og sist i 2013 i Tallinn. I tillegg til Kulturrådet si rolle i styringsgruppa har det også i år vore representantar frå museumssektoren i arbeidsgruppene for undervassarkeologi og for kystkultur, i tillegg til arbeidsgruppa for nyare kulturminne som blei etablert i 2014.






01



02



03



04



05

- 01 FAUST FOR KIDS. Hilde Kristinsdóttir mottok 100 000 kr i støtte frå Norsk-islandsk kultursamarbeid. Teaterframsyninga Faust for Kids blir sett opp med norske og islandske skodespelarar.
- 02 VIVA BASKET! er eit samarbeidsprosjekt mellom Søreskogen, Sunnhordaland museum og polske Serfenta Association som dokumenterer korgflettekunst i Noreg og Polen. Prosjektet er støtta med over 1 million kroner frå EØS-midlane for kultur. Biletet viser korgflettar Jan Zogota. Foto: Det polske kulturdepartement.
- 03 DOKTOR PROKTORS PROMPEPULVER har fått støtte til omsetjing av norsk litteratur til europeiske språk.
- 04 FROM CHOPIN AND TELLEFSEN TO XXI CENTURY er eit samarbeidsprosjekt mellom Ringve museum, Trondheim symfoniorkester, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Den polske forening i Fredrikstad og Frydryk Chopin Institute i Polen. Prosjektet er støttet med over 5,7 millioner kroner fra EØS-midlene for kultur. Foto: Katarzyna Kasica.
- 05 VI TYGGER PÅ TIDENS KNOKLER. Framsyninga er ein del av eit internasjonalt samarbeidsprosjekt i regi av Union des Théâtres de l'Europe (UTE). Prosjektet har namnet Terrorisms. Frå 2013 til 2015 samarbeider Nationaltheatret med teater i London, Stuttgart, Reims, Beograd og Tel Aviv om ei kunstnarleg utforsking av temaet terrorisme. Med støtte frå EUS kulturprogram. Foto: Nationaltheatret.



# Digital utvikling

Kulturrådet arbeider med koordinerings- og utviklingsoppgåver på det digitale området i fleire delar av verksemda. Kulturrådet samarbeider også med ei rekkje eksterne aktørar på dette området, mellom anna regionale kulturnett, fylkeskommunar og andre nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

## Infrastruktur

Norvegiana er eit verktøy for å gjere kulturdata lettare tilgjengelege som opne data / ope baseng med kulturdata frå arkiv, museum og andre kulturinstitusjonar. Det blir utvikla og drifta av Kulturrådet. Norvegiana gjer tilgjengeleg data for vidare bruk frå ulike kjelder i kultursektoren, mellom anna DigitaltMuseum, Digitalt fortalt og Arkivportalen. Ved utgangen av 2014 var det ca. 6,4 millionar objekt i Norvegiana, mot 6 mill. kr i 2013. Data blir brukte mellom anna av Europeana, i Kultur- og naturreise og i andre formidlingsløysingar utvikla av tredjepart. Arbeidet med dokumentasjon av innhald og tenester og rutinar for hausting av data til Norvegiana var prioriterte oppgåver i 2014. I 2014 starta også eit utviklingsarbeid med tenester og funksjonar i Norvegiana med planlagd avslutning våren 2015.

Europeana er ein felles portal til europeisk kulturinnhald. Kulturrådet er nasjonal aggregator for norsk museums- og arkivinnhald til Europeana. Med ca. 1,7 mill. objekt er Noreg blant dei største bidragsytarene til Europeana per capita. Kulturrådet er prosjektpartner i det treårige prosjektet Europeana Awareness, som starta i januar 2012. Eitt av føremåla med prosjektet er å auke medvitet om Europeana, og å vidareutvikle innhald og bruk av portalen. I 2014 har innsatsen til Kulturrådet i hovudsak vore kampanjen «Krigshistoriens sorte hull», gjennomført i samarbeid med Troms fylkeskommune, Nord-Troms museum og Årran – lulesamisk senter. Kampanjen var også eit bidrag til Grunnlovsjubileet. Ifølgje Europeanas målingar auka kjennskapen til Europeana-portalen med 75 % etter prosjektet.

Les meir: [www.kulturradet.no/europeana](http://www.kulturradet.no/europeana)

## Kunnskapsdeling, formidling og økt tilgang

Kulturrådet har i 2014 arrangert fleire arrangement på feltet digital utvikling. Av dei viktigaste kan vi nemne:

- #hack4no - hackaton med ca. 170 deltakarar.
- Opne data i kultursektoren – open fagdag med ca. 150 deltakarar.
- Semantiske data – meirverdi og tenestebygging – open fagdag med ca. 50 deltakarar.
- Kurs i lisensiering av innhald i DigitaltMuseum og Digitalt fortalt
- NordLOD – nordisk konferanse om opne kulturdata, ca. 100 deltakarar (medarrangør)

Digitalt fortalt er ein database og ei formidlingsteneste for forteljingar og anna kulturarvs-innhald både frå institusjonar og det frivillige kulturvernsfeltet. KulturIT driftar og utviklar Digitalt fortalt på oppdrag frå Kulturrådet. Det blir levert data frå Digitalt fortalt til mellom anna Norvegiana, Europeana og til prosjektet Kultur- og naturreise. Digitalt fortalt er også brukt aktivt i medverknads- og inkluderingsarbeid, mellom anna i samarbeid med Kriminalomsorga. Ved utgangen av 2014 inneheldt Digitalt fortalt ca. 4100 forteljingar, mens tilveksten i 2014 var ca. 800 forteljingar

Les meir [www.kulturradet.no/digitalt-fortalt](http://www.kulturradet.no/digitalt-fortalt)

Wikipedia for arkiv, museum og kunst var eit samarbeidsprosjekt mellom Wikimedia Norge og Kulturrådet, der ei rekkje museum og arkiv var involverte. Sidan prosjektstart i 2011 har prosjektet lagt til rette for tovegskopling mellom Digitalt museum og Wikipedia, og ca. 600 personar har delteke på kurs og workshops. Prosjektet blei avslutta i 2014 med ein kort introduksjonsfilm og ei rekkje tekst- og biletbaserte kursmodular.



KULTURARV I WIKIPEDIA. Wikipedia for arkiv, museum og kunst var eit samarbeidsprosjekt mellom Wikimedia Norge og Kulturrådet, der ei rekkje museum og arkiv var involverte.

## Digital utvikling i museums-sektoren

Kulturrådet har følgd opp utviklinga av den digitale infrastrukturen til musea med støtte til KulturIT for utvikling av nettstaden KulturNav. Nettstaden er no tilgjengeleg for oppbygging og deling av felles person-, stad-, omgreps- og hendingsregister på tvers av kultursektoren. KulturIT er også tilført midlar til ei vidare utvikling av Primus og Digitalt Museum.

Kulturrådet har sett i gang arbeidet med å omsetje den britiske standarden for samlingsforvaltning, SPECTRUM, og Benchmarks in Collection Care for Museums, Archives and Libraries til norsk. Vi har i tillegg utvikla, og støtta utvikling av, metodar for avhending, verddivurdering og prioritering av fleire typar museumssamlingar. Bidraget i fjor til utvikling av IKT-verktøy for konservering er følgd opp med konkrete tildelingar, og vi har bidrege til lansering av nettstaden KulturNav. Han er no tilgjengeleg for oppbygging og deling av felles person-, stad-, omgreps- og hendingsregister på tvers av kultursektoren.

Systemet ABMStatistikk blir brukt som portal for budsjettsøknad og rapportar frå institusjonar og tiltak som får årleg driftstilskot direkte frå Kulturdepartementet. Portalen blir brukt også av Norsk kulturråd til museumsstatistikk, arkivstatistikk og handtering av kap. 320 post 74. På slutten av 2014 blei det gjennomført eit prosjekt for museumsstatistikken der det blei lagt eit grunnlag for å gjere museumsstatistikken tilgjengeleg som opne offentlege data. For institusjonar som mottek årleg driftstilskot frå KUD, er det i 2014 blitt gjennomført vanlege rutinar for rapportering, budsjettsøknad osv. For kap. 320 post 74 blei systemet brukt som saksbehandlingsverktøy.

## Kultur- og naturreise

Kultur- og naturreise er eit tverretatleg innovasjonsprosjekt (2012–2015) med Kartverket, Kulturrådet, Riksantikvaren og Riksarkivet. Miljødirektoratet deltok i 2012–2014. Prosjektet er ein pådrivar og katalysator i

arbeidet med opne data og digital utvikling og driv eit aktivt nettverksarbeid i Noreg og Europa. Målet med Kultur- og naturreise er å leggje til rette for og stimulere til meir bruk av offentlege data i mobile formidlingsløysingar, og å bidra til open og enkel tilgang på stadig meir data av betre kvalitet er hovudmåla.

Samordning og enkel tilgang står sentralt. Samordning betyr å kunne tilby data frå prosjektdeltakarar og samarbeidspartnarar via ein nasjonal digital infrastruktur. Målet er at det skal bli enklare å få oversikt over innhaldet og å hente ut data.

Det er også eit mål at dataa er opne – det vil seie at dei kan takast i bruk av alle, mellom anna aktørar innanfor reiseliv, lokalt næringsliv og utdanning, til eksisterande og nye tenester. Det betyr at Kultur- og naturreise legg til rette for verdiskaping med utgangspunkt i kultur- og naturarven.

Kultur- og naturreise arbeider nasjonalt, men har to geografiske pilotområde, Telemark og Gudbrandsdalsleia frå Oslo til Trondheim, der ein særleg arbeider med innhald, kompetanseheving og uttesting av formidlingsløysingar. Pilotane har vist moglegheiter for å sjå prosjektarbeid i ein større samanheng og i samspel med andre prosjekt, for eksempel europeiske LoCloud.

Eit høgdepunkt i 2014 var #hack4no – opna av Knut Olav Åmås og Paul Chaffey. 170 personar var innom arrangementet, og resultatet var 15 konkurransebidrag. Prosjektet stod bak fire fagdagar innanfor tema som Historiske geodatabasar og kart, lenka opne data og «Korleis få til mobilformidling».

Prosjektet har utvikla ein prototypeapp «KNappen». I tillegg blir fleire demoar som både viser bruk og koplingar av kultur- og naturdata, planlagde. Desse kan brukast og tilpassast av andre etter deira behov

Les meir [www.kulturradet.no/e-kultur](http://www.kulturradet.no/e-kultur)



# Mangfald og inkludering

Kulturrådet har i mange år satsa særskilt på å styrkje mangfaldet i kunst- og kulturlivet på ulike måtar og i samarbeid med forskjellige grupper, institusjonar og miljø. Ulike tiltak og prosjekt har vore utvikla og støtta i samarbeid med til dømes det samiske urfolket, dei nasjonale minoritetane (romani-folket/taterane, rom, jødar, skogfinnar og kvenar), nye minoritetar og andre grupper og organisasjonar. Å styrke arbeidet med universell utforming i museum og arkiv er òg ein del av denne satsinga.

Kulturinstitusjonane si samfunnsrolle, med spesiell vekt på medverknad og inkludering, er eitt av områda Kulturrådet har hatt søkjelys på i utviklingsarbeidet i 2014. Mellom anna arrangerte Kulturrådet tre opne fagdagar med tema kultur og kriminalomsorg, kultur og helse, og Generic Learning Outcomes (evaluerings- og planleggingsverktøy).

## Minoriteter - dokumentasjon og formidling

I arbeidet med å implementere UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven har Kulturrådet spesielt lagt vekt på den immaterielle kulturen til samane og dei nasjonale minoritetane. I 2014 arrangerte Kulturrådet tre seminar med kvenske, skogfinske og jødiske institusjonar, organisasjonar og ressurspersonar. Målet var å få betre kunnskapar om den immaterielle kulturarven til minoritetane. Vidare inviterte Kulturrådet museum som arbeider med nasjonale minoritetar, til eit to dagars dialogmøte for å utveksle kunnskapar, erfaringar og utfordringar.

Hausten 2014 opna Oslo Museum – Interkulturelt museum utstillinga «Norvegiska romá – norske sigøynere. Eit folk – mange stemmer». Utstillinga er eit pionerarbeid basert på ein fleirårig

dokumentasjon av norske romás kultur og historie i tett samarbeid med minoriteten sjølv. Norsk minoritetspolitikk vis-a-vis denne nasjonale minoriteten er ein sentral del av utstillinga. Kulturrådet har i fleire år gjeve støtte til dette prosjektet.

## Aspirantordninga

Profesjonelle kunstnarlege og kulturfaglege verksemdar kan søkje om tilskot til å tilsetje kunstnarar eller kulturarbeidarar med minoritetsbakgrunn som er i etableringsfasen. I 2014 omfatta ordninga sju stipend på kr 330 000 kvar. Mellom anna fekk Haugesund billedgalleri, Norsk Skogfinsk Museum og Sykehusklovnene moglegheit til å tilsetje ein aspirant i 2014.

Institusjonane som tek imot aspirantar, må forplikte seg til å gi aspiranten meiningsfylte oppgåver som sikrar fagleg og kunstnarleg utvikling og er i samsvar med institusjonane sine målsetjingar og behov, og til at resultatet av opplæringa blir målbart.

Målet er å vidareføre ei aspirantordning i kunst- og kulturinstitusjonar som kan gi unge kunstnarar og kulturarbeidarar høve til å utvikle seg fagleg, lære korleis institusjonane arbeider og få tilgang til viktige kontaktar og nettverk. Ordninga skal sikre ei breiare rekruttering til kunst- og kulturrelaterte yrke, og at kulturinstitusjonane skal spegle mangfaldet i befolkninga.

I januar 2014 inviterte Kulturrådet til erfaringsseminar for dei aspirantane og institusjonane som hadde vore med på ordninga sidan oppstarten i 2012. Konklusjonen var at ordninga fungerer etter målet, og ifølgje deltakarane bør ho både styrkjast og utvidast.

Les meir

[www.kulturradet.no/mangfold](http://www.kulturradet.no/mangfold)



SYKEHUSKLOVNENE fekk i 2014 aspirantstipend frå Kulturrådet. Foto: Rolf Øhman/Sykehusklovnene.



# Kulturnæringar

I 2014 delte Kulturrådet ut 4,9 millionar kroner i tilskot til 21 ulike samlokalisering- og nettverksprosjekt innanfor kulturnæringane. 300 000 kroner var øyremerkte til samiske tiltak.

Formålet med denne ordninga er å styrke grunnlaget for næringsutvikling hos kulturaktørar, gjennom å støtte ulike former for samarbeid. Prosjekta skal styrke nærings-/forretningsutviklinga, anten direkte for søkjarane sjølv, eller indirekte, for eksempel gjennom kompetanse- eller tenesteutvikling for eit felt eller ei gruppe aktørar. Det er lagt vekt på overføringsverdiar – at tiltaket kan ha nytte for andre enn søkjaren. Det er vidare lagt vekt på breidde i finansiering, og at tilskotet skal finansiere konkrete aktivitetar i ein avgrensa tidsperiode. Søknadene blir behandla av fagadministrasjonen i Kulturrådet.

Til søknadsfristen 2. september fekk vi 85 søknader på til saman 31 millionar kroner. 21 søkjarar fekk tilskot, det vil seie ei tildelingsgrad på 25 %. Vi fekk inn søknader frå heile landet, og prosjekta som fekk tilskot, fordelte seg slik

geografisk: Trøndelag eitt, Oppland to, Buskerud to, Telemark eitt, Hordaland to, Rogaland to, Østfold eitt, Troms to og Oslo åtte. Blant desse er fem nasjonale prosjekt, av desse er to i Oslo. Det var søkjarar frå ei lang rekkje fagområde, flest frå visuell kunst, film og musikk, og dessutan frå fleirfaglege kulturnærings-tiltak som for eksempel inkubatorar.

I arbeidet med vurderinga har fagadministrasjonen innhenta ekspertutsegner frå Norsk filminstitutt, Kunsthøgskolen i Oslo ved designavdelinga, Sametinget og Innovasjon Norge.

I 2014 har vi arrangert to samlingar med tilskotsmottakarar innanfor kulturnæringsordninga. Samarbeidet med Innovasjon Norge om kulturnæringar har blitt vidareutvikla i 2014, gjennom at det er etablert ei styringsgruppe på direktørnivå. Konkret samarbeid om aktivitetar har blitt vidareført.

Les meir

[www.kulturradet.no/kulturnaeringer](http://www.kulturradet.no/kulturnaeringer)

AVSETJING

**4,9** mill. kr

TAL PÅ SØKNADER

**85**

TAL PÅ TILDELINGAR

**21**



01



02



03

01 ODD STANDARD lager eksperimentelt servise. Dei holder til i samproduksjonslokalet Erfjordgt. 8 i Stavanger, som blei tildelt 100 000 kr fra Kulturrådets kulturnæringsordning i 2014 til utviklingsprosjekt og samarbeid.

02 PLATTFORMSPILLET TESLAGRAD, utvikla av Rain Games, basert i Bergen. Spelmakarlauget blei tildelt 425 000 kr frå støtteordninga for kulturnæringar til eit nasjonalt kompetansesenter for spelutvikling.

03 NORWEGIAN FASHION HUB – ei næringsklyngje for motedesign i Oslo-regionen, blei tildelt 100 000 kr frå Kulturrådet si støtteordning for kulturnæringar i 2014. Her frå utstillinga "New talents" i samband med den årlege konferansen Needlework & Technology i 2014. Foto: Kristine Helliesen/Norwegian Fashion Hub.



# Kommunikasjon

Kulturrådet skal vere ope, tydeleg og tilgjengeleg i sin kommunikasjon med dei viktigaste målgruppene sine, og ta dei med på råd og involvere dei i utforming av politikk og tenester. Kulturrådet skal sørge for at relevant informasjon når fram til målgruppene og skal aktivt og i tide gjere informasjon om rettar, plikter og moglegeheiter.

Gjennom forskingsbaserte utgreiingar og evalueringar, nyheitsbrev, nettsider, rapportar og seminar bidrar Kulturrådet til kunnskapsgrunnlag og offentleg diskusjon.

## Nettsider

Kulturrådet sine nettsider viser heile den samla verksemda til Kulturrådet, og fungerer i dag som den primære kommunikasjonskanalen for Kulturrådet. Målet med kulturradet.no er å presentere Kulturrådet på ein eintydig, korrekt og lett tilgjengeleg måte, og å gjere det enklast mogleg for søkjarar å finne riktig støtteordning for sitt prosjekt. Nettsidene er søkjaren sitt første møte med det elektroniske søknadssystemet. I 2014 blei så godt som alle støtteordningar i Kulturfondet implementerte i det elektroniske søknadssystemet vårt.

Besøksstatistikk frå Google Analytics viser at nettsidene til Kulturrådet har hatt om lag 557 000 besøk frå nesten 200 000 brukarar i 2014. Dette er ein auke på over 20 prosent frå året før. Gjennomsnittleg dagleg besøk låg på ca. 1525, ein auke på 8,5 prosent frå 2013. Dette viser ei aukande interesse for og bruk av Kulturrådet sine nettsider dei siste åra.

## Sosiale medium

Kulturrådet brukte i 2014 sosiale medium aktivt til å informere og kommunisere med brukarane våre. Kulturrådet nyttar i hovudsak Twitter og Facebook, og publiserer lenker til artiklar, nyheiter, pressemeldingar og arrangement og dessutan annan informasjon som gjeld verksemda. Kulturrådet får stadig fleire førespurnader gjennom sosiale medium. Twitter blei også nytta aktivt som diskusjonsforum under årskonferansen til Kulturrådet og under fleire andre arrangement i løpet av året.

Talet på Twitter-følgjarar auka frå 11 000 i byrjinga av året til 15 000 per 31.12.2014. Kulturrådet si facebookside auka frå 2100 følgjarar i desember 2013 til 3500 på slutten av 2014.

## Publikasjonar

Det blei utgjeve ti publikasjonar frå Kulturrådet i 2014: to evalueringar og to rapportar i skriftserien, statistikkrapportar for arkiv og museum, to rettleiingar i tilknytning til arbeid på arkiv- og museumsfeltet, ein informasjonsbrosjyre om Kunstløftet, i tillegg til ei felles årsmelding for heile verksemda. Publikasjonane er tilgjengelege både i trykt form og som nedlastbare filer frå Kulturrådet sine nettsider.

## Nyheitsbrev

Kulturrådet sende ut 13 elektroniske nyheitsbrev i 2014. Nyheitsbrev presenterer aktuelle saker: artiklar om tiltak som har fått tilskot, nye rapportar, pressemeldingar, seminar og aktuelle nyheitssaker frå Kulturrådet. Talet på abonnentar var om lag 3800. Fleire artiklar frå Kulturrådets nyheitsbrev blei vidareformidla i eksterne medium.

## Mediestatistikk for Kulturrådet

Statistikken frå Retriever viser eit samla treff på 4414 artiklar om Kulturrådet i 2014. Det er ein nedgang på omtrent 450 artiklar, ca. ti prosent, frå 2013. Dette kan truleg forklarast med at det i 2013 var mykje merksemd rundt det nye elektroniske søknadssystemet til Kulturrådet, og den planlagde gjennomgangen av Kulturrådet, som blei annonsert i statsbudsjettet hausten 2013. I tillegg var det 122 artiklar om Fond for lyd og bilete og 1438 artiklar om Statens kunstnarstipend. Alle elektroniske presseklipp blir publiserte dagleg på nettsidene til Kulturrådet.

Les meir på [www.kulturradet.no/presserom](http://www.kulturradet.no/presserom)

## Søknadsforvaltning og elektroniske søknader

Kulturrådet har i 2014 vidareført arbeidet med å innføre elektronisk søknads- og saksbehandlings-system. Kulturrådet har no implementert ei løysing for elektronisk innsending av søknader til Fond for lyd og bilete (FLB), Statens kunstnarstipend (SKS) og dei fleste ordningane innanfor Norsk kulturfond. All saksbehandling av søknadene skjer no elektronisk, både av sakshandsamarar i administrasjonen i Kulturrådet og av utvals- og komité-medlemmene.

I 2014 handsama Kulturrådet til saman 18 926 søknader i det nye elektroniske søknadssystemet. Dette tilsvarar 93 % av alle søknader som kom inn til Norsk kulturråd i 2014.



Implementeringa av det nye datasystemet skjer trinnvis. Først blei søknadsskjema utvikla, så søknadshandsaminga og utbetalingsfunksjonaliteten. Det står framleis att å utvikle løysingar for kontraktssinngåing og rapportering på bruk av tilskot, arbeid som byrja i 2015.

Digitaliseringa har gjeve ei rekkje forvaltningsmessige forbetringar. Meir vektlegging av tverrfagleg likebehandling, samordning av utlysingar og søknadsfristar har ført til betre oversikt og større føreseielegheit.





JAN ERIK VOLD, Skulekonsert 1971.  
Foto: Odd H. Anthonson

## Æresprisen

Kulturrådet har kvart år sidan 1968 delt ut Norsk kulturråds ærespris til ein person som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. I 2014 gjekk prisen til Jan Erik Vold. Prisen er på 600 000 kroner og ei bronseløve av Elena Engelsen. Æresprisen blei delt ut i Gamle Logen i Oslo den 9. desember. Vold fekk prisen for det mangeårige virket som poet, formlar, musikal og samfunnsdebattant.

«Jan Erik Vold har utviklet den moderne lyrikkens posisjon i Norge, og har gjennom sin konkrete, virkelighetsnære poesi befestet seg som en folkekjær poet med et sterkt samfunnsengasjement. Han har gjennom hele sin tid som kunstner hatt en særlig evne til å nå ut til folk i alle aldre og over hele landet, både med sin egen og andres lyrikk, og med sine ytringer», heiter det i Kulturrådet si grunngeving for prisen.

Det var ein tydeleg stolt og rørt Jan Erik Vold som tok imot Norsk kulturråds ærespris framfor over 250 frammøtte venner og beundrarar i Gamle Logen i Oslo.

Rådsleiar Yngve Slettholm heldt tale på vegner av Kulturrådet og framheva Volds innverknad på den moderne lyrikken, men også skøyteinteressa hans. Slettholm hugsar også tilbake til sin eigen ungdom på 60-talet, då han hørde Volds stemme for første gong under Ønskediktet der «det er diktaren sjølv som les».

Les meir  
[www.kulturradet.no/aeresprisen](http://www.kulturradet.no/aeresprisen)

## Årskonferansen

Årskonferansen hadde tittelen *Til hvilken pris? Finansiering av kunst, kunstnere og kultur*, og blei arrangert 22. oktober i Lillestrøm kultursenter. Konferansen samla meir enn 500 deltakarar. I tillegg blei heile konferansen strøymd på Internett. Finansiering av kunst- og kulturlivet har vore aktuelt i 2014 gjennom saker som privat finansiering av kunst og kultur, kultur som næring, innkjøps- og støtteordningar for litteratur, verdiskaping i musikkbransjen, utgreiing av kunstnarøkonomien og gåveforsterkingsordningar for musea.

Kulturminister Thorhild Widvey innleidde konferansen med regjeringa sine ambisjonar for å auke innslaget av private finansieringskjelder i kunst og kultur. Erik Rudeng og Rasmus Wiinstedt Tscherning heldt hovudinnlegg om både historiske og samtidige trendar i finansiering av kultur, i høvesvis Noreg og Norden/Europa. Temaa blei deretter belyste gjennom eit innlegg frå Vigdis Moe Skarstein, korte innlegg frå eit panel av kunstnarar og ein diskusjon i eit panel av kulturaktørar. Konferansen blei avslutta med ein politisk debatt med deltakarar frå regjeringa og opposisjonen, der både overordna og konkrete problemstillingar i kulturpolitikken blei diskuterte.

Les meir  
[www.kulturradet.no/arskonferanser](http://www.kulturradet.no/arskonferanser)



# Arrangement

## JANUAR

### 10.-12. januar

Kulturrådet informerer om utførelse og innførelse av kulturminner på Reiselivsmessa, Oslo.

### 10. januar

Informasjonsmøte om prosjektsamarbeid i heile Europa, Oslo.

### 16. januar

«Hands Up –Be Counted», seminar om korleis mangfaldet i kulturlandskapet blir synleggjort på scenane, Oslo.

## FEBRUAR

### 6. februar

Seminar om opne data i kultursektoren, Oslo.

### 7-8. februar

«#Hack4NO», samarbeidsarrangement med Kultur- og naturreise, Oslo.

### 20. februar

«Lyrikk, Takk!», fagseminar om innkjøpsordningane og samtidslyrikk, Tromsø.

## MARS

### 14. mars

Dialogmøte med tilskotsmottakarar og søkjarar om Post 74, Oslo

### 17.-18. mars

«#arkividag – relevans, medvirkning, dialog», konferanse, Oslo

### 27. mars

Seminar om Kulturrådets prøveprosjekt med E-bøker, Trondheim

## APRIL

### 24. april

Lanseringsseminar for rapporten Musikk i tall 2012, Oslo

### 25. april

Dialogmøte med redaktørar for omsett sakprosa, Oslo

### 29. april

Seminar og lansering av artikkel-samlinga Begreper om barn og kunst, Oslo.

## MAI

### 5.-6. mai

Landskonferansen om foto, «Kræsje! Brytninger i fotoarkivet», Oslo

## JUNI

### 2. juni

Kurs i fotojuss for arkiv, bibliotek og museum (i samarbeid med BONO), Oslo

### 3. juni

Kurs i digitale forteljingar, Åjluokta/Drag i Nordland.

### 5. juni

Kurs i digitale forteljingar, Sørkjosen i Troms

### 11. juni

«Lyrikk, Takk!», fagseminar om samtidslyrikk og kulturfondbøker, Grimstad

### 17. juni

Informasjonsmøte om Kulturrådets tilskotsordningar, Harstad

### 18. juni

Informasjonsmøte om Kulturrådets tilskotsordningar, Tromsø

### 18. juni

Fagdag om tenestebygging på semantiske data, Oslo

### 19. juni

Informasjonsmøte om Kulturrådets tilskotsordningar, Kåfjord

## AUGUST

### 26. august

Kunst, kultur og kvalitet. Innspelsseminar, Voksenåsen, Oslo.

## SEPTEMBER

### 1.-2. september

«Flatbrød og Sirkus», inspirasjonsseminar om kulturarvens moglegheiter i Den kulturelle skulesekken, Oslo.

### 2. september

Kurs i fotojuss for arkiv, bibliotek og museum, Oslo

### 3. september

Informasjonsmøte om Kreativt Europa for festivalarrangørar, Oslo

### 23.-24. september

Workshop om innhald langs Gudbrandsdalsleden, Lillehammer.

## OKTOBER

### 14. oktober

Fagdag om mobil formidling av kultur og naturdata i Noreg, Oslo.

### 15.-16. oktober

Privatarkivkonferanse 2014, Gardermoen.

### 16. oktober

Fagdag om samarbeidsmoglegheiter mellom kultursektoren og fengselsinstitusjonar, Oslo

### 20.-24. oktober

«Det relevante museet», kompetanseseminar for museumssektoren, Trondheim.

### 22. oktober

Årskonferansen, Lillestrøm.

### 23.-24. oktober

«Å sikte mot stjernene», konferanse om opne data i eit nordisk perspektiv, Gardermoen

## NOVEMBER

### 1. november

«Det unge Norden», seminar om barn og unge i nordisk kultursamarbeid, Oslo

### 4. november

Kurs om EU-prosjekt for medlemmer i Osloregionens Europakontor, Oslo.

### 5. november

«Lyrikk, Takk!», fagseminar om samtidslyrikk og kulturfondbøker, Larvik.

### 6.-7. november

Fagdag om arkiv i museum, Oslo.

### 12. november

Informasjonsmøte om museas rapportering og statistikkarbeid, Oslo.

### 13. november

Møte for nettverksansvarlege museum, Oslo.

### 18. november

Dialogmøte med festivalar i Troms og Finnmark, Alta.

### 19. november

Konferanse om arbeid med immateriell kulturarv i Noreg, Oslo.

### 19. november

Ope møte om litteraturfestivalar, Oslo.

### 20. november

Fagdag om kultur og helse, Oslo.

## DESEMBER

### 1.-2. desember

Fagdag om Generic Learning Outcomes (GLO) – evaluering av læring, Oslo.

### 1. desember

Samling for mottakarar av kulturnæringstilskot, Oslo.

### 2. desember

Lansering av Norges dokumentarv, Oslo.

### 4. desember

Dialogmøte med festivalar i Hordaland, Bergen.



# Leinga

Kulturrådet har i dag ein fagadministrasjon på 130 tilsette. Fagadministrasjonen har i perioden 2014-2018 følgende strategiske hovedmål:

- Ein god og effektiv forvaltning for norsk kunst- og kulturliv
- Stimulere og legge til rette for utvikling i kunst- og kulturfeltet

- Eit styrka kunnskapsgrunnlag
- Ein god og utviklende arbeidsplass i ein moderne og velfungerande organisasjon

[www.kulturradet.no/documents/10157/23208c22-52a9-4f18-a56d-5baca8eb810b](http://www.kulturradet.no/documents/10157/23208c22-52a9-4f18-a56d-5baca8eb810b)



ANNE AASHEIM er direktør i Kulturrådet.



SØNNEVE ØLNES leiar avdeling for forvaltning og administrasjon. Avdelinga har fem seksjonar.




REIDAR GJERSVIK leiar laboratorium og har to seksjonar.



VIBEKE MOHR er direktør for Kunst- og kulturavdelinga. Denne avdelinga består av sju seksjonar.



JANNE STANG DAHL er direktør for Kommunikasjonsavdelinga.



# Tilsette

Per 31.12.2013

## DIREKTØR M/STAB

Anne Aasheim (direktør)  
Anita Eik  
Guri Skjeldal (permisjon)

## KOMMUNIKASJON

Janne Stang Dahl (avdelingsdirektør)  
Unn Børge  
Mari Johansen  
Harald Skeie  
Anita Solberg  
Siri Charlotte Brockmeier  
Elin Reed Thomsen (permisjon)

## AVDELING LABORATORIUM

Reidar Gjersvik (avdelingsdirektør)

## Seksjon FOU

Ellen Aslaksen (seksjonsleiar)  
Marianne Berger Marjanovic  
Randi Ertesvåg  
Sjur H. Færøvig  
Øyvind Prytz  
Alfred Fidjestøl

## Prosjekt Kultur- og naturreiser

Sidsel Hindal  
Marit Kjeksrud Amundsen  
Håvard Johansen  
Siri Slettvåg (permisjon)

## Den kulturelle skulesekken

Vera Micaelsen (faglig leiar)  
Øyvor Sekkelsten  
Hedvig Hjetland Lykke

## AVDELING KUNST OG KULTUR

Vibeke Antoinette Mohr (avdelingsdirektør)  
Sissel Eun Kyung Aune

## Seksjon litteratur og allmenne kulturformål

Arne Vestbø (seksjonsleiar)  
Line Fallan Sørensen  
Hilde Stenseng  
Rolf Engelsen

Hege Langballe Andersen  
Hilde Fossanger  
Tora Ferner Lange  
Wenche Fosslien  
Cathrine Nørregaard Høgset (permisjon)

## Seksjon scenekunst

Yrjan Svarva (seksjonsleiar)  
Mette Rønning  
Marthe Cathrine Stokvik  
Melanie Fieldseth (åremål)  
Gunnar Mangset

## Seksjon visuell kunst

Birgit Bærøe (seksjonsleiar)  
Karl Gunnar Øen  
Inger Eri  
Ruth Hege Halstensen  
Velaug Bollingmo  
Kari Brandtzæg  
Tom Klev

## Seksjon musikk

Erling Haraldset (seksjonsleiar)  
Preben von der Lippe (fagsvarleg)  
Hilde Sørnæs  
Vidar Bråthen  
Per Einar Brænden  
Sunniva Engeland (permisjon)  
Rannveig Sjøvaag Hervik  
Helle Karoline Korsbøen  
Henning Mongstad  
Kristin Bolstad  
Hanne Rekdal  
Jakob B Jones  
Axel Bastviken Kielland

## Seksjon for internasjonalt arbeid

Brit Holtebekk (seksjonsleiar)  
Anna Benedicte Stigen  
Therese Evensen  
Håkon Halgrimsen  
Karen Vården

## Seksjon for museumsutvikling

Espen Lauritz Hernes (seksjonsleiar)  
Bjørn Olav Tveit  
Hilde Holmesland  
Bård Bie-Larsen

Tora Synnøve Yli Myre  
Marie Skoie  
Ingrid Louise Flatval  
Hans Philip Einarsen  
Camilla Ruud  
Unni Fortun (permisjon)

## Seksjon for kulturvern, inkludering og digital utvikling

Ranveig Låg Gausdal (seksjonsleiar)  
Bjørn Bering  
Eli Solberg  
Kristin Bolgård  
Hildegunn Bjørgen  
Åshild Andrea Brekke  
Stig Kalvatn  
Per Olav Torgnesskar  
Atle Faye  
Lars Rogstad  
Sarah McSeveny-Åril

## Sekretariatet

Mariann Komissar (seksjonsleiar)  
Brigitte Solbu  
Ingeborg Kværne  
Richard Alexander Smith  
Ole K Richenberg  
Jone Erøy  
Nina Refsnes  
Marit Lehmann  
Eivind Slotsvik

## AVDELING FOR FORVALTNING OG ADMINISTRASJON

Sønneve Ølnes (avdelingsdirektør)  
Veslemøy Andresen Røer

## Seksjon arkiv

Maja Braaten (seksjonsleiar)  
Kjersti Aas  
Wenche Kristin Gressum  
Inga Therese Becker (permisjon)  
Anne Ogundipe  
Waqar Khokhar  
Halvor Høgh Winsnes  
Tommy Bakke  
Guri Thorsen

## Seksjon søknadsforvaltning

Guri Langmyr Iochev (seksjonsleiar)  
Kirsten Verling  
Guro Larsen  
Maja Satara  
Trond Bjørknes  
Marte Blomstrøm Heggli  
Hans Henrik Olsen  
Hege Kolbjørnsen

## Seksjon økonomi

Christina Smith-Erichsen (seksjonsleiar)  
Wenche Halstvedt  
Terje Halvorsen  
Esmail Azadfar  
Bjørn Vidar Vaaler  
Mona Margot Stensrud  
Jan Erik Sæther Ask  
Grethe Gjerdingen Myrdahl  
Jolanta Szumska  
Anisa Fatma Ali  
Astri Ann Thileepan

## Seksjon personal

Hege Marie Hauge (seksjonsleiar)  
Marianne Haugan  
Borghild Sannæss  
Torill Sørum  
Elif Arslan

## Seksjon IT

Julie A. M. Barkenæs (seksjonsleiar)  
Ole Johnny Skoglund  
Thor Arne Landsverk  
Sundaralingam Satheeskumar  
Jens Vindvad  
Nirmalan Selvarajah  
Kannan Nagendram  
Aurang Zeb



## Administrasjonsutgifter

Norsk kulturråds samla driftsutgifter utgjorde 150,9 mill. kroner i 2014. Av disse er 57,5 prosent gått til løn, honorar og sosiale utgifter. Utgifter til lokale har utgjort 7,2 % av driftsutgiftene. I tillegg er det gått med 18,4 % til interne prosjekt knytte til elektronisk søknadsportal, nye nettsider og øymerkte midlar til statistikk over norsk musikkexport. Andre driftsutgifter (utgifter til reiser, møte, konferansar, kompetanseutvikling, mindre anskaffingar, inventar, telefon, porto, kommunikasjon,

kjøp av it-utstyr o.l.) har utgjort 13,7 % av driftsutgiftene. 4,8 mill. kroner (3,2 %) til utstillingsstipend er utgiftsført som ein del av driftsutgiftene i 2014.

Fagadministrasjonen har vidare forvalta 29,3 mill. kroner i tilskotsmidlar til prosjekt- og utviklingstiltak på museums- og arkivfeltet, og dessutan tilskot til kultur- og næringsprosjekt på 4,9 mill. kroner

### Budsjett til drift, prosjekt og utviklingstiltak

|   |                       |
|---|-----------------------|
| Prosjekttiltak museums- og arkivfeltet                          | 29,3 mill. kr         |
| Prosjekttiltak kultur- og næring                                | 4,9 mill. kr          |
| Lønn og personalutgifter inkl. prosjektstillingar               | 75,9 mill. kr         |
| Honorar, av dette godtgjersle for styre, råd og utvalsmedlemmer | 10,9 mill. kr         |
| Vederlagsordningar, utstillingsstipend                          | 4,8 mill. kr          |
| Husleige og drift av lokale                                     | 10,9 mill. kr         |
| Elektronisk søknadsportal                                       | 24,6 mill. kr         |
| Nye nettsider   | 1,9 mill. kr          |
| Statistikk norsk musikkexport                                   | 1,3 mill. kr          |
| Andre driftsutgifter  | 20,6 mill. kr         |
| <b>Sum</b>  | <b>185,1 mill. kr</b> |

Fagadministrasjonen utfører sekretariatsfunksjonar for Norsk kulturråd (det kollegiale organet), styret for Fond for lyd og bilete og utvalet for Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Sekretariatsoppgåvene blir dekte over driftsbudsjettet. Det blir ført fire rekneskapar for verksemda i Norsk kulturråd: Norsk kulturråd (driftsutgifter/fagadministrasjon), Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilete og Statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Årsrekneskapane finst i årsrapportane til Kulturdepartementet.



01 UTSMYKKING I MØTEROMSAVDELINGEN TIL KULTURRÅDET. Sara Christensen, Toget er gået, flyet er fløjet, bussen er kørt og skibet har lagt fra kaj, 2014, © Sara Christensen / BONO 2015. Fotograf: Werner Zellien / KORO.



02 TOGET ER GÅET, FLYET ER FLØJET, BUSSEN ER KØRT OG SKIBET HAR LAGT FRA KAJ av © Sara Christensen / BONO 2015. Sydd sammen lommestørklær og malte bokstaver med akryl. Film av Koro.







Kulturrådet  
Mølleparken 2  
Postboks 8052 Dep  
N-0031 Oslo

Tlf: +47 21 04 58 00

[post@kulturradet.no](mailto:post@kulturradet.no)  
[www.kulturradet.no](http://www.kulturradet.no)

To Everything